



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE



Sjøfuglane i Sogn og Fjordane

Ti års bestandstellingar

2004-2013






FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 65 50 00 – Telefaks 57 65 50 05
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 72 32 00 – Telefaks 57 82 12 05
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: post@fmsf.no

Internett: <http://www.fmsf.no>
<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Framsida: Telling av skarvereir på Begla, Utvær. Lunde, gråmåse og toppskarv. Foto Tore Larsen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 6-2013	
Forfattar Tore Larsen		Dato Januar 2014	
Prosjektansvarleg Tore Larsen		Sidetal 142	
Tittel Sjøfuglane i Sogn og Fjordane. Ti års bestandstellingar 2004-2013		ISBN 978-82-92777-41-1 ISSN 0803-1886	
Geografisk område Sogn og Fjordane, kystkommunane		Fagområde Naturvern, økologi, zoologi, sjøfugl	
Finansiering Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Statens Naturoppsyn			
Samandrag I åra like etter århundreskiftet braut viktige fiskebestandar saman i Nordsjøen, truleg som ein kombinasjon av overfiske og temperaturauke. Dette fekk umiddelbare negative verknader på sjøfuglbestandane rundt heile Nordsjøen. Eit overvakingsprogram for sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane blei sett i verk i 2004 av Fylkesmannen og Statens naturoppsyn, med årlege tellingar av hekkande sjøfuglar. Etter ti år med tellingar ser det ut til at hekkebestandane av sjøfugl i Sogn og Fjordane har etablert seg på eit relativt stabilt nivå, som er 75% lågare enn hekkebestandane før samanbrotet. Dei andre Vestlandsfylka har vore gjennom ei liknande utvikling, og den einaste moglege forklaringa på ein så geografisk omfattande nedgang er næringsmangel. Den direkte årsaka er nok at innsiget av yngel og småfisk med kyststraumen har blitt mindre. Sjøfuglar er langleva artar, og det samla individtalet ved hekkeplassane har inntil nyleg vore relativt stabilt. Dette kan vere forklaringa på den sterke tilbakegangen også for ikkje-fiskespisande artar i fylket. Hekkebestanden av ærfugl er no 90% lågare enn før århundreskiftet, og på grunn av matmangel for måsar og andre er predasjonen på ærfuglungar så stor at den lokale rekrutteringa truleg er nær null. Ærfuglane dør etter kvart av alderdom utan å ha fått etterkomarar på vengene, og det same er nok i ferd med å skje med eit stort tal andre sjøfuglar av alle artar, fram til totalbestandane og hekkebestandane har blitt meir samstemte. Ser vi nærare på dei enkelte artane, finn vi følgjande utvikling: For 15 sjøfuglartar er hekkebestanden i 2013 betre enn "normalåret" 1995 for ein art (teist, som hadde ein dårleg sesong allereie i 95), mens to artar har gått tilbake mellom 25 og 50% (fiskemåse, svartbak), ni artar har gått tilbake mellom 50 og 90% (toppskarv, tjuvjo, ærfugl, gråmåse, sildemåse, raudnebbterne, makrellterne, lomvi, lunde), og tre har gått tilbake med meir enn 90% i same periode (havhest, krykkje og alke). Teljingane omfattar også to artar som normalt ikkje reknast blant sjøfuglane; grågås (tilbake mellom 25 og 50%) og tjeld (tilbake mindre enn 25%). Offisielle tal om sjøfuglbestandane i Noreg har enno ikkje tatt opp i seg endringane på Vestlandet, og opererer med ein samla hekkebestand på over 130 000 par på Nordsjøkysten (Stad-Lindesnes). Dette er truleg rundt 100 000 par for mange.			
Emneord 1. Sjøfuglar 2. Naturvern 3. Sjøfuglreservat 4. Sogn og Fjordane 5. Fiskeri		Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	

Alle bilete i rapporten er tatt av Tore Larsen, om ikkje anna er oppgitt

Innhald

Innleiing.....	5
Samandrag.....	6
Kva lever sjøfuglane av?.....	8
Tellemetodikk.....	10
Telleresultat frå verneområda.....	15
Observasjonar av sjøpattedyr.....	106
Artsgjennomgang.....	107
Havhest.....	108
Toppskarv.....	109
Grågås.....	112
Ærfugl.....	114
Tjeld.....	116
Tjuvjo.....	117
Svartbak.....	118
Gråmåse.....	119
Sildemåse.....	122
Fiskemåse.....	123
Krykkje.....	124
Raudnebbterne og makrellterne.....	125
Alke.....	128
Lomvi.....	129
Lunde.....	130
Teist.....	131
Ti år med sjøfugltellingar – kva seier tala oss?.....	134
Litteratur.....	141



Innleiing

I februar 2003 blei det samla inn 228 ihelsvoltne sjøfuglar, hovudsakeleg alkefuglar, på strendene i Rogaland. Episoden fekk i første omgang mest merksemd på grunn av arbeidet med å finne ut av opphavet til fuglane, som viste seg å truleg stamme frå koloniar på kysten av Skottland (Aarvak & Anker-Nilssen 2005). At sjøfuglar svelt i hel vinterstid hadde ein elles mange tidlegare døme på. Litt seinare på våren same år fekk så Fylkesmannen i Sogn og Fjordane inn meldingar om at det var svært få krykkjer på plass i kolonien på Einevarden i Vågsøy. Episodane førte til mistanke om næringsmangel over større område, noko som blei stadfesta da britiske forskarar seinare same år meldte at krykkjer og alkefuglar også på den andre sida av Nordsjøen hadde gitt opp hekkinga og forlate reirplassane.

Fokus hamna raskt på dei historisk låge bestandane av tobis, som utgjer ein viktig del av næringa til mange britiske sjøfuglar. Tobisen kunne til tider utgjere mellom ein tredel og halvparten av all fisk i Nordsjøen, men hadde vore alvorleg nedfiska gjennom mange år. Også andre fiskebestandar skrant, og det var mindre ungtorsk å finne enn det hadde vore på 20 år. Overfiske blei naturleg nok trekt fram som ei viktig forklaring, særleg tobisfisket som i lang tid hadde skjedd meir eller mindre utan reguleringar, og det på ein art som står heilt sentralt i økosystemet. Kanskje enda meir alarmerande for økosystemet var likevel meldingane om temperaturauke i Nordsjøen, som forskarar kopla til forsvinninga av viktige artar av dyreplankton.

2004 blei ikkje betre. Britiske media kunne i juni melde at *"Seabird colonies off the Yorkshire coast and the Shetland Islands are headed for their worst breeding season on record. So far a number of colonies have failed to produce any young at all"* (The Guardian, 20.6.04). På dette tidspunktet var Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Statens Naturoppsyn (SNO) i gang med å telle opp hekkande fuglar i sjøfuglreservata i fylket.



SNO hadde etablert eit kystkontor i Florø i 2002, som no var fullt operativt og i stand til å dekke sjøområda i fylket med eigen båt. Det var fire år sidan reservata sist hadde blitt undersøkt, og endringane viste seg å vere svært store. På Nord-Hovden i Flora kommune, der det i 2000 hadde hekka 1500 par gråmåsar, låg grasbakkene tome. I heile fylket blei det ikkje registrert meir enn ein handfull utklekte måseungar den sommaren.

Det blei fort klart at situasjonen for sjøfuglane i Sogn og Fjordane hadde nådd eit historisk lågmål utan sidestykke i det materialet som låg føre i form av tidlegare tellingar. Fylket mangla eit eige ornitologisk miljø, men det var gjort enkelte undersøkingar på 70-talet, t.d. Brun (1973), Johansen og Ervik (1977), og Godø (1978 og 1979). Sistnemnte innleidde i desse åra arbeidet som saman med registreringar i 1982, 83 og 84 skulle føre fram til verneplanen for sjøfugl i Sogn og Fjordane. Vernevedtaket kom i 1993, og Godø følgde dette opp med bestandstellingar i sjøfuglreservata i 1994, 1995 og 2000. Det låg såleis føre eit relativt stort materiale å vurdere bestandsutviklinga mot da samanbrotet i hekkebestandane blei kjent i 2003/04.

Fylkesmannen prøvde ut ulike typar "tellemannskap" i 2004 (Larsen 2005), og desse omfatta både kystvakt, konsulentfirma og ornitologar i ulike kombinasjonar. Fuglefolk frå Sunnmøre hadde allereie året før blitt kontakta for å sjekke tilstanden nord i fylket, men hadde ikkje kome på sjøen før i juli. Mangelen på eit lokalt ornitologisk miljø som kunne dra ut i båt på kort varsel når tilhøva ein sjeldan gang var gode nok i den beste tida for hekkefugltelling, førte til at Fylkesmannen og SNO raskt fann ut at det mest effektive ville vere å ta hand om tellingane på eiga hand. I Sogn og Fjordane omfattar verneplanen for sjøfugl så godt som alle dei viktigaste hekkeplassane i fylket, og som ein ekstra bonus får forvaltinga på denne måten førstehands innsyn i tilstanden i verneområda. SNO-båten har blitt brukt i heile den siste tiårsperioden, med det same tellemannskapet for å få mest mogleg standardiserte og samanliknbare sata.

Denne rapporten er ei oppsummering av resultata frå dei ti feltsesongane som no ligg bak oss.

Tore Gundersen ved roret i SNO-båten "Albatross" under vanskelege tilhøve vest av Utvær fyr i 2007.

Samandrag

Sjøgugltellingane i Sogn og Fjordane gjennom dei siste ti åra viser at hekkebestandane har etablert seg tilsynelatande permanent på eit historisk lågt nivå. Ingen av artane er enno i nærleiken av å kome tilbake på same nivå som før samanbrotet ved århundreskiftet. Nokre sjøguglar hadde da rett nok allereie vore på retur ei tid, men for dei fleste kom kollapsen truleg ein gang mellom 2001 og 2003. På same tid kom samanbrotet i bestandane av fleire fiskeslag i Nordsjøen, både nøkkelartar i økosystemet som dei tungt overbeskatta "industrifiskane", og artar som beitar på desse og som i sine yngste årsklassar er mat for sjøguglane.

Samanlikna med data frå den siste fylkesdekkande sjøgugltellinga før vår eigen telleperiode ("fasit" for tilstanden i fylket på den tida sjøguglreservata i Sogn og Fjordane blei oppretta), er den samla hekkebestanden i sjøguglreservata i Sogn og Fjordane **reduisert frå om lag 25 000 par i 1995 til 7500 par i 2013**; ein tilbakegang på 70%. Dette talet reknar berre med artar som hentar næringa si frå dei opne vassmassane, dvs. fisk og

pelagiske krepsdyr, slik at tjeld og ærfugl ikkje er rekna inn. Situasjonen for dei mange artane av sjøguglar druknar meir eller mindre i tala for lundefugl, som med to koloniar i nord er den suverent mest talrike arten i fylket. Ser vi bort frå lundefuglen for at dei andre sjøguglartane skal kome betre fram, er samla hekkebestand i fylket redusert frå om lag 13 000 par i 1995 til 3100 i 2013; ein tilbakegang på meir enn 75%.

Ser vi nærare på dei enkelte artane, finn vi følgjande utvikling: For 15 sjøguglartar er hekkebestanden i 2013 betre enn "normalåret" 1995 for ein art (teist, som hadde ein dårleg sesong allereie i 95), mens to artar har gått tilbake mellom 25 og 50% (fiskemåse, svartbak), ni artar har gått tilbake mellom 50 og 90% (toppskarv, tjuvjo, ærfugl, gråmåse, sildemåse, raudnebbterne, makrellterne, lomvi, lunde), og tre har gått tilbake med meir enn 90% i same periode (havhest, krykkje og alke). Teljingane omfattar også to artar som normalt ikkje reknast blant sjøguglane; grågås (tilbake mellom 25 og 50%) og tjeld (tilbake mindre enn 25%).



Havhest har dei siste fire åra berre hekka med eitt enkelt par no og då. Arten har alltid vore fåtallig i Sogn og Fjordane, og det ser i tillegg dårleg ut for rekrutteringa frå Runde. Totalbestand i sjøguglreservata i 2013 er **1 par** (1995: 51 par, 2005: 15 par)



Hekkebestanden av **toppskarv** er svak, og er redusert med nesten ein tredel dei siste fem åra, så utviklinga gir grunn til uro. Til forskjell frå dei fleste andre sjøguglartane er det truleg først og fremst lokale faktorar som har ført til den generelle tilbakegangen i fylket sidan 90-talet. Arten er følsam for taretråling og ilandstiging ved hekkeplassane. Hekkebestanden har minka 40% sidan 2005, og utgjer no ein firedel av bestanden i 1995. Totalbestand i sjøguglreservata i 2013 er **242 par** (1995: 951 par, 2005: 410 par).



Grågås er vanskeleg å telje, og følgeleg varierer talet på registrerte individ ein del frå år til år. Det er likevel dei store myteflokkane som dominerer, og par med ungar ser vi lite av. Total hekkebestand i sjøguglreservata i 2013 er rundt **65 par**. Dette er rundt normalen, meir urovekkande er at individtalet i 2013 er det lågaste som er registrert etter århundreskiftet, med berre 445 individ (406 individ i 1995, 1434 i 2005).



Ærfuglen produserer svært få ungar for tida, og hekkebestanden er ekstremt liten. Dersom Godø (2000) sitt overslag på 10 000 hekkande par i heile fylket (ikkje berre sjøguglreservata) er rett, er hekkebestanden redusert med minst 95%! I 2013 hekka det truleg rundt **80 par** i sjøguglreservata (1995: 700 par). Det samla individtalet i verneområda har minka nesten like mye som hekkebestanden. I 2013 blei 664 individ sett (2832 individ i 1995, 2776 i 2005).



Tjuvjo blei for første gang ikkje registrert under sjøguglteljingane i Sogn og Fjordane i 2007, og vi proklamerte at arten måtte reknast som forsvunne som hekefugl i fylket. Etter dette har det trassig halde seg eit par eller to i sjøguglreservata i Askvoll, så vi kan nok ikkje avskrive arten heilt. Men det er langt fram til tilhøva på 80-talet med tjue gonger så mange individ, og ein hekkebestand kan vi knapt seie at vi har. Totalbestand i sjøguglreservata i år er **2 par** (1995: 4 par, 2005: 2 par)



Svartbaken er blant dei artane som har klart seg best gjennom det vanskelege tiåret etter næringskollapsen i Nordsjøen, og hekkebestanden er no halvparten av det den var i 1995. Totalbestand i sjøguglreservata i 2013 er rundt **770 par** (1995: 1517 par, 2005: 304 par)



Gråmåsen reagerte meir negativt på næringsmangelen i 2004 enn dei andre måseartane. Auken i hekkebestanden dei siste ti åra har gått i rykk og napp, og den er framleis mindre enn ein sjettedel av det den var i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **980 par** (1995: 5989 par, 2005: 320 par)




Sildemåsen er konsentrert til 15 koloniar i sjøfuglreservata, og hekkebestanden har auka litt i rykk og napp, med ein topp etter århundreskiftet i 2007 som arten no er i ferd med å nærme seg igjen. Hekkebestanden i 2013 begynner elles å nærme seg halvparten av det den var i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **276 par** (1995: 620 par, 2005: 91 par)



Fiskemåsen har ein stabil, men liten hekkebestand. Tilbakegangen starta tidlegare enn for dei fleste andre artar, og hekkebestanden på kysten var lenge mindre enn innover i landet. Dette har no snudd tvert om, og hekkebestanden på kysten er aukande. Den er over 60% av hekkebestanden i 1995, men det er langt igjen til bestanden i 1984. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er **346 par** (1995: 557 par, 2005: 61 par)




Krykkja skil seg frå dei andre sjøfuglane i fylket ved at ein vesentleg del av hekkebestanden *ikkje* er å finne i sjøfuglreservata. Arten hekkar nemleg berre i større tal tre stader i fylket, og to av dei er utanfor verna område. Den eine av desse er ein relativt ny koloni som frå 2011 til 2013 blei redusert frå 460 til 105 par, så krykkja er framleis i ein ustabil nedgangsfase i Sogn og Fjordane. Hekkebestanden i fylket under eitt kan vere rundt 370 par, men om vi berre reknar med sjøfuglreservata er bestanden i 2013 nøyaktig ein tidel av bestanden i 1995, med **215 par** (1995: 2145 par, 2005: 165 par)



Ternene (raudnebbterne og makrellterne) var i nokre år heilt borte frå kysten av Sogn og Fjordane, etter ein rask nedgang som begynte tidleg på 90-talet. I 2007 blei ternar for første gang i dette hundreåret funne hekkande ved den ytre kyststripa, men etter dette har hekkebestandane igjen gått ned, og er små og flyktige. Hekkebestanden i år er den høgaste etter 2007, men berre 17 % av hekkebestanden i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **120 par** (1995: 710 par, 2005: 0 par)



Alke har ein liten hekkebestand, og utviklinga gjennom dei siste ti-femten åra er usikker. Tellemetodikken vår er dårleg tilpassa alkefuglane, men resultatene har likevel vore relativt stabile frå år til år – med unntak for dei siste to åra: Berre rundt 20 individ blei sett i 2013, og hekkebestanden er kanskje berre på rundt ein tidel av det den var to år tidlegare. Totalbestand i sjøfuglreservata i år kan vurderast til rundt **15 par** (1995: 205 par, 2005: 225 par)



Lomvien har truleg gått tilbake dei siste åra, men tala er usikre av same grunn som for alke. Dårleg teljemetodikk kombinert med liten bestand kan gi store tilfeldige svingingar frå år til år, og tilsynelatande dobling/halvering av talet på registrerte individ har tidlegare skjedd frå eitt år til det neste. Ein nyetablert koloni på Buholmen (ikkje verna) med rundt 30 par i 2011 var borte i 2013. Hekkebestanden er no truleg berre ein femdel av det den var i 1995, og kan vurderast til rundt **55 par** (1995: 280 par, 2005: 160 par).



Lundefuglen er truleg stabil, i alle fall tyder data frå tellefeltene på Veststeinen på det. Der har estimatet for hekkebestanden variert rundt 2500-3000 par i seks sesongar, og bestanden på Einevarden er truleg av nesten same storleik. Lundebestanden i fylket ligg i så fall på rundt **4500 par**, som er godt under halvparten av den vurderinga som blei gjort i 1995 (1995: 13 000 par, 2005: 4600 par).



Hekkebestanden av **teist** braut saman på slutten av 80-talet, og har vore liten sidan. Den har likevel halde seg relativt stabil. Å bruke 1995 som "normalår" passar ikkje heilt for teisten, som da for lengst var på retur. Bestandstala er usikre og har variert ein del opp og ned, men dei har vore forsiktig aukande dei siste fire åra. Til skilnad frå dei andre alkefuglane fiskar teisten i tareskog, og er dermed følsam for taretråling. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **102 par**. (1995: 71 par, 2005: 114 par)

Kva lever sjøfuglane av?



Sjøfugl er eit omgrep som blir brukt på tvers av fuglesystematikken, og omfattar fuglar frå fleire ulike slekter, familiar og ordenar; men dei er på mange måtar lik kvarandre i næringsval, åtferd og leveområde. Det finst ingen klar definisjon av kva ein sjøfugl er, og det varierer da også litt kva artar som blir inkludert i omgrepet. Lomane hekkar t.d. som regel i ferskvatn, men om vinteren er dei å finne på havet og har da eit levevis som ligg nær opp til skarvane. Systematisk tilhøyrer sjøfuglane våre gruppene lomar, dykkarar, stormfuglar, suler, skarvar, andefuglar, vadarar, måsar, ternar og alkefuglar, men forvaltingsmessig (t.d. i samband med oljevernberedskap) har det vore vanleg å operere med inndeling etter korleis fuglane finn maten sin:

- **Pelagisk overflatebeitende artar:** havhest, krykkje
- **Pelagisk dykkande artar:** alke, lomvi, lunde
- **Kystbundne overflatebeitende artar:** fiskemåse, gråmåse, sildemåse, svartbak, hettemåse, tjuvjo
- **Kystbundne dykkande og fiskespisande artar:** toppskarv, siland, ternar, teist
- **Kystbundne bentisk beitende artar:** ærfugl
- **Kystbundne planteetende artar:** grågås, kanadagås, gravand

I denne oversikta er berre tatt med artar som er funne hekkande på kysten av Sogn og Fjordane.

Toppskarven er ein spesialisert fiskespisar som fangar byttet ved forfølging under vann. Den er ein effektiv symjar og kan unntaksvis dykke ned mot 60 meters djup. Undersøking av innhaldet i gulpebollar frå reir tyder på at toppskarven her i fylket i stor grad et leppefisk og små torskefisk (særleg småsei) som den finn i stortareskog.

Ærfuglen finn vanlegvis næringa si på djup inntil 10 meter, og den består av ulike virvellause dyr på sjøbotnen, som muslingar, krepsdyr og pigghudar. Blåskjel er ettertrakta næring.

Krykkja skal visstnok i stor grad basere kosten på krepsdyr som krill, i tillegg til fisk som tobis og småsild.

Fiskemåse har i utgangspunktet eit variert kosthald som den kan finne både i vatn og på land. Fiskemåsar som hekkar i eller nær busetnad et gjerne matavfall, men dette har blitt sterkt overfokustert og er truleg lite relevant for fiskemåsar på hekkeplassane langs kysten. Viktigast i hekketida er truleg småfisk og krepsdyr frå tangbeltet og fjøra, og fisk som kan fangast frå stimar i vassflata. Truleg liknar matvalet ein del på ternene sitt, men fiskemåsen leitar meir blant tangen i vasskanten.

Gråmåsen har som andre måsar ord på seg for å vere altetar med mye menneskeleg matavfall på menyen, men i hekketida er slik kost truleg lite viktig. Den spelte nok ei større rolle før, da store hekkeplassar ofte var å finne ikkje langt frå fiskeindustri som slapp avfall rett på sjøen. Ungane blir i stor grad fora opp med fisk, truleg småsild og tobis. Under reirsjekk finn vi sjeldan eller aldri restar ved hekkeplassane som tyder på anna næring enn fisk – men under dei verste åra med næringsmangel midt på 2000-talet prøvde gråmåsane i Sogn og Fjordane å føre ungane med nålefisk og krill. Denne kosten passa ikkje for nyklekte ungar, som svelt i hel mellom haugar av krill eller blei kvelte under forsøk på å svelge nålefisk.

Sildemåse har eit næringsval som i hekketida truleg liknar gråmåsen sitt.

Svarbak er meir av ein rovfugl enn dei andre stormåsane, og den et truleg alt som rører seg og meir til, både av lett tilgjengeleg fisk på grunt vatn, fugleungar, fuglar av storleik i alle fall opp til lunde, og ulike typar åtsel og matavfall. Det er likevel uklårt kva næring den helst fórer opp ungane med.

Ternene fiskar på grunt vatn der dei fangar småfisk som tangkutling, eller på litt djupare vatn der sildeyngel, tobis og eigentleg alt av tilgjengeleg 5-15 cm lang småfisk i dei øvre vannlaga blir fanga med stupdykking som kan få ternene ein halv meter under overflata.

Lunden si næring består nesten utelukkande av fisk, sjølv om den i kystnære område ein sjeldan gang kan ete virvellause dyr. Den sym raskt, kan vere under

vatnet i opptil eit minutt, og kan dykke ned mot 30 meter (meir enn 60 meter er registrert). Lunden et småfisk på 7-8 cm lengde, ofte sild, brisling og tobis. Den er mellom sjøfuglane som flyg lengst for å finne mat, avstandar på over 100 km er ikkje uvanleg. Truleg beitar lunde frå dei relativt små koloniane i Sogn og Fjordane langt nærare hekkeplassen.

Teisten finn i hovudsak næringa si på grunt vatn i tareskogen og tangbeltet, og fiskar gjerne like ved hekkeplassen (men kan om nødvendig fiske opptil nokre km unna). Den kan også fiske på større djup, men sjeldan meir enn 5–20 m. Tangsprell, ulker, tangbrosme og små torskefisk er vanleg næring, men også småsild og sil. Elles tar teisten ein god del små krepssdyr, blautdyr og børstemark.

Kystnære gyteområde for fisk i Sogn og Fjordane er dårleg kartlagde. Slike er i hovudsak identifiserte ut frå innrapportert fangst av egg tung fisk og rogn i sjøen, og kvantitative data finst ikkje. Men uansett er det ikkje sjølvne plasseringa av gyteområda som er vesentleg for hekkande sjøfuglar (da dei verken lever av gytande fisk, egg eller nyklekte fiskelarvar) men i kva grad småfisk på drift frå gyteområda er tilgjengelege frå hekkeplassane. Kyststraumen som går nordover langs kysten er dermed svært viktig. To fiskeartar som peiker seg ut her, er sild og sei som har gyteområde lenger sør og vest i Nordsjøen. Etter klekking driv yngel og småfisk med kyststraumen i store mengder, og har truleg alltid vore viktige for sjøfuglbestandane på Vestlandet.

Dette biletet av krill gulpa opp av vaksne gråmåsar i ein koloni ved Gåsvær i Solund blei tatt 16. juni 2009. Krillen såg ikkje ut til å eigne seg som mat for nyklekte gråmåseungar, for dei låg avkrefta og daude rundt om. Annan mat var truleg ikkje å finne.



Tellemetodikk

Målet med sjøfugtellingane i Sogn og Fjordane er å få data om hekkebestandane i sjøfuglreservata. Reservata omfattar for mange artar alle, eller dei fleste, viktige hekkeområde i fylket. **Hekkebestand** er her definert som den delen av bestanden som etablerer seg med reir og/eller egg. Tellingane har i utgangspunktet blitt gjort frå båt. Ilandstiging og reirtelling er tidkrevjande arbeid, og for å få talt opp reservata på nokolunde

same stadium i hekketida er det nødvendig å avgrense tidsbruken. Ilandstiging blir derfor først og fremst gjort når telling frå båt erfaringsmessig ikkje gir eit godt resultat. I Sogn og Fjordane gjeld dette særleg for artane toppskarv og teist, som hekkar skjult i bergsprekker og ur. Vidare er det nødvendig å gå i land på enkelte store, flate øyer for å få oversyn.



Statens Naturoppsyn sin båt blir brukt under tellingane. Båten er svært anvendeleg og gjer det mogleg å kome seg i land relativt lett der telling frå dekk ikkje er tilstrekkeleg.

Dei fleste småøyer, holmar og skjer lar seg likevel telle opp med akseptable feilmargar når observasjonane blir gjort frå båt som kan ta seg inn over grunnene og sjekke koloniane frå alle kantar. Dette har blitt stadfesta ved kontrollsjekk gjennom ilandstiging på utvalde lokalitetar.

Med 57 sjøfuglreservat spreidde over heile fylket er det vanskeleg å kome over alle på tilfredsstillande vis, og derfor har vi i stor grad sløyfa dei reservata som ligg mest isolerte og langt unna alle andre (i praksis lengst inne i fjordane). Dei mest isolerte reservata vil derfor berre bli sjekka med lengre mellomrom.

For å få eit best mogleg inntrykk av dei reelle hekkebestandane bør tellingane gjennomførast ikkje altfor seint i rugetida, og dette avgrensar det tilgjengelege "tidsvindauget" såpass mye at det stort sett berre er mogleg å gjere ei telling i kvart reservat. Det ideelle tidspunktet for tellingar i Sogn og Fjordane er antakeleg mellom 10. og 15. juni når utgangspunktet er å presse så mange artar som mogleg inn i eit avgrensa tidsvindaug. Etter retningslinjene i takseringsmanualen frå Norsk Institutt for Naturforskning (Lorentsen 1989) er tellingane våre godt avpassa i tid til havhest, toppskarv, sildemåse, fiskemåse, krykkje,

makrellterne og rødnebbterne, rimeleg bra tilpassa gråmåse, svartbak, lomvi og lunde, men mindre bra tilpassa ærfugl og teist. Lokalt ser vi likevel at tellingane våre er for tidlege til å få gode data om talet på hekkande par av dei to terneartane.

SNO-båten gjer det lett å observere og notere undervegs. Under tellingane sit observatørane på eit toppdekk med observasjonshøgde ca. 3,5 meter, mens båtføraren held auge med grunntilhøva på instrumenta i kabinen. Den eine observatøren noterer sjøfuglane på kart mens båten går for sakte fart gjennom reservatet. Kvar holme blir runda ein gong, evt. rundar ein grupper av holmar og skjer dersom farvatnet er svært grunt. Alle artar blir talte opp, med unntak av små sporvefuglar, og følgjande blir notert så langt tilhøva tillet det:

Alle artar:	Tal individ
	Tal rugande individ eller reir
Ærfugl:	Tal hannar og hoer Talet på ungekull, og tal ungar i kvart kull
Grågås:	Talet på ungekull, og tal ungar i kvart kull

Observatørane noterer det dei konkret ser, slik at eventuelle tolkingar/vurderingar kjem i tillegg til dei reelle tala. I ettertid blir det gjort eit estimat av talet på hekkande par.

Tidlegare tellingar gjennomført av Godø (Godø 1983, 1984, 1995, 2000) ser ut til å vere basert på metodikk frå takseringsmanualen til NINA (Lorentsen 1989), og vi har under tellingane dei siste åra brukt dei same metodane så langt som mogleg. For dei enkelte gruppene av sjøfuglar betyr det følgjande:



Havhest: Tellast frå båt, da hekkplassane i fylket er i utilgjengelege fuglefjell. Fuglar som ligg på berghylle eigna som reirplass, anten enkeltvis eller i par, blir rekna som hekkande.



Toppskarv: For denne arten blir det gjennomført grundig gjennomlysing av hekkelokalitetane på land, der reir av året blir talt opp og produksjonen notert. På dei fleste hekkplassane kan det observerte talet på reir reknast som ganske nær det reelle. Nokre av koloniane nord i fylket er utilgjengelege; her må talet på reir vurderast ut frå flyaktivitet til og frå hekkplassane.



Ærfugl: Ein enkel og grei metode for å vurdere talet på hekkande "par" skal vere å telle hannfuglar ved hekkelokalitet før hoene går på land for å hekke (Lorentsen 1989). Våre junitellingar skjer for seint til dette, og vi må derfor vurdere talet på rugande fuglar lauseleg ut frå observasjonar av både hann- og hofuglar ved hekkplassane, og talet på reir vi kjem over ved ilandstiging. Vurderingane blir dermed usikre. I 2009 gjennomførte vi derfor telling av ærfugl i 22 reservat midt i mai for å samanlikne resultatane med junitellingane, men utan at det blei funne vesentlege avvik. Vi vurderer derfor at teljingane gir ein god peikepinn om den reelle situasjonen.



Måsar: Hekkebestanden bør ideelt sett vurderast ut frå reirtelling på land, men dette er ein tidkrevjande prosess med dei mange koloniane i fylket, og som ei nest beste løysing tel vi opp hekkplassane frå båt med kikkert, på ein avstand som er lang nok til at vi kan sjå at rugande fuglar ikkje reiser seg og forlét reiret. Både rugande og ikkje-rugande fuglar blir talte, og ved vurdering av talet på hekkande par blir det tatt omsyn til om det finst større grupper av

truleg ikkje-hekkande individ på kvileplassar (skjer); at ein viss del av dei rugande fuglane ikkje er synlege frå båten; og til åtfærd når vi kjem nærare inn mot land (om fuglane varslar og er aggressive). Dette viste seg særleg aktuelt i dei første sesongane med mange fuglar som ikkje hekka. Enkelte stikkprøver blir gjort i form av ilandstiging for å sjekke i kva grad talet på rugande fuglar sett frå båten stemmer med talet på reir funne på land, og for å samanlikne totaltalet sett frå båten med totaltalet som går på vengene ved ilandstiging. Lokalitetsspesifikk korleksjon blir vurdert ut frå alle desse momenta, men vi ser som regel at i lokalitetar med mange hekkande fuglar blir talet på *hekkande par* litt undervurdert frå båt i høve til det vi finn ved reirtelling på land - mens det i år eller område med dårlege næringstilhøve (få reir) ikkje er nokon klar tendens (talet på rugande fuglar sett frå båt ligg da ofte nær opp til tal reir funne ved kontrolltelling på land). I år med gode tilhøve har vi funne at *totaltalet måsar* er godt korrelert med talet på reir, mens det i år med dårlege tilhøve ikkje er funne ein slik samanheng (ofte mange måsar, men få reir). Det er derfor mest krevjande å vurdere talet på hekkande par i dårlege sesongar/dårlege område.



Terner: Ternene hekkar ofte på snaue berg, slik at rugande fuglar kan tellast frå båt dersom ein held god avstand. I koloniar på meir enn rundt 10 -20 par må vi likevel i land for å få oversikt over reira. Det har tidlegare vore mange gonger fleir individ enn reir ved hekkplassane, men dette har jamna seg ut i 2013.



Alke og lomvi: Standardmetodikken med gjentekne tellingar av hekkplassar i berget over fleire dagar kan ikkje følgjast med den tida vi har til rådvelde. Vi tel stort sett berre ein gang, og brukte tidlegare ei forenkling der talet på observerte individ ved kolonien blei multiplisert med 0,6. Faktoren er basert på at ein viss del av dei observerte individane er ikkje-hekkande, og at ein viss del av dei hekkande er fråverande (ute på sjøen for å fiske) når tellinga blir gjort. Sjå elles Bakken & Mehlum (1988). Dei siste åra har vi gått over til å fotografere alle flokkane av lunde, alke og lomvi som ligg på vatnet rundt dei to koloniane i fylket, og på bileta tel vi kor mange alke og lomvi det er i høve til lunde. Når vi har eit overslag over kor mange lundefuglar det er ved kolonien, har vi dermed også eit overslag over alke og lomvi. Grunnen til at vi bruker denne metoden er at det kan vere vanskeleg å få med alle alke og lomvi i vrimmelen av lundefugl dersom ein prøver å telle dei på staden.



Lunde: Telling av brukte reirgangar i prøvefelt er tidkrevjande, og dei første åra talte vi i staden alle fuglane ved kolonien, på sjøen og i lufta, når vértilhøva var gode og fuglane lette å telle. Tidleg i juni vil ikkje-hekkande ungfuglar vere på plass i kolonien, slik at vi må ta omsyn til dette ved ei eventuell vurdering av hekkebestanden (Godø har i sine rapportar stort sett oppgitt hekkebestand i par, og for samanlikning med desse tala er det nødvendig å rekne om til hekkande par). Metodikk frå dei britiske sjøfugltellingane (Mitchell m.fl. 2004) tilseier at eitt individ reknast som eitt aktivt reir. Dette tar omsyn til at ein del individ ligg på reir, at ein del individ er ikkje-hekkande ungfuglar og at ein del hekkande vaksne er borte frå kolonien for å fiske. Denne tilnærminga er sagt å kunne føre til undervurdering av talet på aktive reir, men vi har vurdert at dette neppe er aktuelt fordi vi har gjennomført tellingane seinare enn det ideelle (som ville vere i mai, før ikkje-hekkande ungfuglar for alvor kjem til land). Andre kjelder nemner ein omrekningsfaktor på 0,66 (Cairns 1979) men peiker på at talet på individ ved kolonien varierer for mye over tid til at slike faktorar har større verdi. For å antyde talet på hekkande par, valde vi dei første åra å multipliserte talet på individ ved kolonien med 0,8 og runde ned til næraste 500. Frå og med 2008 gjekk vi for ein av koloniane i fylket (Veststeinen) over til å telle aktive reirgangar.



Oppmåling av tellefelt på Veststeinen i 2011

Av dei to store lundekoloniane i fylket er den på toppen av Einevarden ikkje tilgjengeleg. På Veststeinen har Godø (1983, 1984) derimot tidlegare lagt ut prøvefelt i

stripe, og i 2008 prøvde vi å lokalisere desse for å telle opp brukte reirhol i grasbakken. Dette viste seg å vere for tidkrevjande, og vi talte derfor opp nye prøvefelt i form av sirkclar med radius på 3 meter (kvar med eit areal på om lag 30 m²). På grunn av vértilhøva rakk vi berre å telle opp seks slike felt. Plasseringa av felta blei registrert med foto og GPS. I åra etter har vi talt opp dei same seks prøvefelta, og bruker desse som grunnlag for å rekne ut samla hekkebestand.



Teist: Standard tellemetodikk for teist tilseier telling av vaksne fuglar på sjøen ved kolonien om morgon/formiddag eller kveld i tida like før hekking (slutten av april til midten av mai). Våre



tellingar blir gjennomført seinare i sesongen, i rugetida eller ved klekking, og i nokre tilfelle midt på dagen. Vår erfaring er at ved ilandstiging samlar dei lokale fuglane seg, og er lette å telle. Ettersom teisten som regel fiskar nær hekkeplassen, reknar vi ikkje med at fuglar er fråverande ved telling, men at dei returnerer i løpet av ilandstigningsperioden. Ved ilandstiging på små øyer med mye støy frå varslende måsar reknar vi med at alle teistane (også dei rugande) legg seg på sjøen. Ved større øyer og der vi ikkje går i land, må vi rekne med at ein del rugande fuglar blir liggande på reiret og dermed i skjul.

Ved ilandstiging blir alle reir av året noterte, og om dei er tome eller har innhald i form av egg eller ungar. Talet på desse blir også noterte. For å unngå at egggrøvarar nyttar høvet mens foreldrefuglane er vekke frå reiret, avgrensar vi tida på land ved så langt som mogleg å halde oss i rørsle og unngå lengre opphald i nærleiken av reir. Det blir ikkje drive ringmerking under tellingane.

Med berre ei telling i kvart reservat er metodikken vår svak når det gjeld artar i fuglefjell (særleg alkefuglar), der ein helst bør ha fleire tellingar gjennom rugetida for å få rimeleg sikre overslag av hekkebestanden. Tid og ressursar tillet dessverre stort sett berre ein omgang med telling i reservata. Det er dermed heller ikkje mogleg å vurdere hekkesuksess (talet på ungar i høve til talet på par som går til hekking) i detalj, da dette krev relativt tett oppfølging av koloniane med fleire besøk utover hekkesesongen.


Sjøfuglreservata blei i 2013 talt opp i perioden 5.-9. juni. Vertilhøva var relativt gode med lite vind, men det var tidvis kjølig og det kom nokre korte regnbyger to av dagane. Tore Larsen frå Fylkesmannen si miljøvern-avdeling og Tore Gundersen frå Statens Naturoppsyn gjennomførte tellingane, med hjelp frå Inge Kjøberg dei tre første dagane.

Av dei 57 sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane blei 51 talt opp på standardisert vis i år, i tillegg til tre våtmarksreservat (Gåsøy, Sakrisøy og delar av Vassøyane) og tre ikkje-verna område (Buholmen, Storesvalane og Småsvalane).



Kartet til venstre viser sjøfuglreservat og andre verna område på kysten av Sogn og Fjordane. Av dei 57 sjøfuglreservata i fylket er 55 vist på kartet (dei to siste ligg inne i Sognefjorden). I tillegg ligg det 7 marine våtmarksområde langs kysten. Av desse har 4 blitt talt opp ein eller fleire gonger dei siste ti åra.

Ovanfor er vist dei undersøkte områda i 2013. Det blei talt opp 51 sjøfuglreservat, 3 våtmarksreservat og 3 ikkje verna område.



Telleresultat frå verneområda



I dette kapitlet er data frå tellingane i kvart enkelt sjøfuglreservat samla. Det blir også gitt ei enkel skildring av reservata gjennom kart og stikkord, og ei oppsummering av tilstanden gjennom den siste tiårsperioden. Bestandsregistreringane er gitt i ein

tabell som viser år, teljedato, registrerte artar og talet på registrerte individ og evt. kor mange par hekkebestanden utgjer. Ikkje utfylte felt betyr at arten ikkje blei observert.

Forklaring til tabellane

Vanleg skrift: Tal individ observert

Utheva skrift: Vurdering av tal hekkande par

Truleg ikkje hekking
Hekking sannsynleg
Hekking påvist

År	1995	2004	2005	2007	2008
Dato	11.6.	8.7	16.6.	5.6.	14.6.
Grågås	11			2 (1 par)	2 (1 par)
Ærfugl	10 (2 hoer m/ungar)		1 par		1 (1 reir)
Tjeld	2 par		8	4 (3 par)	4 (3 par)
Fiskemåse			10		3 (2 par)
Svarthak	40 par	14	25 (9 par)	54 (24 par)	62 (24 par)
Gråmåse	220 par	10	29 (11 par)	122 (70 par)	102 (35 par)
Sildemåse			2		2 (1 par)
Terne			75	10 (3-5 par)	1 (1 par)
Steinkobbe			2	1	1

Eldre data, tal individ ikkje oppgitt, berre tal hekkande par

14 individ sett, men truleg ikkje hekking (ikkje grunnlag for å setje tal for hekkande par)

8 individ sett, hekking sannsynleg, men dårleg grunnlag for å vurdere hekkebestand

4 individ sett, hekking påvist, hekkebestand vurdert til 3 par

2 individ sett, hekkebestand vurdert til 1 par


Nokre definisjonar

Hekkebestand: Den delen av ein populasjon som har etablert seg med reir eller (for artar som ikkje lagar reir) egglegging. Omfattar såleis ikkje ungfuglar eller andre individ som ikkje hekkar, men som likevel kan opphalde seg i området.

Rugande: Dette ordet blir i teksten brukt om fuglar som frå båt blir observert liggande på reir (egg eller ungar), eller som har nyklekte ungar (sjølv om dei har forlate reiret).

Buholmen

Areal:	Land 13 da
Type:	Fuglefjell
Viktigaste artar:	Krykkje, lomvi
Miljø:	Ytre kyst
Vernestatus:	Ikkje verna
Kommune:	Selje
Skjøtselstiltak:	Ingen
Dyr på beite:	Ikkje aktuelt



Nyetablert fuglefjell. Einaste omtale av denne lokaliteten før 2008 er gjort av Brun (1973) som registrerte 102 krykkjereir på Buholmen i juni 1972.

Etter dette har det truleg ikkje hekk sjøfugl i nemneverdig omfang, for Johansen og Ervik (1977) nemner ikkje Buholmen trass i detaljerte undersøkingar elles i området. Lokaliteten ligg også nær fleire av dei stadene som blei undersøkt av Godø i 1983, 1984, 1994 og 2000, utan at den er omtalt av han. Da Buholmen blei sjekka i juli 2003, hekk det kanskje toppskarv og teist der, og ærfugl, gråmåse og svartbak blei notert.

Tore Gundersen i Statens Naturoppsyn fann i juni 2008 ein krykkjekoloni på austsida av den eksponerte og relativt låge Buholmen (største høgde 32 m). Kolonien blei oppsøkt på ny og fotografert 16.6.2008, og det blei påvist 410 krykkjer og 278 reir. Det blei elles talt 45 toppskarv, 83 ærfuglhannar, 230 gråmåsar, 120 svartbak og 1 teist. Ein stor del av stormåsanane var ungfuglar, og det var truleg ikkje hekking av gråmåse eller svartbak. Sannsynlegvis hadde krykkjene opphav (i alle fall delvis) frå kolonien på Einevarden, som stod tom frå og med 2008.

2010: Kolonien hadde auka i omfang og spreidd seg til nordsida av holmen. Det blei talt 938 individ og 470 reir, ein vesentleg auke samanlikna med da kolonien blei oppdaga. På eit skjer like ved kolonien låg om lag 450 ærfuglhannar (og 8 hoer), 40 toppskarv og to storskarv. Elles blei det registrert rundt 80 gråmåsar (hekking) og 10 svartbak (deriblant eit par med dunungar) og ein sildemåse. Ved detaljundersøking av bileta blei det dessutan oppdaga nokre få lomvi i krykkjeberget.

2011: Det blei talt 952 individ av krykkje og 434 reir i bruk i hovudkolonien på austsida. I tillegg hadde det etablert seg hekkande fugl på vestsida, men dette området var vanskeleg å få oversikt over på grunn av skjer og ugunstig vindretning. På eit bilete tatt inn frå nord blei det talt opp 46 krykkjer og rundt 20 reir. Til saman blei det dermed registrert 1013 individ og 454 reir i bruk (minimumstal, som er litt oppjustert i tabellen under). På sjøen blei det registrert 8 lomvi og 5 alke, og ut frå foto kunne det leggjast til 42 lomviar på hyller i krykkjekolonien. Av teist blei det sett 12 frå båten, 10 av desse samtidig.

2012: Dårleg ver gjorde det ikkje mogleg å få undersøkt Buholmen i hekketida.

2013: Tal individ blei frå foto talt til 310, berre ein tredel så mange som ved førre telling i 2011. Talet på reir i bruk var redusert til mindre enn ein firedel, frå 460 til 105. Det blei ikkje sett lomvi i berget, og berre fem individ på vatnet. Berre teist var på plass i same omfang som ved siste telling.

Tabellen under er basert på rapportar der omtalt reiserute viser at Buholmen har vore i undersøkingsområdet:


År	1973	1983	1994	2003	2008	2010	2011	2013
Dato	juni	1.7.	3.6.	13.7.	15.6.	15.6.	7.6.	9.6.
Toppskarv				20	45	40	35	10
Storskarv						2	1	
Ærfugl				20	83 hannar	450 hannar	65 (2 hoer)	10 hannar
Krykkje	102 reir				410 (278 reir)	950 (470 reir)	1050 (460 reir)	310 (105 reir)
Svartbak				20	120	10 (3 par)	40 (5 par)	15
Gråmåse				20	230	80 (10 par)	30 (10 par)	20 (7 par)
Alke							5	
Lomvi						5?	50 (30 par)	5
Teist				10	1		12 (5 par)	13 (6 par)



Den sentrale delen av krykkjekolonien på Buholmen. Øvst i 2011 (med hekkeplassar for lomvi sirkla inn med raudt) og nedst i 2013, da det ikkje sat lomvi i berget og krykkjebestanden var redusert. Utsnitta er dei same, sjølv om vinkelen er litt ulik.

Sildekruna

Areal: Land 72 da, sjø 182 da
Type: Grasdominert, høg holme
Viktige artar: Gråmåse
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Vågsøy
Skjøtselstiltak: Skog og kratt felt vinteren 2009, rydda 2013
Dyr på beite: Nei, men ønskeleg



Registreringar 9.6.13, frå 08:15


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv:	1	-
Grågås:	5	?
Tjeld:	6	3
Svartbak:	20 (1 rugande eller m/pull)	8
Gråmåse:	275 (92 rugande eller m/pull)	100
Sildemåse:	2	-

År	1994	2000	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	3. og 14.6.	1. og 14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.	9.6.
Toppskarv		7	6	7	5	9	10		12
Grågås		12 (3 par)			1 par	16 (3 par)	2 (1 par)	6 (1 par)	5
Kanadagås		28			19	9			
Ærfugl	25 hoer (fl. m/ kull)	450 (27 hoer m/kull)		15 (4 hoer) 2-4 par	9 (5 ho/2 kull) 2-4 par	26 (25 ho/4 kull) 5-8 p	8 hoer/1 kull (2-4 p)		11 (2 hoer) 5 par
Siland		2 par			25			2 (1 par)	
Tjeld	15 par	6 par	1 (1 par)	2 (1 par)		3 (2 par)	3 (2 par)	3 (2 par)	
Sandlo	3 par								
Strandsnipe		1 par							
Raudstilk		2 par							
Myrsnipe	1 par	1 par							
Storspove	4 par	1 par							
Tjuvjo		1 par							
Fiskemåse			8						2
Svartbak	75 par	50 par	66 (20 par)	34 (10 par)	46 (10 par)	31 (5-10 par)	21 (5 par)	42 (10 par)	30 (8 par)
Gråmåse	350 par	400 par	509 (100-150 p)	333 (130 par)	300 (90 par)	286 (40 par)	286 (75 p)	358 (125 p)	223 (95 par)
Sildemåse						8			5
Teist		5				1 (1 par)		2 (1 par)	2 (1 par)
Kråke							1		

Den viktigaste hekkeplassen for gråmåse nord i fylket. Etter næringskollapsen ved århundreskiftet blei hekkande fuglar på Sildekruna talt opp først i 2006. Som i fylket elles nådde hekkebestanden av gråmåse ein topp i 2007, for deretter å avta. Dei siste åra har gråmåsen auka smått men jamt i resten av fylket, men litt meir uregelmessig på Sildekruna.


Reservatet har problem med rask tilgroing av lauvkratt, og er rydda tre gangar dei siste 15 åra. Gjengroinga er konsentrert til sørsida av holmen, og har ikkje påverka den viktigaste hekkeplassen på nordsida, men hindrar truleg utviding av gråmåsekolonien.

Figuren under viser utviklinga i tal hekkande par i tiårsperioden, med åra 1994 og 2000 til samanlikning:



Lysholmen

Areal: Land 19 da, sjø 79 da
Type: Grasdominert, låg holme
Viktige artar: Gråmåse, svartbak, fiskemåse, sildemåse
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Vågsøy
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei (ikkje behov)




Registreringar 9.6.13, frå 08:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv:	4 (kvileplass)	-
Fiskemåse:	14 (2 rugande)	5
Svartbak:	30 (17 rugande eller m/pull)	17
Gråmåse:	26 (11 rugande eller m/pull)	14
Teist:	1	1

År	1994	2000	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	4. og 14.6.	1. og 14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.	9.6.
Toppskarv		14	30	10	5	4	1	1	21
Grågås	2 par	8	6	2 (1 par)	1 (1 par)		2		5 (1 par)
Ærfugl	40 hoer, fleire m/ kull	300 (mest hannar)	11 (4 hoer, 1 kull)	22 (7 hoer) 5 par	3 hoer 2 par			4 (1 ho) 1 par	
Stokkand					7				
Siland								2 (1 par)	
Havelle									2
Tjeld		2 par	4 (2 par)		8 (4 par)		2 (1 par)		4 (2 par)
Fiskemåse			27	11 (5 par)	7 (3 par)	20 (2 par)	2 (1 par)	5 (2 par)	10 (5 par)
Svartbak	45 par	60 par	63 (20 par)	55 (20 par)	46 (10 par)	34 (10 par)	40 (15 par)	45 (15 par)	36 (15 par)
Gråmåse	160 par	30 par	42 (15-20)	27 (10 par)	26 (3-4 par)	17 (5-10 par)	35 (20 par)	28 (15 par)	38 (15 par)
Sildemåse		35 par	10	4 (3 par)					5 (3 par)
Teist		2			2 (1 par)	2 (1 par)		2 (1 par)	
Kråke			1			1			


Hekkebestandane er stabile, men små samanlikna med det potensialet som tydelegvis ligg i området. For gråmåsen sin del skuldast dette sikkert at den større Sildekruna like ved for tida lokkar til seg hovudparten av dei lokale fuglane. Fråveret av ærfugl i 2013 er typisk for utviklinga av hekkebestanden av denne arten i Sogn og Fjordane, som i 2013 var på det lågaste nivået som nokon gang er registrert i fylket.

Figuren under viser utviklinga i tal hekkande par i tiårsperioden, med åra 1994 og 2000 til samanlikning:



Flatholmen

Areal: Land 27 da, sjø 69 da
Type: Grasdominert, låg holme
Viktige artar: Gråmåse, svartbak, fiskemåse, sildemåse
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Selje
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Registreringar 9.6.13, frå 08:35

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld:	1	1
Fiskemåse:	18 (10 rugande)	11
Svartbak:	37 (8 rugande eller m/pull)	12
Gråmåse:	106 (30 rugande eller m/pull)	40
Kråke:	1	-


År	1994	2000	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	4.6.	1.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.	9.6.
Toppskarv			2						
Grågås	3 par	15 (2 par)	36	11 (1-2 par?)	17 (1-2 par?)	23	12	2	10
Kanadagås			95	8 (1 par)	60	24	59		26
Ærfugl	75 (fl. ho m/kull)	30 (14 ho m/kull)	15 (3 hoer)	6 (3 hoer) 3-4 par	17 (16 ho, 1 kull) 3-4 par	4 (hoer) 2 par	10 (8 hoer) 2-3 par	3 (1 ho) 1 par	3 hannar 1 par
Tjeld	6 par	3 par	6 (3 par)	3 (2 par)	8 (4 par)	2 (1 par)	5 (3 par)	3 (2 par)	2 (1 par)
Fiskemåse		25 par	18	3 (2 par)		3 (2 par)	1	16 (8 par)	27 (15 par)
Svartbak	90 par	100 par	85 (20 par)	62 (25 par)	52 (10 par)	48 (10 par)	44 (15 par)	47 (25 par)	46 (20 par)
Gråmåse	75 par	100 par	169 (40 par)	168 (70 par)	200 (80 par)	96 (30 par)	144 (55 par)	101 (55 par)	125 (55 par)
Sildemåse	50 par	50 par	5		2 (1 par)		11 (4 par)	2 (2 par)	12 (6 par)
Terne								2*	
Lunde					2				
Teist						1 (1 par)			
Kråke			1	2	2	2	1		

* Raudnebbterne


Flatholmen har dei siste åra vore ein relativt stabil, god hekkeplass, men tellinga i 2013 viser litt tilbakegang. Sildemåsen som dei siste åra såg ut til å etablere seg på ny, hekka ikkje. Ærfugl blei heller ikkje sett, på same måte som i dei to andre reservata i Sildegapet (Sildekruna og Lysholmen). 2013 er dessutan første gang det ikkje er sett grågås på Flatholmen.

Figuren til høgre viser utviklinga i tal hekkande par i tiårsperioden, med åra 1994 og 2000 til samanlikning. Utviklinga etter det generelle samanbrotet i hekkebestandane like etter århundreskiftet var, i alle fall for gråmåsen sin del, svært positiv fram til og med 2008. Hekkebestanden var da like høg som på 90-talet. Dette er ganske einestående på fylkesnivå, for i så godt som alle andre sjøfuglområde kom toppen i 2007, med markert tilbakegang i 2008. Næringstilhøva i Sildegapet har nok vore betre enn elles i fylket dette året.

Det skjer truleg ei betydeleg utveksling av hekkande fuglar mellom dei tre sjøfuglkoloniane i Sildegapet (Sildekruna, Lysholmen og Flatholmen), slik at ein må sjå dei tre områda under eitt når omfanget av bestandsendringar skal vurderast.




Tal hekkande par av dei fire måseartane på Flatholmen.



Kartet viser plasseringa av dei tre sjøfuglreservata Sildekruna, Lysholmen og Flatholmen

Einevarden

Areal: Land 1458 da, sjø 1031 da
Type: Fugle fjell
Viktige artar: Lunde, lomvi, alke, toppskarv (krykkje)
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Vågsøy
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Ikkje aktuelt



Registrering 8.6.13, frå om lag 19:20

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	9	5
Tjeld	1	-
Svartbak	1	-
Gråmåse	13	3
Alke	5	4
Lomvi	6	20
Lunde	2500	2000
Steinkobbe	1	

År	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	4.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	7.6.	10.6.
Havhest	25 par	5	8 (5 par)	3 (2 par)				
Storskarv								1
Toppskarv		113 (10 par?)	25 (2-4 par)	44 (20 par)	8 (10 par)	55 (5-10 par)	66 (5 par)	42 (5 par)
Havørn		1 ungfugl		4 (1 vaksen)			1	
Tjeld		1						
Tjuvjo				3				
Krykkje	2100 reir	90 (20 reir)	32 (16 reir)	150				400
Fiskemåse		2					1	
Svartbak		6	2	19	12	6	5	2
Gråmåse		26	4 (2 par)	34	12	16	19 (2 par)	18 (3 par)
Alke	ca. 100 par	350 (210 par)	300 (180 par)	250 (150 par)	200 (160 par)	130 (105 par)	74 (150 par)	60 (110 par)
Lomvi	ca. 100 par	250 (150 par)	200 (120 par)	150 (90 par)	230 (185 par)	120 (95 par)	45 (85 par)	25 (55 par)
Lunde	5000 par	3300 (2600 par)	6400 (5000 par)	5000 (4000 par)	3600 (2900 par)	2000-2500 (1800 par)	1500-2500 (1500 par)	3000 (2400 par)
Teist			4 (2 par)	10 (5 par)			2 (1 par)	2 (1 par)
Kråke				5 (2 par)				
Ramn								


Einevarden har vore det klassiske fugle fjellet i Sogn og Fjordane, om enn i lite format. Her hekka tidlegare alle dei typiske fugle fjellsartane, men da næringsmangelen gjorde seg gjeldande rundt århundreskiftet gjorde dette seg store utslag her. På fem år var krykkjekolonien på over 2000 par redusert til ein hundredel, og i 2008 var det slutt. Da forsvann krykkjene, samtidig som ein ny krykkjekoloni etablerte seg på Buholmen nord ved Stadlandet. Året etter forsvann også havhesten, som rett nok aldri var særleg talrik.

Det har heller ikkje alke og lomvi vore, men bestandane av desse to artane har truleg lenge halde seg relativt stabile. Tala i tabellen skriv seg for desse artane ikkje frå reirtelling, men er basert på tal individ observert på sjøen og i lufta ved kolonien (sjå metodeskildringa foran). Det er såleis rikelege feilkjelder i form av t.d. kor stor del av hekkebestanden som var ved kolonien under tellinga, og at varierende bølgehøgde kan gjere det meir eller mindre vanskeleg å telle fuglar som ligg på sjøen. Nedgangen i 2013 skil seg likevel så klart ut at den truleg er reell. I tillegg


til at både flokkane på vatnet og i lufta blei granska nøye, blei også foto frå området finkjemma utan at dei vanlege innslaga av alke og lomvi i lundeflokkane blei påvist.

Lite vind og relativt små dønningar gjer at talet på 2500 individ av lunde i 2013 truleg er ganske representativt. Dette tilseier, ut frå den enkle metodikken vi baserer oss på, at hekkebestanden av lunde er rundt 2000 par (telling av reingangar er ikkje praktisk mogleg, da Einevarden ikkje er tilgjengeleg utan klatreutstyr). Ein serie bilete av fugl på sjøen viste 550 lundefugl, 6 lomvi og 1 alke. Dersom dette er representativt for tilhøvet mellom artane, og hekkebestanden av lunde er 2000 par, tilseier det at lomvi utgjer rundt 1 % av individa og alke 0,2 %, eller om lag 20 par lomvi og 4 par alke. Dette er langt under tidlegare overslag rekna ut på tilsvarande måte, særleg for alke.

Utviklinga i tal hekkande par for alke, lomvi og lunde ved Veststeinen er vist i figuren under.




For at ikkje talet på alke og lomvi skal drukne i det store talet lunde, er tal hekkande par av dei to førstnemnte vist for seg i figuren under:



Stallbrekka

Areal: Land 271 da, sjø 124 da
Type: Fuglefjell
Viktige artar: Krykkje, gråmåse, toppskarv, teist, (havhest)
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Vågsøy
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Ikkje aktuelt




Registrering 8.6.13, frå 18:55



	Observert:	Overslag, hekkande par:
Havhest	2	1
Toppskarv	16	5
Krykkje	307 (213 reir i bruk)	215
Svartbak	1	-
Gråmåse	48 (14 rugande)	20
Lomvi	1	-

År	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	4.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	7.6.	10.6.
Havhest	15 par	10 par	23 (13 par)	34 (15 par)	14 (7 par)		2 (1 par)	
Toppskarv		21	34 (5 par?)	7 (5 par)	6 (1 par)	1	16 (1 par)	25 (10 par)
Ærfugl	50	42 (2 hoer)	2 hannar	18 (3 hoer)	27 (7 hoer)	6 (5 hoer)	17 (3 hoer)	4 (2 hoer)
Vandrefalk							1	
Tjeld		3 (2 par)				1	2 (1 par)	
Krykkje	40-50 par	200 (145 par)	350 (216 par)	180 (112 par)	330 (164 par)	273 (180 par)	270 (201 par)	347 (230 par)
Svartbak	10 par		4 (1 par)	2		1	4	5 (1 par)
Gråmåse	100 par	52 (20 par)	106 (30 par)	75 (25 par)	56 (10 par)	46 (18 par)	43 (15 par)	56 (20 par)
Teist	"nokre få"			6 (3 par)	5 (3 par)			6 (5 par)
Ramn						1	2 (1 par)	

Stallbrekka er ein avleggar av fuglefjellet Einevarden, men med mindre artsutval. I motsetnad til situasjonen ved Einevarden har krykkjekolonien i Stallbrekka vore i aktivitet gjennom heile det siste tiåret, og er no faktisk langt større enn på 90-talet. Den har ikkje gått nemneverdig tilbake frå 2012 til 2013. Talet på reir i bruk er litt usikkert fordi svakt fotolys og uroleg sjø gjorde at tellebiletta ikkje blei heilt skarpe. Men det er truleg mest sannsynleg at talet er undervurdert, ettersom det var fleire nye reir i hovudkolonien samanlikna med i fjor (sjå bileta til høgre).

Det siste paret med havhest i fylket var innom hekkeplassen på ny i 2013, etter nokre pausar dei siste åra. Elles var nok 2009 det siste året arten hadde ein regulær, men liten hekkebestand. Figuren under viser at sjølv om krykkjebestanden har auka sidan 90-talet, har hekkebestanden av gråmåse vore gjennom ei negativ utvikling som er på linje med bestanden elles i fylket. Gråmåsane hekkar spreidd i dei graskledde delane av fuglefjellet.






Utsnitt av krykkjekolonien i Stallbrekka i 2011 (øverst), 2012, og 2013 (nedst). Tal hekkande par blir vurdert ut frå slike bilete av heile kolonien, der reir i bruk er det som tellast. Uro i kolonien kan føre til at reir er mellombels forlatne ved fotograferinga, så "reir i bruk" er reir som ser ut til å vere utbetra/laga inneverande sesong, anten det sit fugl på det eller ikkje. På det nedste biletet er det sirkla inn reir som ikkje var der året før.

Klovningen

Areal: Land 210 da, sjø 430 da
Type: Berglendt øy med bratte fjellsider
Viktige artar: Gråmåse, svartbak, toppskarv, ærfugl, teist
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Vågsøy
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Registrering 8.6.13, frå 18:20

- Klovningen: Toppskarv 17 (1 med reirmaterial), svartbak 12, gråmåse 32 (16 rugande), teist 1.
- Skorningane: Tjeld 3, fiskemåse 1, svartbak 6 (3 rugande), gråmåse 8 (3 rugande), kråke 1.

Klovningen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	17 (1 med reirmaterial)	4
Tjeld	3	2
Fiskemåse	1	-
Svartbak	18 (3 rugande)	8
Gråmåse	40 (19 rugande)	22
Teist	1	1
Kråke	1	-

År	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	4.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	7.6.	10.6.
Toppskarv		59 (15-20 par)	35 (2-4 par)	33 (5 par)	37 (5-10 par)	28 (5 par)	34	14 (2 par)
Ærfugl		130 (36 hoer)	116 (5 hoer) 5 par?	650 (45 hoer)	310 (25 hoer) 5-10 par	168 (10 hoer) (5 par)	90 (3 ho) (5 par)	92 hannar
Svartand		250		60	40			
Havørn			1 vaksen	2 vaksne				
Tjeld	4 par	2	6 (4 par)	2 (2 par)	4 (3 par)	5 (3 par)	2 (2 par)	2 (2 par)
Fiskemåse		7 (5 par)	1 (1 par)	1	5 (1 par)	1 (1 par)		6 (2 par)
Svartbak	50 par	49 (1 par)	38 (9 par)	18 (2 par)	31 (10 par)	28 (7 par)	35 (5 par)	12 (6 par)
Gråmåse	10 par	119 (30 par)	197 (70 par)	77 (25 par)	57 (15 par)	105 (20 par)	106 (23 par)	65 (22 par)
Sildemåse		1	26 (15 par)		3 (1 par)	3 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)
Alke	ca. 25 par	1						
Lomvi	ca. 10 par	1						
Teist		9		1 (1 par)	10 (6 par)	8 (4 par)	11 (6 par)	14 (10 par)
Kråke				2 (1 par)	2 (1 par)		1	1
Ramn			2 (1 par)					



Reservatet omfattar forutan øya Klovningen også dei tre skjera Skorningane mot aust, som trass i at dei er bortimot snaue er hekkeplass for måsar. Dei er også kvileplass for ærfugl, men ingen var å sjå under tellinga i 2013.

Klovningen er den einaste hekkeplassen i fylket der det blir registrert fleire gråmåsar no enn på 90-talet. Potensialet for gråmåsen er likevel større enn den relativt stabile bestanden på rundt 20 par som har hekka dei siste ti åra, for i den spesielle 2007-sesongen var hekkebestanden oppe i 70 par. Hekkebestanden av svartbak er derimot mye lågare enn på 90-talet, noko som kan ha ei så enkel løysing som at tala for gråmåse og svartbak er bytta om i rapporten frå 1994 (?). Det blei t.d. ikkje registrert svartbak på Klovningen i 1984.

Tidlegare hekka krykkje og alle alkefuglane her, men lunde og krykkje forsvann på 1980-talet, og alke og lomvi rundt århundreskiftet. Toppskarven var også borte nokre år, men har vore på plass under alle tellingane den siste

tiårsperioden. Skarveberget er høgt og bratt og vanskeleg å få oversikt over fordi det må tellast frå båt inne i ei vik med grunner, noko som krev stille sjø. Hekkebestanden av toppskarv er derfor usikker, men liten. Klovningen har elles vore eit bra teisteområde, men i 2013 såg vi berre eitt individ.

Figuren under viser utviklinga i tal hekkande par for eit utval artar på Klovningen i den siste tiårsperioden, med 1994 som samanlikning til venstre.




Klovningen er det einaste sjøfugl-reservatet i Sogn og Fjordane der det har blitt registrert fleire hekkande gråmåsar dei siste par åra enn på 90-talet. Men tala frå dei siste åra er såpass låge at den mest sannsynlege forklaringa dessverre er at dei to artane gråmåse og svartbak har blitt bytta om i resultata frå 1994.

Klovningen er eit av dei vanskelegaste områda i fylket å telle, men utviklinga i figuren over gir nok likevel eit reelt inntrykk av tilhøva dei siste ti åra.

Veststeinen

Areal:	Land 110 da, sjø 290 da
Type:	Graskledd, berglendt øy med bratte fjellsider
Viktige artar:	Lunde, gråmåse, lomvi, svartbak, alke, toppskarv, teist
Miljø:	Ytre kyst
Vernestatus:	Sjøfuglreservat, 1993
Kommune:	Bremanger
Skjøtselstiltak:	Ingen
Dyr på beite:	Nei (ikkje behov)



Registrering 8.6.13, frå 16:45

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	66	10
Ærfugl	3 hannar	?
Svartbak	28	10
Gråmåse	16	15
Lomvi	55 på sjøen	35
Alke	14 på sjøen	10
Lunde	800 på sjøen	2400
Teist	8	5
Havert	21	


År	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	5.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	7.6.	10.6.
Havhest	20 (8 par)	3			1			
Havsule		5	1					
Toppskarv	80 par	25 (10 par)	13 (3 par)	35	13	?	26 (5 par)	26 (5 par)
Grågåås	ca 10 par							
Ærfugl					27 hannar		4 hannar	
Havørn		6 ungfuglar		1 vaksen			2 vaksne	
Vandrefalk				1				
Tjeld	6 par	2	2 (2 par)	5 (3 par)	7 (4 par)	2	1 (1 par)	
Småspove							1	
Fiskemåse			5					
Svartbak	75 par	50	167 (40 par)	10 (5 par)	47 (5 par)	4	75 (15 par)	10 (10 par)
Gråmåse	5-600 par	80 (25 par)	153 (60 par)	55 (15 par)	86 (15 par)	61 (20 par)	55 (25 par)	8 (15 par)
Sildemåse			35 (10 par)					
Alke	75-100 par	22	65 (40 par)	10 (5 par)	22 (10 par)	?	5	
Lomvi	150-200 par	10	105 (60 par)	20 (10 par)	35 (15 par)	?	1	
Lunde	minst 8000 par	2500-4000 (2000 par)	1900 (1200 par)	100 (2800 par)	1600 (3400 par)	80 (2600 par)	3000 (2500 par)	16 (2500 par)
Teist		2	9 (5 par)	6 (4 par)	9 (5 par)	?	5 (3 par)	1 (3 par)
Kråke					1		2	1
Ramn					1 (1 par)		1	
Havert					1		9	25
Steinkobbe					3	8		

Veststeinen ligg utsett til og er ofte vanskeleg å telle, særleg på nordvestsida der alke og lomvi hekkar. Dei siste åra har det derfor vore vanskeleg å seie stort om utviklinga for desse artane. Typisk er også at området kan sjå heilt tomt ut for lundefugl, inntil dei med eitt kjem inn frå sjøen om ettermiddagen. At det likevel er mogleg å få relativt gode tal for lundebestanden, skuldast ei naturleg hamn på sørsida som ligg godt i le for den framherskande


nordvesten slik at det er mogleg å kome i land for å telle reirhol. Godø etablerte eit avlangt tellefelt i lundekolonien på 80-talet, men dette har vist seg for tidkrevjande å telle opp og blei i 2008 erstatta med 6 sirkelrunde felt på til saman 180 m².

Alke og lomvi har knapt vore å sjå dei siste åra, før det i 2013 blei observert ein samla flokk på rundt 70 individ. Foto viste at flokken bestod av 55 lomvi og 14 alke, som etter utrekningane våre tilsvarer om lag 35 par lomvi og 10 par alke. Dette er langt under tala frå 1994, men truleg ikkje langt unna den reelle hekkebestanden dei siste 10 åra.

I 2013 blei ein flokk på 800 lundefugl talt opp på sjøen. I prøvefeltet fann vi 40 reirhol som var i bruk, noko som tilsvarer 0,22 reir/m², og ein samla hekkebestand innanfor dei 11 dekar med reirhol på om lag 2400 par. Dette er ikkje langt unna det nivået hekkebestanden har lagt ganske stabilt på i den perioden vi har talt reirhol på land, med unntak for ein kortvarig auke i 2009. Tala frå 2005 og 2007 gjeld fuglar som låg på vatnet, og har dermed store feilkjelder. Truleg har lundebestanden vore relativt stabil i heile den siste tiårsperioden.




Figuren over viser tal hekkande par for eit utval artar på Veststeinen. Lundefuglen er skilt ut for seg i figuren under, som viser tal hekkande par av lunde i dei åra bestanden har blitt talt opp i form av **reirhol i bruk**:



Skorpeholmane

Areal: Land 12 da, sjø 62 da
 Type: To holmar, ein grasdominert og ein med planteskog
 Viktige artar: Svartbak, gråmåse, tjeld, ærfugl
 Miljø: Fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Skog felt vinteren 2009 (vestlege holme), ny rydding 2013
 Dyr på beite: Nei




Registrering 9.6.13, frå 09:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Ærfugl	3 (2 hoer)	2
Tjeld	1	1
Fiskemåse	2 (1 ungfugl)	1
Svartbak	26 (5 rugande)	12
Gråmåse	24 (6 rugande)	12


År	2000	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	1. og 15.6.	14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.	9.6.
Toppskarv	3	4		14	10	5	5		6
Storskarv					2				
Hegre				1					
Grågåås	18 (hekking)		3	2 (1 par)			12	4 (2 par)	5 (2 par)
Ærfugl	18 hoer (14 med ungar)	5	4 hoer	5 (2 hoer) 2 par		1 (1 par)	3 ho, 1 kull (2 par)	24 (9 hoer) 5 par	4 (3 hoer) 3 par
Siland	2 par		2						10 (3 par)
Tjeld	2 par	6	2	2 (1 par)	2 (1 par)	3 (2 par)	2 (2 par)		4 (2 par)
Storspove	1 par								
Fiskemåse	20 par		2	2 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	3 (2 par)	4 (2 par)	4 (2 par)
Svartbak	ca 30 par	23 (4 par)	35 (12 par)	24 (6 par)	11 (2 par)	13 (5 par)	9 (5 par)	31 (10 par)	17 (10 par)
Gråmåse	5 par	3 (1 par)	6 (2 par)	6 (2 par)	7 (1 par)	7 (5 par)	20 (7 par)	23 (12 par)	17 (12 par)
Kråke			1	1			2	1	1

Begge dei to Skorpeholmane hadde vakse til med utplanta barskog, og hekkebestandane var små då skogen på den vestre holmen blei felt vinteren 2009. Da auka talet på hekkande gråmåsar, og etter at det siste hogstavfallet var brent før hekkesesongen i 2011 dobla bestanden seg igjen. Truleg må den andre holmen også ryddast før ein kan rekne med større hekkebestandar i reservatet, særleg fordi fiskemåsen neppe kjem tilbake for fullt før den kan hekke skilt frå svartbaken (som i mange andre hekkeområde). I fjordane er nok tilgangen på eigna hekkeplassar ein langt meir avgjerande faktor for sjøfuglbestandane enn lenger ute på kysten, sjølv om problema med næringsmangel er eit felles problem. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:



Haukedalsholmane

Areal: Land 16 da, sjø 96 da
 Type: Grasdominerte holmar
 Viktige artar: Gråmåse, svartbak, tjeld, ærfugl
 Miljø: Fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Skog felt 2009, ny rydding 2013
 Dyr på beite: Nei




Registrering 9.6.13, frå 09:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	4 (2 hoer)	2
Tjeld	3	3
Fiskemåse	16 (8 rugande)	12
Svartbak	21 (10 kull/rug.)	12
Gråmåse	2	2


År	2000	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	12.6.	14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	17.6.	8.6.	9.6.
Toppskarv			2				2		1
Hegre	15-20 par	21	5	7 (5 par)	4 (3 par)	4	1		
Grågås		1		5 (2 par)		11 (4 par)			2
Ærfugl	24 hoer (6 med ungar)	16 hoer	13 (12 hoer)	17 (9 hoer) 5 par	7 hoer 3 par	3 hoer 3 par	12 (11 ho) 5 par	15 (10 ho) 5 par	5 (4 hoer) 3 par
Tjeld	4 par	8	2	2 (2 par)	4 (2 par)	2 par	4 (3 par)	3 (3 par)	2 (2 par)
Strandsnipe				1 (1 par)		1 (1 par)		1 (1 par)	
Fiskemåse	150 par	33 (6 par)	2 (2 par)	2 (1 par)		5 (2 par)	4 (2 par)	3 (2 par)	8 (4 par)
Svartbak		21 (3 par)	31 (11 par)	20 (6 par)	17 (4 par)	23 (12 par)	23 (12 par)	24 (10 par)	37 (20 par)
Gråmåse	10 par			2 (1 par)		10 (3 par)			4 (2 par)
Kråke		2	1	1	2				

På 1980-talet blei det talt opp 110 par gråmåsar her, og i 2000 var dette ein av dei beste hekkeplassane i fylket for fiskemåse. Men som på Skorpeholmane grodde alt igjen med tidlegare utplanta bartre, og etter næringskollapsen for ti år sidan hekka berre nokre få måsar på kvar holme. Trea blei felt vinteren 2009 og hogstavfallet rydda året etter, men berre hekkebestanden av svartbak auka vesentleg. I 2012 dobla talet på svartbakpar seg igjen, men i 2013 var det tilbake på normalen for dei siste åra. Til gjengjeld auka talet på fiskemåsar, som i fleire av dei andre små reservata i indre del av kysten. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:



Tennøyane

Areal: Land 151 da, sjø 197 da
 Type: Grasdominerte øyer med lyngparti
 Viktige artar: Gråmåse, svartbak, fiskemåse
 Miljø: Fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: 5 sauar sett i 2013. Truleg behov for fleire beitedyr



Registrering 9.06.13, frå 10:20


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Krikkand	6	?
Ærfugl	1 ho	1
Siland	4	2
Tjeld	2	2
Heilo	1	-
Strandsnipe	1	1
Fiskemåse	6 (1 rugande)	3
Svartbak	22 (6 rugande)	10
Gråmåse	76 (20 rugande)	30
Kråke	1	-

År	2000	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	2.6.	14.6.	7.6.	15.6.	19.5.	15.6.	8.6.	9.6.
Toppskarv							3	
Grågås	20 (hekking)					4 (1 par)		
Ærfugl	24 (21 hoer)	3 (2 hoer)	4 (1 hoer) 2 par		45 (12 hoer) 2 par		28 (2 hoer) 2 par	
Siland				5 (2 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	
Tjeld	4 par	5 (2 par)	1 (1 par)	5 (4 par)	1 (1 par)	4 (3 par)		5 (4 par)
Heilo		1				2		1
Storspove	+							
Strandsnipe				1 (1 par)	1 (1 par)			
Fiskemåse		31 (10 par)	13 (5 par)	12 (6 par)	5-10 (3 par)		8 (1 par)	7 (3 par)
Svartbak	ca. 30 par	48 (10 par)	27 (10 par)	18 (5 par)	30-40 (20 par)	12 (5 par)	12 (5 par)	19 (8 par)
Gråmåse	120 par	148 (50 par)	181 (70 par)	65 (25 par)	170 (70 par)	45 (10 par)	65 (25 par)	36 (20 par)
Sildemåse								4 (2 par)
Makrellterne	ca. 25 par						1	
Kråke		1						

Tennøyane var på god veg tilbake til tilstanden ved århundreskiftet (og slik sett i ein einestående positiv situasjon i fylket) da det i 2010 blei utsett for planmessig forstyrning og hærverk i hekketida. Dette har truleg halde fram i åra etter. Resultatet er lite hekkande fugl. 20 gråmåsar blei sett rugande i 2013, men fordi øyane er vanskelege å telle nokre stader utan å gå nær land, reknar vi med at eit mindre tal fuglar gjekk av reiret før dei blei registrert. I tillegg er dei høgaste delane av øyane i nord berre mogleg å telle på lang avstand frå båt.


Tennøyane er framleis i bra tilstand når det gjeld vegetasjonen, men på delar av øyane begynner røsslyngen å bli grovvaksen og lite eigna for sjøfugl.

Figuren under viser bestandsutvikling (tal hekkande par) for dei mest talrike artane på Tennøyane. I den siste tiårsperioden kom den vanlege toppen i 2007, følgd av markert nedgang året etter - men svært rask ny vekst til 2009. I 2010 blei naturreservatet vandalisert gjennom øydelegging av verneskilt og langvarig forstyring som førte til minimale hekkebestandar. Dette har truleg halde fram også dei siste åra, og har hindra bestandane i å utvikle seg på same måte som elles i fylket.



Frøyskjera

Areal: Land 180 da, sjø 11670 da
Type: Grasdominerte øyer, snaue skjer
Viktige artar: Gråmåse, svartbak, ærfugl, tjeld
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Bremanger
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei



Registrering 8.6.13, frå 15:30:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	14	-
Grågås	2	1
Ærfugl	67 hannar og 9 hoer	3
Tjeld	3	3
Fiskemåse	4	2
Svartbak	113 (36 rugande)	50
Gråmåse	102 (55 rugande)	55
Kråke	1	-

År	1984	2004	2005	2007	2008	2010	2011	2012
Dato	6.6.	21.6.	14.6	7.6	15.6.	16.6.	7.6.	9.6.
Islom							1	
Havhest					1			
Toppskarv		90	80	15	10	29	59	85
Storskarv				1				1
Grågås	3	2 par	8			5 (1 par)	11 (2 par)	11 (2 par)
Ærfugl	82 (70 hannar)	80 5 par	249 (33 hoer)	192 (14 hoer) 10 par	30 (5 hoer) 3 par	455 (28 hoer) 5-10 par	140 (32 hoer) 10 par	144 (5 hoer) 6 par
Tjeld	8 par	ca. 25	7	8 (4 par)	10 (5 par)	12 (7 par)	11 (6 par)	1 (1 par)
Spove sp.							1	
Myrsnipe							1	
Steinvendar	1 par						1 (1 par)	
Fiskemåse		2	18	5 (2 par)	6 (2 par)	2 (2 par)	1 (1 par)	
Svartbak	75 par	95 (1 par)	121 (50 par)	169 (45 par)	64 (20 par)	156 (35 par)	211 (45 par)	103 (40 par)
Gråmåse	80 par	30	60 (20 par)	170 (40 par)	54 (12 par)	124 (30 par)	92 (35 par)	65 (25 par)
Sildemåse	100		1	20 (8 par)				
Terne	60 par*		4-5	10 (3-4 par)	1			
Tjuvjo	1 par							
Alke							2	
Teist	10	2						
Kråke			1		1 (1 par)		4	1
Oter							4 (2 ungar)	
Havert			1 hann					
Steinkobbe						1	1	
Nise				1				



* Raudnebbterne

Området er stort og derfor også med mange registrerte artar, men det ligg verhard til og har mange snaue skjer som er lite eigna for hekking. Den sørlege delen av dette store gruntområdet er først og fremst beiteområde for ærfugl og skarv. Unntaket er Søtingen med ein blanda koloni av svartbak og gråmåse (hv. 5 og 30 reir i 2013). Vidare nordover i den austlege delen av området er ei rekke holmar med vegetasjon, der svartbak hekkar jamt spreidd – men med litt større konsentrasjonar på Kobbjeskeret og Joskjera. I nordaust er også Torbjørnsholmen og dei små skjera rundt dominert av jamt spreidd svartbakpar, mens gråmåsen kjem inn igjen på det meir

eksponerte Gjenneskjeret i nord (25 reir i 2013, pluss om lag 10 rugande svartbak). Gjenneskjeret er også kvileplass for ærfugl og toppskarv i varierende tal.


Positiv utvikling for gråmåse i Frøyskjera i år, med det største talet hekkande fugl som er registrert sidan 80-talet. Området er grunt og vanskeleg å ferdast i ved dårleg ver, så det blei ikkje talt opp mellom 1984 og 2004. Frøyskjera er ope for taretråling (utanom hekketida), og det hekkar ikkje lenger teist her sjølv om den var relativt vanleg fram til 80-talet.

Figuren under viser utviklinga i tal hekkande par for dei to viktigaste artane i tiårsperioden 2004-2013, med 1984 som samanlikning heilt til venstre. Hekkebestanden av gråmåse følgjer den typiske utviklinga med auke mot 2007, deretter brå nedgang og ny, langsamare auke. For svartbak er bestandsutviklinga tilsynelatande litt meir tilfeldig.



Vengane

Areal: Land 40 da, sjø 580 da
 Type: Graskledde holmar med rullestein og svaberg
 Viktige artar: Svartbak, gråmåse, fiskemåse, tjeld, grågås
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei (ikkje behov)




Registrering 9.6.13, frå 10:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	39	3
Fiskemåse	1	1
Svartbak	86 (36 rugande)	42
Gråmåse	18 (7 rugande)	10
Teist	1	1
Kråke	1	-

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	21.6.	14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.	10.6.
Grågås	1 par	22	37 (1 par)	77 (1 par)	18 (1-2 par)	6 (1-2 par)	15 (3 par)		31 (3 par)
Ærfugl	7 hoer 2 par	3 (2 hoer)							
Stokkand								1	
Tjeld	13	11	9	2 (2 par)		6 (4 par)	3 (2 par)	2 (1 par)	
Småspove	2								
Strandsnipe	1								
Fiskemåse	9 (5 par)	4 (4 par)	6	5 (2 par)			4 (2 par)	7 (3 par)	
Svartbak	40 (1 par)	80 (30 par)	92 (30 par)	96 (30 par)	52 (15 par)	64 (20 par)	83 (30 par)	73 (25 par)	82 (35 par)
Gråmåse	15 (3 par)	12 (2 par)	16 (6 par)	14 (7 par)	5 (2 par)	8 (3 par)	21 (12 par)	27 (15 par)	21 (14 par)
Teist		1							
Kråke	3-4	1	2				2	4	2
Oter					1				
Mink						1			


Undersøkt i 1994/95, men ikkje omtalt i rapporten (Godø 1995). Vanskelege vêrtilhøve hindra ilandstiging/telling i 2000.

På 80-talet hekka her opptil 30 par fiskemåse og 78 par svartbak, 15 par makrellterne, 10 par raudnebbterne og 4 par teist på Vengane. Generelt har hekkebestandane gått ned sidan då, med eit absolutt botnnivå i 2004. Etter dette har talet på hekkande fuglar vore relativt stabilt, med svartbaken på eit merkbart betre nivå enn dei andre og ein liten auke for gråmåsen dei siste åra. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:



Rognane

Areal: Land 4 da, sjø 121 da
 Type: Låge skjer med lite vegetasjon
 Viktige artar: Svartbak, tjeld
 Miljø: Indre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Flora
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Registrering 9.6.13, frå 11:15

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	2	1
Svartbak	7 (3 rugande)	4
Kråke	1	-
Steinkobbe	1	

År	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	8.6.	21.6.	14.6	14.6	7.6	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.	10.6.
Toppskarv			1	4					4	
Grågåås	6		4		14		2	2		5
Ærfugl	17 (16 ho) 16 par	2 hoer								
Siland									1 (1 par)	
Tjeld	1 par	2	4	4	1 (1 par)			3 (2 par)	2 (1 par)	
Fiskemåse		1		1				2 (1 par)	2 (1 par)	
Svartbak	20 par	4 (1 par)	3 (1 par)	3	8 (1 par)	3 (1 par)	3 (1 par)	6 (3 par)	5 (3 par)	5 (3 par)
Gråmåse								1		
Teist	3									
Kråke		1								

Eit lite område, og dermed meir ustabilt enn dei større reservata, men Rognane har nok alltid hatt få artar og få individ. Skjera er svært låge og utsette for sjø, men Godø (1995) registrerte likevel 2 par tjeld, 10 par fiskemåse og 12 par svartbak.

Hovdefjell

Areal: Land 700 da, sjø 880 da
Type: Bratt grasbakke og to graskledde holmar
Viktige artar: Gråmåse, svartbak
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Flora
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Ja, på Nord-Hovden



Registrering 9.6.13, frå 11:25

- Nord-Hovden: Svartbak 1, gråmåse 61 (30 rugande), kråke 1.
- Vesle Kroksøy: Svartbak 3 (1 rugande).
- Store Kroksøy: Grågås 1, svartbak 9 (4 rugande), gråmåse 22 (11 rugande eller m/dunungar).


Hovdefjell samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	1	1
Svartbak	13 (5 rugande)	6
Gråmåse	83 (41 rugande)	45

År	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	8. og 9.6.	21.6.	14.6	14.6	7.6	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.	10.6.
Toppskarv			2							
Hegre			1							
Grågås	12 (2 par)	2	8	12	15 (2 par)			2 (1 par)	5 (2 par)	2 (1 par)
Kanadagås				3						
Ærfugl	17 (14 kull)	1 hann			10 (5-10 par)					
Siland				2						
Havørn		2 (1 ung)	1 ung			1 vaksen				1 vaksen
Kongeørn			2 ung							
Tjeld	3 par	12	9	3	4 (2 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	2 (2 par)	2 (1 par)
Heilo										1
Fiskemåse			1	4 (2 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	5 (2 par)	6 (2 par)	2 (1 par)	
Svartbak	100 par	25	19 (4 p)	43 (15 p)	24 (7 par)	15 (3 par)	21 (5 par)	13 (5 par)	17 (7 par)	13 (5 par)
Gråmåse	1500 par	48	95 (12 par)	420 (170 par)	475 (140 par)	83 (10 par)	108 (10 par)	121 (45 par)	105 (40 par)	91 (50 par)
Sildemåse									4 (2 par)	
Teist	8									
Kråke								4		
Ramn				1						
Oter		2								

Så seint som i 2000 var dette ein av dei største gråmåsekoloniane i Sør-Noreg, med 1500 hekkande par. Ringmerking av ungar i perioden 1997-2007 (Vidar Seim) viser at samanbrotet i hekkebestanden kom i 2001, dvs. allereie eit par år før den generelle bestandskollapsen hos sjøfuglane rundt Nordsjøen. Etter oppbygginga fram til 2007 (som skjedde i heile fylket) kollapsa hekkebestanden på ny, og i 2008 og 2009 såg vi ikkje hekkande gråmåsar i hovudkolonien i det heile. Berre på Store og Lille Kroksøy hekka nokre få par. Men i 2010 var fuglane tilbake – om enn i svært avgrensa omfang. Det har ikkje skjedd særlege endringar frå då og fram til 2013.


Utviklinga i tal hekkande par av gråmåse (og svartbak) er illustrert på figuren under.



Grasbakken på Nord-Hovden, der det for litt over ti år sidan huserte fleire tusen gråmåsar i hekketida.

Aralden

Areal: Land 40 da, sjø 140 da
 Type: Låge skjer med lite vegetasjon
 Viktige artar: Svartbak, tjeld, teist
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Flora
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei (ikkje behov)

**Registrering 8.6.13, frå 15:07**

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Gulnebbblom	1	-
Toppskarv	1	-
Tjeld	1	1
Fiskemåse	1	1
Svartbak	9 (2 rugande)	5
Gråmåse	2 (1 rugande)	1
Teist	1	1


År	2004	2005	2007	2008	2010	2011	2012
Dato	21.6.	15.6	6.6	16.6.	16.6.	7.6.	9.6.
Toppskarv	8	2		21		10	11
Ærfugl	7 hannar	3 (2 hoer)			1 hann		4 hannar
Tjeld	3	1	2 (1 par)	9 (3 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	
Fiskemåse		1		4	5		1 (1 par)
Svartbak	15	10 (2 par)	63 (4 par)	15 (4 par)	25 (4 par)	23 (6 par)	14 (6 par)
Gråmåse	3	4	15	2	20	2 (1 par)	4 (2 par)
Sildemåse			13				
Teist		4	4 (2 par)	1 (1 par)		5 (3 par)	
Kråke						1	

Området er tilsynelatande stabilt som hekkplass, men med lite fugl. Det ligg ikkje føre tellingar frå 80- og 90-talet, så det er uklart kor store bestandane har vore tidlegare (Godø (1991) omtalar det som ein viktig hekkplass for teist).

Området er også vanskeleg å telle på grunn av konstante dønningar og sterkt drag i sjøen, som gjer det vanskeleg med innsyn til dei indre delane av holmen. Tal hekkande par måsar i 2013 er på høgde med dei siste par åra, men tal individ er lite.

Indre-Ånnøy

Areal: Land 84 da, sjø 119 da
Type: Del av lyngkledd, berglendt øy
Viktige artar: Svartbak, grågås (gråmåse)
Miljø: Indre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Flora
Skjøtselstiltak: Lauvkratt og bartre fjerna 2012
Dyr på beite: Eit lite tal sauer beiter i og utanfor reservatet




Registrering 9.6.13, frå 13:45

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Hegre	1	-
Svartbak	2	1

År	1994	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	9.6.	9.6.	15.6	4.6	16.6.	3.6.	15.6.	7.6.	10.6.
Toppskarv		3							
Grågås		7			4 (2 par)	2		6 (3 par)	2 (1 par)
Ærfugl	8 (8 par)	2 (2 par)							
Tjeld	1 par					1 (1 par)			3 (2 par)
Fiskemåse							1		
Svartbak			5 (3 par)	6 (4 par)	5 (2 par)	6 (3 par)	3 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)
Gråmåse	60-70 par	20 par	2 (1 par)	1 (1 par)		2 (1 par)		1	
Kråke					1			1	

Sterk nedgang, og lite hekkande fugl dei siste 10 åra. Den grovaksne lyngheia blei brent våren 2011, men utan at det har gitt seg utslag i auka hekkebestandar av sjøfugl så langt. Den mest talrike arten ved vernetidspunktet var gråmåse, men det spør om denne arten vil kome tilbake til Indre-Ånnøy. Reservatet ligg nær Florø hamn, som ikkje lenger gir den tilgangen til fiskeavfall som tidlegare kompenserte for dei negative utslaga av menneskeleg aktivitet i området. Utviklinga i tal hekkande par for gråmåse og svartbak er vist under:



Nekkøytåa

Areal: Land 149 da, sjø 291 da
 Type: Del av lyngkledd, berglendt øy
 Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse, terner, tjeld
 Miljø: Indre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Flora
 Skjøtselstiltak: Rydding og lyngbrenning i 2009
 Dyr på beite: 7 sauvar sett i 2013



Registrering 9.6.13, frå 14:00

- Nekkøytåa: Svartbak 1, gråmåse 2.
- Tretteskjeret: Svartbak 2, fiskemåse 1 (rugande), kråke 1.
- Klungreskjeret: Fiskemåse 1 (rugande), svartbak 1.


Nekkøytåa samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Svartbak	4	3
Gråmåse	2	-
Fiskemåse	2 (rugande)	2
Kråke	1	-

År	1994	1995	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	9.6.	14.6.	6. og 9.6.	15.6.	4.6.	16.6.	17.6.	15.6.	7.6.	10.6.
Hegre				1						2
Grågås		4 (2 par)				7 (2 par)		2 (1 par)		
Ærfugl	14 (fl. hoer m/ungar)	14 hoer	1 ho (1 par)		4 (1 ho)					
Siland			1 par							
Tjeld	5 par	1 par	1 par	3 (2 par)	3 (1 par)	1 (1 par)		2 (2 par)	2 (1 par)	3 (2 par)
Storspove	2 par			2						
Fiskemåse				1	2 (1 par)	2	1 (1 par)	2 (1 par)	4 (2 par)	4 (2 par)
Svartbak	10 par		5 par	6	3 (1 par)	6 (1 par)	8 (3 par)	5 (3 par)	10 (5 par)	6 (3 par)
Gråmåse				1		1	1		1	
Terne	20 par*					2 (1 par)*			2*	12 (5 par)
Kråke				5		1	1	1	1	2
Ramn				1						

* Raudnebbterne

Eit anna område som ligg for nær småbåtkonsentrasjonane rundt Florø til at det er sannsynleg at det vil nå gamle høgder frå 80-talet, da det var ein viktig hekkeplass for gråmåse og sildemåse. Hekkebestandane var sterkt reduserte allereie på 90-talet, kanskje på grunn av gjengroing, mink og mindre næringstilgang frå fiskeindustrien i Florø. I den siste tiårsperioden har reservatet vore stabilt, men med små hekkebestandar. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:






Dei to naturreservata Indre-Annøy og Nekkøytåa ligg like vest for Florø hamn. Nekkøytåa består av tre delar, sjølv Nekkøytåa og dei to holmane Tretteskjeret og Klungreskjeret.

Ytterøyane

Areal: Land 590 da, sjø 16320 da
 Type: Graskledde, bratte og berglendte øyer
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, toppskarv, ærfugl, tjeld, teist
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Flora
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Sau på Nærøya



Registrering 8.6.13, frå 13:50

- Ytterøyane: Toppskarv 6, grågå 2, ærfugl 82 hannar og 1 ho, havørn 2 vaksne, tjeld 1, fiskemåse 1, svartbak 36 (2 rugande), gråmåse 10 (5 rugande), sildemåse 1, teist 11.
- Nærøya og Sandøyane: Toppskarv 1, grågå 15, ærfugl 3 (2 hoer), tjeld 3, fiskemåse 5 (3 rugande), svartbak 50 (9 rugande), gråmåse 3 (1 rugande), kråke 1.
- Kvitingane: Toppskarv 7, svartbak 7 (2 rugande).
- Sverslingane: Toppskarv 10, grågå 2, ærfugl 1 hann, tjeld 3, svartbak 4, kråke 1.

Ytterøyane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	24	5-10
Grågå	19	2
Ærfugl	87 (3 hoer)	3
Havørn	2 vaksne	
Tjeld	7	6
Fiskemåse	6 (3 rugande)	3
Svartbak	97 (13 rugande/reirfunn)	40
Gråmåse	13 (6 rugande)	7
Sildemåse	1	-
Teist	11	7
Kråke	2	-

År	1994*	2004**	2005	2007	2008***	2009*	2010	2011	2012
Dato	10.6.	21.6.	15.6.	4.6.	15.6.	19.5.	16.6.	7.6.	9.6.
Lom ubest.						1			
Havhest			4						
Havsule		13	1						
Storskarv									1
Toppskarv		50 (29 par)	120(20-30 par)	88 (10 par)	33 (5 par)	39 (5-10 par)	34	79 (10 par)	23 (5-10 par)
Grågå	12 (2 par)		14 (1 par)	28 (5 par)	28 (4 par)	2 (1 par)	14 (1-3 par)	7 (3 par)	17 (2 par)
Ærfugl	210 (110 ho, fl. m/ungar)	260	1400 (stort sett hannar)	485 (18 hoer) 10-15 par	21 (5 hoer) 3 par	45 (11 hoer) 5-10 par	1159 (9 ho) 5-10 par	1005 (33 ho) 5-10 par	51 (3 hoer) 5 par
Svartand			57			2	80		
Siland	110								
Havørn		1 vaksen					1 vaksen	2 vaksne	3 (2 vaksne)
Tjeld	9 par	8	18	4 (3 par)	15 (9 par)	2 (2 par)	16 (9 par)	20 (10 par)	8 (8 par)
Storspove			2						
Småspove				1 (1 par)	1 (1 par)				
Krykkje			1						
Fiskemåse			12	74 (5-10 par)	3	24 (5 par)	9 (4 par)	10 (4 par)	2 (1 par)
Svartbak	ca. 60 par	95 (1 par)	122 (10 par)	313 (70 par)	120 (10 par)	40 (5 par)	126 (35 par)	149 (40 par)	127 (45 par)
Gråmåse	ca. 215 par	15	34 (2 par)	212 (35 par)	24 (4-5 par)	60 (10 par)	95 (25 par)	71 (20 par)	26 (15 par)
Sildemåse		2	2 (1 par)		6 (1 par)	20	2	3 (1 par)	4 (1 par)

Rdn. terne	75 par								
Lomvi				1					
Lunde		2	6	1					1
Teist		1	5	4 (3 par)		10 (7 par)	7 (5 par)	10 (8 par)	1 (1 par)
Kråke			2	3 (2 par)	2 (1 par)		2	3	1
Ramn			1						
Kanin			1						
Havert				1					
Sel ubestemt				1					
Nise							1		

*Sverslingane ikkje talt

**Nærøyane og Kvitingane ikkje talt


***Kvitingane ikkje talt


Det blei ikkje gjort ilandstiging i år, og vi har derfor berre dårleg oversikt over Ytterøya med fyr. Overslaget over tal hekkande par toppskarv er dermed usikkert, men vi såg lite aktivitet i området der hekkeområdet ligg. Toppskarvkolonien i dette reservatet blei etablert på Sverslingane rundt 1997, men flytte året etter til det mindre eksponerte området ved Ytterøyane fyr. Her vaks hekkebestanden til 56 reir i 2003, men etter at fyrst blei fråflytta i 2004 har ulovleg ilandstiging i hekketida auka og skarvebestanden minka på grunn av forstyrning.

Hekkebestandane av måsar har gått opp og ned i takt med næringstilgangen, og er i år om lag som i fjor. Men fordi Ytterøyane er blant dei områda der problemet med ulovleg ilandstiging og eggssamling er størst her i fylket, kunne bestandane truleg ha vore ein god del større.

Dei store flokkane av ærfugl som førebur seg til fjørfelling seinare på sommaren har mangla dei siste to åra. Desse flokkane flyttar seg ein del rundt, og det samla talet på ærfugl i større kystområde er derfor meir interessant. Men Ytterøyane er openbertt av stor verdi for ærfuglen.

Figuren under viser utviklinga i tal hekkande par for nokre av artane i Ytterøyane naturreservat.






Ytterøyane naturreservat med dei fire øygruppene Ytterøyane, Sverslingane, Kvitingane og Nærøya/Sandøyane i kvart sitt hjørne.

Timberøyholmane

Areal: Land 5 da, sjø 91 da
 Type: Berglendte holmar med spreidd vegetasjon
 Viktigaste artar: Fiskemåse, svartbak, terner, tjeld
 Miljø: Fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Flora
 Skjøtselstiltak: Kratttrydding vinteren 2009, ny rydding 2013
 Dyr på beite: Nei




Registrering 9.6.13, frå 15:15

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	2 hoer	2
Siland	3 (1 ho)	2
Tjeld	3 (1 rugande)	2
Fiskemåse	22 (14 rugande)	15
Svartbak	1 (rugande)	1
Makrellterne	10 (5 rugande)	5
Kråke	2	?


År	1994	2000	2006	2007	2009	2010	2011	2012
Dato	8.6.	8.6.	14.6.	4.6.	3.6.	8.6.	14.6.	10.6.
Grågås						4	7 (2 par)	
Ærfugl		9 ho m reir/kull (9 par)	1 hann	4 (2 par)	2 (1 par)		3 hoer (2 par)	1 ho (1 par)
Siland		1 par		6 (2-3 par)	1	4 (1 par)	6 (2 par)	
Tjeld	2 par	3 par	1	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	4 (2 par)	3 (2 par)
Fiskemåse	15 par	10-12 par	25 (10 par)	23 (10 par)	19 (13 par)	28 (20 par)	47 (20 par)	3 (2 par)
Svartbak		3 par	2 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)
Gråmåse				1 (1 par)				
Makr. terne	30 par				2	62 (20 par)	35 (12 par)	
Rdn. terne			6 (1 par)					
Steinkobbe		1				1		

Etter rydding av kratt på holmane vinteren 2009 blei hekkebestanden av fiskemåse nær dubla. Eit skogholt på den austlegaste holmen fekk stå igjen etter ønske frå grunneigaren, det er truleg langt eldre enn fredingsvedtaket. Hekkebestandane den gangen var da heller ikkje større enn no, med unntak for ternene. Timberøyholmane skilte seg ut med svært få hekkande fuglar i 2012, dette skuldast truleg forstyrring (fritidsfiskarar observert nær land). Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:



Eikefjordholmane

Areal: Land 24 da, sjø 86 da
Type: Graskledde holmar med litt kratt
Viktigaste artar: Fiskemåse, svartbak, grågås, tjeld, terner
Miljø: Fjord
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Flora
Skjøtselstiltak: Kratt- og trefelling vinteren 2009, ny rydding i 2013
Dyr på beite: Nei



Registrering 9.6.13, frå 15:50

- Middagsholmen: Grågås 5, siland 7, tjeld 3 (1 rugande), fiskemåse 54 (29 rugande), svartbak 1, gråmåse 2 (1 rugande), sildemåse 2, raudnebbterne 1.
- Notaholmen: Grågås 3 (+1 kull), tjeld 2, fiskemåse 19 (10 rugande), svartbak 7 (5 rugande), gråmåse 2 (1 rugande), sildemåse 5 (2 rugande), makrellterne 6 (2 rugande), terne ubestemt 1.
- Kvalvikholmen: Grågås 8 (+ 4 kull), siland 1 hann, tjeld 3 (1 rugande), fiskemåse 15 (10 rugande), svartbak 1.

Eikefjordholmane samla:


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	16 (+ 5 kull)	6
Siland	8	3
Tjeld	8 (2 rugande)	5
Fiskemåse	88 (49 rugande)	55
Svartbak	9 (5 rugande)	5
Gråmåse	4 (2 rugande)	2
Sildemåse	7 (2 rugande)	4
Raudnebbterne	1	1
Makrellterne	6 (2 rugande)	2

År	1994	2000	2006	2009	2010	2011	2012
Dato	8.6.	8.6.	14.6.	3.6.	8.6.	14.6.	10.6.
Grågås		3 par	12 (3 par)	12 (3 par)	20 (1 par)	5 (1 par)	3 (1 par)
Kanadagås	2 par						
Ærfugl	1 par	12 ho m/ungar (12 par)					
Stokkand				1			
Siland	33	10 (1 par)	15	4 (1 par)	14 (2 par)	4 (2 par)	9 (4 par)
Tjeld	24	7 par	6 (3 par)	3 (2 par)	13 (7 par)	8 (6 par)	10 (6 par)
Vipe			1				
Hettemåse		3					
Fiskemåse	160 par	275 par	120 (51 par)	116 (55 par)	101 (45 par)	111 (55 par)	90 (50 par)
Svartbak		10-12 par	13 (4-5 par)	8 (3 par)	9 (4 par)	9 (2 par)	14 (5 par)
Gråmåse	12		2 (1 par)	1		3 (3 par)	5 (3 par)
Sildemåse						3 (1 par)	3 (1 par)
Makrellterne	50 par	30-40 par	48 (16 par)		35 (10 par)	2	2 (1 par)
Raudnebbterne							17 (5 par)

Samanbrotet i hekkebestandane av sjøfugl i 2003/04 gjorde seg store utslag både langs kysten og inne i fjordane, men Eikefjordholmane har gjennom det siste tiåret skilt seg ut ved å ha ein stabil og relativt høg bestand av hekkande fiskemåse. Hekking av gråmåse og sildemåse så langt inne i fjordane er også spesielt, sjølv om dette berre dreier seg om nokre få par.

Eikefjordholmane er elles blant dei få lokalitetane der vi regelmessig kan fastslå at det hekkar grågås. Konkrete hekkefunn i form av reir eller små dunungar har vore sjeldan vare i fylket i den siste tiårsperioden.


Ternene heldt ut i fjordane nokre år lenger enn ved kysten før dei forsvann rundt århundreskiftet, og ved Eikefjordholmane er det faktisk berre i eitt enkelt år (2009) at vi ikkje har funne hekkande ternar. Men det er fleire hol i tidsrekka her, for dette verneområdet var ikkje fast inventar under tellingane i første del av den siste tiårsperioden. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren under:



Kvalvikholmane naturreservat ligg inst i Eikefjorden, og består av dei tre holmane Kvalvikholmen, Notaholmen og Middagsholmen. Alle dei tre holmane er hekkeplass for fiskemåse. Notaholmen er mest svaberg, og brukast ofte av ternar.

Kvalsteinane

Areal: Land 280 da, sjø 8780 da
 Type: Øygruppe med ein del graskledde øyar, mange snaue skjer
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, tjeld, teist, fiskemåse, grågå
 Miljø: Ytre - midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Flora
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: 20 sauar på Værholmane, Store Kvalsteinen, Litle Kvalsteinen og Kvannskjeret



Registrering 8.6.13, frå 11:50

- Store Kvalsteinen og holmane rundt: Toppskarv 12, tjeld 2, fiskemåse 6 (2 rugande), svartbak 17 (3 rugande), sildemåse 6, kråke 1.
- Guleskjeret - Litle Kvalsteinen: Toppskarv 2, tjeld 2, svartbak 4 (1 rugande), gråmåse 1.
- Kvannskjeret: Tjeld 2, småspove 1, svartbak 39 (12 rugande), gråmåse 14 (8 rugande), teist 10, kråke 1.
- Vedelskytten: Tjeld 1, svartbak 28 (12 rugande), kråke 2 på Trollskjeret.
- Værholmane: Toppskarv 2, grågå 5, tjeld 2, fiskemåse 1, svartbak 14 (4 rugande), gråmåse 1.

Kvalsteinane samla:



	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	16	-
Grågå	5	2
Tjeld	9	7
Fiskemåse	7 (2 rugande)	4
Svartbak	102 (32 rugande)	50
Gråmåse	16 (8 rugande)	15
Sildemåse	6	3
Teist	10	6
Kråke	4	1

År	2000	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	6.6.	21.6.	15.6.	4.6.	15.6.	19.5.	15.6.	22.6.	9.6.
Toppskarv	40-50	1	7	19 (2 par)	13	1	7	9	1
Storskarv	3								
Hegre		1							
Grågå	24 (5-10 par)	10	43 (3-5 par)	9 (4 par)	6 (1 par)	15	7	8 (4 par)	22 (3 par)
Ærfugl	120 (30 hoer, fl. m/ungar)	14	9 (7 hoer)	42 (6 hoer) 3-5 par	1 (1 par)	8 (2 hoer) 2 par	105 (5 ho)	5 hanner 2 par	6 (2 par)
Tjeld	20 par	35	21	20 (10 par)	11 (6 par)	10 (6 par)	14 (9 par)	10 (6 par)	17 (10 par)
Vipe					1				
Småspove								4	
Fiskemåse	20 par	2	12	72 (5 par)	47 (1 par)	5	20 (5 par)	14 (6 par)	21 (9 par)
Svartbak	130 par	150	140 (10 par)	186 (70 par)	98 (20 par)	55 (20 par)	80 (25 par)	91 (35 par)	113 (40 par)
Gråmåse	350 par	40 (1 par)	111 (3 par)	82 (30 par)	86 (15 par)	6	67 (20 par)	57 (15 par)	50 (16 par)
Sildemåse		3	3	1	5 (1 par)				18 (5 par)
Teist	12		1	8 (4 par)	2 (2 par)	9 (6 par)	6 (3 par)	9 (5 par)	14 (8 par)
Kråke	1 par	1 par	1 par	4 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	4	3	4 (1 par)
Ramn	1 par		1	2 (1 par)					
Oter		1							

*Mest makrellterne


Grunnen til den store forskjellen mellom observerte og antatt hekkande gråmåsar og svartbakar i 2013, er at det hekka mye fugl i eit uoversiktleg område med steinblokker på Kvannskjeret (ingen ilandstiging i dette reservatet).

Som elles i fylket i den siste tiårsperioden var det også i Kvalsteinane ein bestandstopp i 2007, som likevel berre var eit lite stykke på vegen mot hekkebestandane før århundreskiftet. Etter 2007 har svartbaken på ny auka sakte men sikkert, mens dei andre artane har halde seg stabilt låge. Kvannskjeret i sør er likevel viktig for teist. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren under:



Karsskjeret

Areal: Land 1 da, sjø 9 da
Type: Snaut skjer med lite vegetasjon
Viktigaste artar: Terner
Miljø: Indre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Flora
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei (ikkje behov)




Registrering 9.6.13, frå 14:50 (11°C, lett bris)

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	1 hann	-
Makrellterne	35 (15 rugande)	20

År	1994	1995	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	11.6.	5.5	14.6.	4.6.	15.6.	16.6.	8.6.	14.6.	10.6.
Ærfugl	3 (3 par)	5 hoer							
Siland									
Tjeld	1 par	1 par		2					
Krykkje									
Svartbak	1 par	1 par	2 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	
Makrellterne		*		60 (5 par*)	75 (41 par)				16 (1 par)
Terne ubest.			65 (16 par)						


*talt for tidleg (i eggleggingsperioden)

Låg temperatur gjorde at det ikkje blei gjennomført telling på land. Det tidlegare så tradisjonelle svartbakparet hekka heller ikkje i 2013, men makrellternene var tilbake for fullt – og for første gang i den siste tiårsperioden var det fleire rugande fuglar enn ikkje-rugande å sjå. Utviklinga i tal hekkande par er vist under:



Gulholmen

Areal: Land 62 da, sjø 160 da
 Type: Høge, graskledde holmar og nokre snaue skjer
 Viktigaste artar: Gråmåse, svartbak, sildemåse, tjeld, grågås
 Miljø: Ytre - midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Flora
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: 6 sauvar sett i 2013




Registrering 8.6.13, frå 11:33

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	3	-
Grågås	5	1
Tjeld	3	2
Fiskemåse	2	1
Svartbak	28 (8 rugande/ungar)	12
Gråmåse	27 (14 rugande)	15


År	1995	2000	2005	2007	2008	2010	2011	2012
Dato	13.6	6.6	15.6.	4.6.	15.6.	10.6.	22.6.	9.6.
Toppskarv		10						
Grågås	6 par	26	4	15 (3-4 par)	4 (2 par)	36	7 (1 par)	12 (1 par)
Ærfugl	500	10 hoer, fl. m/ungar		8 (2 hoer) 2 par				4 hannar (2 par)
Siland	25							
Havørn			1 (ungfugl)					
Tjeld	4 par	3 par	4	3 (2 par)	5 (3 par)	3 (2 par)	3 (2 par)	7 (4 par)
Sandlo			2					
Småspove							2 (1 par)	
Fiskemåse			2	2 (1 par)	36	1	2	
Svartbak	20-25 par	25 par	21 (4 par)	35 (12 par)	14 (5 par)	24 (7 par)	48 (20 par)	19 (10 par)
Gråmåse	50 par	100 par	25 (8 par)	50 (20 par)	25 (10 par)	30 (12 par)	45 (20 par)	22 (10 par)
Sildemåse		50-60 par	8 (6 par)	2 (1 par)	15 (5 par)	10 (5 par)	13 (5 par)	6 (4 par)
Kråke					2			

Det er tidlegare meldt om ulovleg ilandstiging og eggknusing på Gulholmen, noko som kan forklare dei relativt låge hekkebestandane og den ujamne bestandsutviklinga dei siste par åra. Området har vore ein liten, men stabil hekkeplass for sildemåse det siste tiåret; denne arten var ikkje å sjå i 2013. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren under:



Trefotskjera

Areal: Land 30 da, sjø 316 da
 Type: holmar med snaue og høge svaberg
 Viktigaste artar: Svartbak, tjeld, fiskemåse, teist
 Miljø: Ytre - midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Flora
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei (ikkje behov)




Registrering 6.6.13, frå 11:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	2 (1 ho)	1
Siland	1	1
Tjeld	6	3
Fiskemåse	10 (1 rugande)	3
Svartbak	6	2
Gråmåse	2	-
Teist	3	2


År	1994	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	12.6	7.6	15.6.	4.6.	15.6.	3.6.	8.6	14.6.	6.6.
Toppskarv								12	
Ærfugl		6 (1 ho)							
Tjeld	4 par	1 par	6	5 (3 par)	5 (3 par)	3 (3 par)	9 (3 par)	3 (2 par)	9 (4 par)
Fiskemåse			4	1 (1 par)	1 (1 par)			7 (2 par)	
Svartbak	5 par		5 (1 par)	4 (3 par)	2 (1 par)	3 (2 par)	4 (1 par)	8 (2 par)	1 (1 par)
Gråmåse	40 par		2	1 (1 par)	2 ungfuglar	1 (1 par)	3 ungfuglar	1	
Rdn. terne	60 par								
Makr. terne	"ein del"								
Teist					3 (2 par)			2 (1 par)	2 (1 par)
Kråke			1	2 (1 par)		2	2		
Oter				1	1		1		

Trefotskjera blei verna først og fremst fordi dei var viktige hekkeplassar for fiskemåse og terner. Terner har ikkje blitt observert etter århundreskiftet, mens fiskemåsen berre har hekka med eit enkelt par no og då. Hekkebestandane av måsefuglar er framleis nær nullpunktet, men det er positivt at teist har blitt observert dei siste tre åra. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren under:



Smelvær

Areal: Land 400 da, sjø 4880 da
 Type: Øygruppe med berglendte, graskledde øyar og skjer
 Viktigaste artar: Toppskarv, gråmåse, svartbak, sildemåse, teist, ærfugl
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei



Registrering 8.6.13, frå 10:15

- Rundholmen-Hamneholmen: Svartbak 3 (1 rugande), kråke 1.
- Vardøyna og Smellværet: Grågås 7, tjeld 4, svartbak 3, kråke 1, oter 1.
- Guridøyna, Espøyna og Ognholmane: Toppskarv 1, ærfugl 4 hannar, tjeld 3, småspove 7, fiskemåse 28 (1 rugande), svartbak 14 (5 rugande), terne 2, lomvi 8, kråke 1, steinkobbe 1.
- Ramsøyna og holmar: Toppskarv 3, grågås 16, ærfugl 23 (6 hoer), svartand 2, fiskemåse 2, svartbak 4, gråmåse 2, makrellterne 48 (12 rugande), nise 1.
- Sandholmane: Ærfugl 3 (2 hoer), tjeld 4, fiskemåse 32 (13 rugande), svartbak 11 (4 rugande), gråmåse 4 (2 rugande), terne 1.
- Kråka og holmar rundt: Tjeld 3, fiskemåse 6 (5 rugande), svartbak 7, lomvi 2.
- Ryggane: Toppskarv 2, tjeld 9, svartbak 1.

Smelvær samla (berre reservatet):

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	6	-
Grågås	23	5
Ærfugl	30 (8 hoer)	5
Svartand	2	-
Tjeld	23	10
Småspove	7	2
Fiskemåse	68 (19 rugande)	25
Svartbak	43 (10 rugande)	20
Gråmåse	6 (2 rugande)	3
Makrellterne	51 (12 rugande)	15
Lomvi	10	-
Kråke	3	1
Oter	1	
Steinkobbe	1	
Nise	1	

År	1995	2000	2004	2005	2007	2008	2010	2011	2012
Dato	13.6	6.6.	9.7	15.6.	6.6.	15.6.	8.6.	8.6.	9.6.
Smålom					1				
Storlom							1		
Toppskarv	25	15	20			3	3	17	1
Grågås	32 (2 par)	12 par	80	60	24 (4-5 par)	165 (20 par)	52 (10 par)	46 (5 par)	96 (5 par)
Gravand				2					
Ærfugl	100 (fl. hoer m/ungar)	18 hoer m/ungar	90		1 (2-3 par)		2 hannar 2 par	91 (7 hoer) 5 par	3 (2 hoer) 5 par
Siland	60				5 (2-3 par)	5 (1 par)			
Havørn							2		
Tjeld	4 par	6 par			9 (6 par)	43 (30 par)	25 (15 par)	11 (7 par)	5 (4 par)
Småspove		1 par					2 (2 par)		
Sandlo					1				


År	1995	2000	2004	2005	2007	2008	2010	2011	2012
Raudstilk		1 par							
Steinvendar						4			
Fiskemåse		5-6 par	2		27 (10 par)	36 (14 par)	43 (15 par)	15 (4 par)	63 (20 par)
Svartbak	20 par	20 par	20	30	89 (20 par)	50 (8 par)	60 (20 par)	29 (16 par)	80 (30 par)
Gråmåse	30 par			2 par	1	17 (2 par)	51 (12 par)	3 (1 par)	19 (5 par)
Sildemåse				6		1			
Tjuvjo			1						
Terne			25		2	1	43		5 (2 par)
Teist	3					1 (1 par)			
Kråke				1	1 (1 par)		4 (2 par)	4 (2 par)	1 (1 par)
Oter				4					
Steinkobbe				3	1				

Svært grunt farvatn gjer det vanskeleg å undersøke Smelvær, slik at det heftar ein del usikkerheit ved overslaga over hekkande par. Men det er ganske klart at hekkebestandane nok har vore jamt små gjennom heile den siste tiårsperioden, noko som er uventa i eit så stort område. Det er illustrerande for situasjonen i området at det her hekkar meir tjeld enn gråmåse, og at heller ikkje dei historisk registrerte maksimumstala for gråmåse er større enn maksimumstalet for tjeld.

Med unntak for dette er situasjonen i Smelvær på mange vis lik den i Håsteinen lenger vest, med forbausande lite liv samanlikna med områda rundt. Som Håsteinen er Smelvær ope for taretråling, og er tomt for teist.


Når det gjeld den siste tellinga i 2013, registrerte vi berre 3 grågås, 1 fiskemåse og 1 gråmåse på Storøyyna, som er utanfor reservatgrensene. Desse er ikkje rekna med i tala for året. I 2008 blei det registrert 43 tjeld i Smelvær; 11 av desse var på Storøyyna og blei rekna med i totalen. Utan desse ville tal individ bli 32, med om lag 25 hekkande par.

I 2012 hekka fleirtalet av måsane på Ramsøyyna, men denne var forlatt i 2013 til fordel for Sandholmane. Området under eitt er det små endringar, med unntak for at ein koloni makrellterne etablerte seg på ein av dei små holmane sør for Ramsøyyna i 2013. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:






Smelvær naturreservat



Moldvær naturreservat (neste side)

Moldvær

Areal: Land 210 da, sjø 2920 da
Type: Øygruppe med berglendte, graskledde øyar
Viktigaste artar: Toppskarv, gråmåse, svartbak, sildemåse, teist, ærfugl
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Registrering 5.6.13, frå 11:40

- Kvannskjeret: Toppskarv 10 (8 reir, alle med innhald), ærfugl 2 hoer sett flygande ut frå øya, 4 reirfunn, tjeld 2, svartbak 13 (5 rugande, 3 reirfunn), sildemåse 1, teist 2.
- Ingvaldsøyna: Toppskarv 15, grågås 20 flygande, ærfugl 9 (3 hoer), tjeld 2, steinvendar 1, svartbak 4 (3 rugande), gråmåse 10 (2 rugande, 2 reirfunn), sildemåse 70 (21 rugande, 29 reirfunn), terne 85 (13 reirfunn), teist 3.
- Husøyna og holmar i S: Toppskarv 2, grågås 17, tjeld 1, svartbak 28 (8 rugande), gråmåse 3 (1 rugande), teist 5.
- Storøyna: Toppskarv 82 (51 reir, 44 med innhald), grågås 6, ærfugl 1 hann (3 reirfunn), tjeld 1, steinvendar 1 hann varslande, fiskemåse 1, svartbak 22 (2 rugande, 5 reirfunn), gråmåse 52 (11 rugande, 17 reirfunn), sildemåse 2, terne 10, teist 6, kråke 1.
- Klubben: Toppskarv 1 (5 reir, 4 med innhald), grågås 2, ærfugl 2 reirfunn, havørn 1 ungfugl, tjeld 1 reirfunn, svartbak 6 (2 rugande), gråmåse 30 (3 rugande, 5 reirfunn), teist 6.
- Melskjeret: Toppskarv 4, ærfugl 7 (1 ho), svartbak 4, terne 1, steinkobbe 1.

Moldvær samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	114 (64 reir, 46 med innhald)	70
Grågås	45	4
Ærfugl	19, av desse 6 hoer (9 reirfunn)	10
Havørn	1 ungfugl	
Tjeld	6 (1 reirfunn)	6
Steinvendar	2	2
Fiskemåse	1	1
Svartbak	77 (20 rugande, 8 reirfunn)	30
Gråmåse	95 (17 rugande, 24 reirfunn)	35
Sildemåse	73 (21 rugande, 29 reirfunn)	30
Raudnebbterne	96 (13 reirfunn)	20
Teist	22	12
Kråke	1	-
Steinkobbe	1	

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	13.6	28.6	17.6.	19.6.	12.6.	14.6.	10.6.	8.6.	6.6.
Toppskarv	300 par	250 (54 par)	240 (165 par)	210 (97 par)	115 (85 par)	134 (50 par)	99 (50 par)	119 (65 par)	95 (50 par)
Grågås	30 (6 par)	125	500	39 (2 par)	65 (3 par)	119 (4 par)	345 (4 par)	218 (2 par)	66 (3 par)
Ærfugl	100 hoer (fleire m/ungar)	11 (1 ho)	12 (7 hoer) 7 par	13 (9 ho/4 reir) 5-10 par	50 (16 ho/7 reir) 10-15 par	12 (10 ho/6 reir) 10 par	13 (9 ho/1 reir) 5 par	24 (14 ho/2 reir) 8 par	35 (14 ho/4 reir) 8 par
Siland			2	2 (1 par)					
Havørn		2		1 vaksen					
Tjeld	6 par	10	5	8 (4 par)	6 (4 par)	11 (6 par)	13 (6 par)	6 (4 par)	13 (7 par)
Steinvendar	1 par				2 (1 par)	7 (3 par)		1 (1 par)	1 (1 par)
Storspove					4				
Småspove									2 (1 par?)
Raudstilk									1

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Fiskemåse		2 (1 par)	15	4 (4 reir)	9 (4 par)	1 (1 par)	6 (2 par)	1 (1 par)	20 (7 par)
Svartbak	50-60 par	90 (1 par)	162	147 (12 par)	98 (10 par)	135 (15 par)	84 (25 par)	126 (25 par)	115 (28 par)
Gråmåse	250 par	73	123 (3 reir)	147 (45 par)	126 (15 par)	184 (25 par)	114 (35 par)	82 (35 par)	97 (40 par)
Sildemåse			8	98 (30 par)	80 (36 par)	80 (31 par)	180 (44 par)	100 (26 par)	51 (20 par)
Terne				380 (69 reir)		90 (1 par)	100	2*	68 (15 par)*
Lomvi			2		1				
Lunde		1	5						
Teist	25	30	30	14 (7 par)	28 (15 par)	20 (12 par)	20 (10 par)	15 (9 par)	12 (7 par)
Kråke				2 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)			
Oter	1	1					1		
Steinkobbe		6	6		40				

* Raudnebbterne


Moldvær og naboområdet Ryggsteinen har tradisjonelt vore eitt av to kjerneområde for toppskarv og teist i fylket, med Ytre Solund (Gåsvær og Utvær) som det andre. Hekkebestandane av teist var på sitt høgaste på 80-talet (65 individ ved Moldvær i 1984), men i 1995 og vidare inn i den siste tiårsperioden har bestanden lagt mellom 20 og 30 individ. Ein tilsynelatande nedgang for teisten i 2011 og 2012 var truleg berre tilsynelatande, for i 2013 var tal individ igjen oppe rundt "normalen".

Den jamt over synkende toppskarvbestanden auka også litt i 2013, og det same gjeld sidemåsekolonien som etablerte seg rundt 2007. For denne arten skuldast nedgangen åra før truleg at folk hadde vore på land og tatt egg, og forstyringar kan ha påverka bestandane av fleire andre artar. Under tellingane registrerte vi at skarv forlot reiret mens båten var på 40 m avstand. Dette er i overkant nervøse reaksjonar samanlikna med andre toppskarvlokalitetar, og viser at det er viktig å respektere minsteavstanden til land på 50 m i hekketida.

Det observerte talet på grågås som samlar seg for å skifte vengefjor i dette avsides området varierer ein del, men saman med Ryggsteinen er Moldvær eit av dei viktigaste fjørfellingsområda for grågås i fylket.


Det blei gjort llandstiging på Kvannskjeret, Ingvaldsøy, Storøyna og Klubben i 2013.

Utviklinga i tal hekkande par for dei viktigaste artane er vist i figuren under:



Ryggsteinen

Areal: Land 130 da, sjø 820 da
 Type: Øygruppe med låge, graskledde øyar og snaue skjer
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, tjeld, teist, fiskemåse, grågå
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Registrering 5.6.13, frå 16:30

- Indrøyna: Toppskarv 1, svartbak 31 (9 rugande), raudnebbterne 20, teist 2.
- Husøyna og holmar mot V: Toppskarv 1, grågå 14, ærfugl 2 (1 par), tjeld 1, fiskemåse 1, svartbak 15 (7 rug.), gråmåse 1 rugande, sildemåse 3, teist 1.
- Ytrøyna: Toppskarv 35, grågå 70, ærfugl 60 (5 hoer), svartbak 20, gråmåse 5 (2 rugande), sildemåse 7 (3 rugande), terne 5.
- Paradis: Ærfugl 52 (7 hoer), tjeld 3, svartbak 8, steinkobbe 31.

Utanfor reservatet sat 13 toppskarv på Stemmeskeret og eit par vaksne havørn på Skjerdingsane mot nord.

Ryggsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	37	2
Grågå	84	2
Ærfugl	114 (13 hoer)	5
Tjeld	4	3
Fiskemåse	1	1
Svartbak	74 (16 rugande)	30
Gråmåse	6 (3 rugande)	5
Sildemåse	10 (3 rugande)	5
Raudnebbterne	25	8
Teist	3	3
Steinkobbe	31	



År	1984	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	17.6	28.6	17.6.	19.6.	12.6.	16.6.	10.6.	8.6.	6.6.
Toppskarv	350 (74 reir)	250 (70 reir)	190 (67 reir)	2 (3 reir)	2 (2 reir)	1 (1 par)		10	7 (2 par)
Grågå	260 (5 par)	140	490	180	160 (2 par)	160 (1 par)	210 (4 par)	66 (2 par)	96 (1 par)
Ærfugl	700 (50 hoer, fl. m/ungar)	5	18 (8 ho/3 reir) 5 par	64 (4 ho/3 reir) 5 par	11 hannar	2 (1 ho) 1 par	45 (5 hoer) 3 par		7 (1 ho) 3 par
Siland	180								
Havørn						1			
Tjeld	2 par	4	4	2 (2 par)	14 (2 par)	5 (4 par)	12 (6 par)	4 (2 par)	8 (6 par)
Steinvendar	1 par								
Fiskemåse		3	12 (1 reir)			1	4 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)
Svartbak	50 par	65	160	139 (10 par)	64 (10 par)	59 (20 par)	112 (20 par)	70 (20 par)	93 (20 par)
Gråmåse			48	50 (5 par)	18 (3 par)	10 (3 par)	19 (5 par)	12 (5 par)	1 (1 par)
Sildemåse		3		10 (2-3 par)	17		8 (2-3 par)	2 (1 par)	4 (2 par)
Tjuvjo	2 par		3			2			
Terne	20 par*	100	60				18 (3 par)		90 (10 par)
Lunde	12 (5 reir)	8-10	5	9 (4 par)	1		2		
Teist	120 (70 par)	15(10 par)	25 (17 par)	5 (3 par)	13 (7 par)		2 (2 par)	5 (3 par)	11 (5 par)
Kråke		2 (1 reir)	2 (1 reir)	2 (1 reir)	1			1	
Oter									1
Steinkobbe		30	15	14	12	7		14	2
Havert			1						

*Raudnebbterne

Ryggsteinen var saman med Moldvær i mange år eit kjerneområde for toppskarv og teist i fylket, og på det meste blei det (i 1984) registrert 120 teist. Dette er fleire enn det som har blitt talt årleg i heile fylket dei siste ti åra, og teistebestanden ved Ryggsteinen er no svært liten. Det same gjeld toppskarven, som i praksis forsvann som hekkefugl i 2007. Dette kan skuldast at det blei gjennomført taretråling rundt reservatet året før; i alle fall hadde bølgiene etter dette fått kraft til å skylle over dei låge holmane og fjerne tarevollar og gamle skarvereir. Truleg har taretrålinga ført til både at maten forsvann og at bølgedempinga blei dårlegare rundt holmane.

Det blei ikkje gjort ilandstiging i 2013, da det var varsla dårleg ver og vi derfor prioriterte å telle opp flest mogleg av dei ytre og mest eksponerte hekkeområda i Askvoll så raskt som mogleg. Frå båten såg vi ingen toppskarv som flaug ut frå moglege hekkeområda på holmane, og sjølv om det sat fleire toppskarvar på kvileplassar enn vi har sett dei siste åra, vurderte vi det som lite sannsynleg å finne reir utover dei 0-2 reira vi har påvist dei siste åra.


Figuren under viser utviklinga i tal hekkande par ved Ryggsteinen (ingen telling i 1995 eller 2000, så her er samanlikna med den siste tellinga før århundreskiftet, i 1984). Området, som før var viktig for både toppskarv, ærfugl og teist, er i ferd med å bli ein rein svartbak-utpost.



Ryggsteinen naturreservat.

Håsteinen

Areal: Land 320 da, sjø 3950 da
 Type: Øygruppe med graskledde øyar og ein del snaue skjer
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, sildemåse, grågås, tjeld
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Registrering 5.6.13, frå 17:15

- Lambholmen (+ holmar): Grågås 2, tjeld 2, fiskemåse 2, svartbak 4 (1 rug.).
- Kvannskjeret: Grågås 1, tjeld 2, fiskemåse 13 (9 rugande), svartbak 17 (7 rugande), terne 4.
- Kalvøyna og Bolten: Lom ubestemt 1, grågås 1, svartbak 5 (1 rugande), gråmåse 1 rugande, terne 1.
- Andersøyna – Hellersøyna – Geiteskjeret: Toppskarv 11, grågås 17, ærfugl 55 (3 hoer), fiskemåse 4 (1 rugande), svartbak 21 (12 rugande), gråmåse 19 (11 rugande), sildemåse 26 (17 rugande), tjuvjo 1, ternar 20, kråke 1, oter 1, steinkobbe 3.
- Draget, Gabrielskjeret og holmane rundt: Toppskarv 3, havørn 1 ungfugl, tjeld 3, svartbak 1, gråmåse 1, terne 1.
- Skarveskjera - Svartskjera: Toppskarv 8, ærfugl 7 hannar, fiskemåse 2, svartbak 1.
- Kubbeskjeret: Toppskarv 40, svartbak 4.

Håsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Lom, ubestemt	1	-
Toppskarv	62	-
Grågås	21	5
Ærfugl	62 (3 hoer)	3
Havørn	1 ungfugl	
Tjeld	7	5
Fiskemåse	21 (10 rugande)	12
Svartbak	53 (21 rugande)	25
Gråmåse	21 (12 rugande)	15
Sildemåse	26 (17 rugande)	20
Tjuvjo	1	1
Raudnebbterne	26	5
Kråke	1	-
Oter	1	
Steinkobbe	3	


År	1995	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	13.6	28.6	17.6.		19.6.	12.6.	16.6.	10.6.	8.6.	6.6.
Lom						1				
Toppskarv		160	25		51	97	45	2	63	25
Storskarv					2					
Grågås	80 (11 par)	105	115	16	4 (2 par)	43	24 (5 par)	69 (1 par)	40 (1 par)	20 (3 par)
Ærfugl		350	2	16 hannar	1 hann		125 hannar	15 hannar	38 hannar (3 par)	
Svartand							3			
Siland		11	1	1			1			
Tjeld	10 par	6	11	4	7 (5 par)	8 (5 par)	15 (7 par)	11 (7 par)	6 (5 par)	8 (5 par)
Småspove						3				
Steinvendar	2 par									
Raudstilk	1 par									
Fiskemåse		3	18	13	12 (6 par)	47 (12 par)	32 (8 par)	16 (7 par)	7 (2 par)	9 (4 par)
Svartbak	30 par	45	64	120 (35 p)	174 (30 p)	88 (5 par)	60 (8 par)	93 (30 par)	90 (30 par)	56 (25 par)

År	1995	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Gråmåse		35	15	34 (5-10 p)	29 (10 par)	29 (4 par)	15 (4 par)	29 (7 par)	34 (6 par)	15 (10 par)
Sildemåse		1	5	3	15 (2 par)	4	1	1		25 (15 par)
Raudn. terne	120 par									
Terne		65			2	16 (5 par)		28		
Tjuvjo	1 par	2	1			3	1	2 (1 par)	3 (1 par)	2 (1 par)
Alke	1									1
Lomvi					10					
Lunde		6			5					
Teist	10									
Kråke		1				4		1	1	
Oter								2		
Steinkobbe		5	39	1					8	1

Samanlikna med naboområda Moldvær og Ryggsteinen har Håsteinen verka underleg fattig på hekkande fugl den siste tiårsperioden. Særleg for teisten sin del er det underleg at det i eit område der det i 1984 blei talt 85 individ, ikkje er registrert nokon i det heile tatt dei siste ti åra. Området er eitt av dei viktigaste hausteområda for taretrålarane i fylket, og det let seg dessverre ikkje gjere å halde taretrålinga utanfor dette området da forvaltingsplanen for tare blei forhandla fram for snart ti år sidan.

Som andre sterkt forstyrta område har Håsteinen blitt ein svartbak-utpost, men på den positive sida må det likevel seiast at Håsteinen saman med Kvitingane ser ut til å vere einaste stad å finne tjuvjo i fylket; at alle måseartane har auka siste året; og at ein sildemåsekoloni etablerte seg i 2013. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren under:






Kartet viser Håsteinen naturreservat. Til venstre ein svartbakunge. Svartbaken begynner å bli den mest talrike arten i sjøfugl-reservata i ytre Askvoll.

Kuøyna

Areal: Land 140 da, sjø 246 da
Type: Berglendte øyar med myr og lynghei
Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, sildemåse, grågås
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Lyngbrenning rundt 2010
Dyr på beite: Nei



Registrering 8.6.13, frå 09:55

- Ytre Kuøyna: Ærfugl 1 hann, tjeld 1, svartbak 1, raudnebbterne 4, kråke 2.
- Lambholmen: Ærfugl 2 (1 ho).

Kuøyna samla:


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	3 (1 ho)	2
Tjeld	1	1
Svartbak	1	1
Raudnebbterne	4	?
Kråke	2	?

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	12.6	9.7.	16.6.	5.6.	14.6.	14.6.	8.6.	22.6.	8.6.
Toppskarv								2	
Grågås			8			3			
Ærfugl			11 (6 hoer)	2 hannar		5 (1 ho) 1 par	10 (1 ho) 1 par	17 hannar 1 par	
Siland				1 (1 par)			2 (1 par)		
Tjeld			6	1 (1 par)			2 (1 par)	3 (2 par)	
Storspove			5						
Småspove						1 (1 par)			
Fiskemåse			2	4 (1 par)	1		3 (2 par)		2 (1 par)
Svartbak	8-10 par	3	23 (4 par)	7 (3 par)	10 (1 par)	9 (1 par)	2 (1 par)	6 (2 par)	2 (1 par)
Gråmåse	15 par		3	1	1		7 (1 par)	18 (2 par)	9 (2 par)
Terne					1				
Kråke			1			1	2	2	1

I den siste tiårsperioden har det ikkje vore nemneverdig hekking i dette reservatet. Sjølv om lyngen har blitt brent av og vegetasjonen slik sett er i god tilstand, er det ingen teikn til betring i år. Men tala frå 1995 tyder på at potensialet heller ikkje er så stort. På den lille holmen sør for Lambholmen var det også i år ein fiskemåsekoloni. På nordsida av holmen blei det registrert 20 fiskemåsar, 13 av desse rugande. Dei fire raudnebbternene flaug over vatnet ved den austre enden av Ytre Kuøyna, og på vatnet mellom Indre Kuøyna og Hindøyna (godt utanfor reservatet) låg 4 grågås.

Svarteskjeret

Areal: Land 13 da, sjø 64 da
Type: Høg, berglendt holme med bratte sider og lite vegetasjon
Viktigaste artar: Gråmåse, svartbak
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Ikkje talt i 2013.

År	1995	2004	2006	2007	2010
Dato	13.6	9.7.	13.6.	5.6.	10.6.
Havhest			1		
Grågåås	beitespor				
Ærfugl	150 (ungfuglar)				
Havørn					2 vaksne
Tjeld	1 par			1 (1 par)	2 (1 par)
Fiskemåse			6		1
Svartbak			4	1 (1 par)	2 (1 par)
Gråmåse	4-5 par	5	8	1	3
Sildemåse				1	
Kråke					1

Ved tellinga i 1984 blei det funne hekkebestandar på 20 par gråmåse, 8 par svartbak og 1 par tjeld, i tillegg til 6 ærfuglhoer med ungar og 8 individ av teist. Noko liknande har ikkje denne lille holmen vore i nærleiken av seinare, og området har ikkje blitt prioritert med tanke på telling dei siste åra.

Skardholmen

Areal: Land 40 da, sjø 151 da
 Type: Høg, berglendt holme med bratte sider og gras på toppen
 Viktigaste artar: Gråmåse, toppskarv, svartbak
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei (ikkje behov)




Registrering 7.6.13, frå 18:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Storskarv	2	-
Toppskarv	49 (7 reir sett)	10
Tjeld	3	2
Svartbak	19 (4 rugande)	7
Gråmåse	52 (19 rugande)	25
Raudnebbterne	3	-
Teist	3	2
Kråke	1	-

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	11.6	9.7.	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	8.6.	14.6.	8.6.
Toppskarv	7 reir	45	19 (11 par)	64 (10-15 par)	27 (15 par)	35 (15 par)	12 (5 par)	40 (5-10 par)	19 (5-10 par)
Grågås			3						
Ærfugl	10-12 hoer (med ungar)								
Tjeld	1 par	1 par	3	1 (1 par)	8 (4 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	5 (3 par)	2 (3 par)
Fiskemåse		1			8 (2 par)	2 (1 par)		4 (1 par)	
Svartbak	25 par	10	21 (3 par)	12 (5 par)	25 (5 par)	18 (5 par)	12 (2 par)	9 (3 par)	7 (3 par)
Gråmåse	200 par	25	78 (20 par)	170 (70 par)	73 (20 par)	80 (15 par)	72 (25 par)	40 (15 par)	47 (20 par)
Sildemåse							1 (1 par)		
Terne				10-15					
Tjuvjo	1 par								
Teist			2-3		3 (2 par)	1 (1 par)			
Kråke				2 (1 par)	2 (1 par)			2 (1 par)	
Steinkobbe		7	2		15		1		

Talet på hekkande måsar har gått litt opp og ned dei siste åra, men etter den kortvarige oppgangen for måsane i heile fylket i 2007 har hekkebestandane i grove trekk vore stabile rundt eit mye lågare nivå - og vesentleg mindre enn på 90-talet.

Toppskarven hekkar i sprekkar i loddrett bergvegg og kan derfor ikkje tellast frå land. Det var rolig ver under tellinga, men fordi det regna og det dermed var fare for avkjøling av egg og ungar, brukte vi relativt kort tid på å vurdere reirsprekkene frå båten. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:



Senholmen

Areal: Land 20 da, sjø 280 da
Type: Frodig, graskledd holme med nokre bratte bergsider
Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, sildemåse, grågås
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Registrering 8.6.13, frå 09:35

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	22	15-20
Grågås	9	2
Ærfugl	5 (3 hoer)	3
Tjeld	4	3
Svartbak	46 (9 rugande)	18
Gråmåse	62 (32 rugande)	50
Sildemåse	6 (3 rugande)	5
Teist	7	4
Steinkobbe	7	


År	2000	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	7.6.	9.7.	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	8.6.	22.6.	8.6.
Toppskarv	40-50	180 (10-15 par)	35-40 (19 reir)	21 (17 reir)	12 (25 reir)	25 (20 reir)	27 (17 reir)	48 (16 reir)	8 (17 reir)
Grågås	15			1		10		3 (1 par)	1 (1 par)
Ærfugl	30 (mest hann)					1 hann		2 hoer (2 par)	1 (2 par)
Tjeld		2 par	4	2 (1 par)	2 (1 par)	3 (2 par)	5 (2 par)	2 (1 par)	2 (1 par)
Fiskemåse				5 (2 par)	1	1	4 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)
Svartbak	30 par	70	30 (9 par)	46 (20 par)	22	11 (2 par)	21 (4 par)	15 (8 par)	40 (12 par)
Gråmåse	80-100 par	100	60 (3 par)	120 (50 par)	18	40 (6 par)	45 (8 par)	60 (28 par)	110 (35 par)
Sildemåse						4 (1 par)			10 (3 par)
Teist		8	11	11 (6 par)	9 (5 par)	3 (2 par)	2 (1 par)	4 (2 par)	
Kråke				1	1				
Steinkobbe			23	1	15	45	60	1	60

Ein liten, men imponerende rik hekkeplass, som i 2013 er tilbake på høgde med 2007 når det gjeld hekkande par. Det er likevel eit stykke igjen til tilstandane frå før næringssvikten sette inn i 2003/04.

Det blei ikkje gjort ilandstiging på Senholmen i 2013, på grunn av låg temperatur (10°C) og yr. Situasjonen såg god ut, sjølv om vi ikkje fekk sjekka reirtala på land. Toppskarvane sat spreidd utover ved hekkeplassane, og tal reir var nok minst på nivå med i 2012. Grågjæsene gjekk i par, og tre ærfuglhoer er meir enn vi har sett før i dette århundret.

Av svartbak blei det i 2012 ikkje sett rugande fuglar frå båten (men på land blei det funne 7 reir). I 2013 såg vi 9 rugande fuglar frå båten. Dette indikerer kanskje ein auke, men utslaget er enda større for gråmåsen: Av denne arten blei det i 2012 sett 12 rugande fuglar frå båten (og gjort ytterlegare 10 reirfunn på land), mens det i 2013 blei sett 32 rugande fuglar frå båten. Totalt individtal av måsane er vanskeleg å seie noko om utan ilandstiging på denne hekkeplassen. I 2012 blei det talt 35 gråmåsar frå båten, noko som auka til 110 då fuglane letta under ilandstiginga. I 2013 talte vi 62 gråmåsar frå båten. Overslaget over hekkande par gråmåsar er lauseleg sett til 50 ut frå at vi registrerte 32 rugande fuglar, og at tal rugande fuglar sett frå båt erfaringsmessig er ein god del mindre enn det reelle talet på denne holmen.

At toppskarv og teist på den eine sida og stormåse på den andre sida ikkje blir påverka av dei same næringsproblema, er Senholmen ein god indikasjon på. Då talet på hekkande toppskarv var på det høgste i 2008, var tilhøva for måsane så dårlege at ingen av dei hekka på holmen. Etter dette har måsebestandane bygd seg forsiktig opp igjen, med eit markert oppsving dei siste tre åra. Utviklinga i tal hekkande par er vist under:



Toppskarvane på Senholmen hekkar svært ope og tilgjengeleg, så dette individet er ikkje heilt representativt. At reira ikkje ligg i skjul, gjer skarvekolonien på Senholmen spesielt utsett for forstyringar.

Kvitingane

Areal: Land 263 da, sjø 1583 da
 Type: Høge og bratte holmar med gras og/eller lyng på toppen
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, sildemåse, grågås
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen. Lyngbrenning ønskeleg
 Dyr på beite: Nei (ikkje behov)



Registrering 7.6.13, frå 18:28

- Geitekvitingen m/holmar: Tjeld 1, svartbak 5 (1 rugande), gråmåse 2, tjuvjo 1, raudnebbterne 4. Hansholmen: Toppskarv 1, fiskemåse 2, steinkobbe 45.
- Jørnkvitingen: Fiskemåse 2 (1 rugande), svartbak 4, gråmåse 1, terne 2, kråke 1.
- Leirkvitingen: Svartbak 2, terne 1, steinkobbe 2.
- Vardeholmen-Eineskjera: Fiskemåse 1, svartbak 4 (1 rugande), steinkobbe 23.
- Søre Hjelparen: Toppskarv 13 (hekking?), siland 4 (3 hoer), svartbak 2.
- Nordre Hjelparen og holme i sør: Siland 8 (3 hoer), tjeld 2, svartbak 7 (1 rugande), gråmåse 2, terne 1.
- Kobbvikskjeret: Ikkje undersøkt.

Kvitingane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	14	?
Siland	12 (6 hoer)	5
Tjeld	3	3
Fiskemåse	5 (1 rugande)	2
Svartbak	24 (3 rugande)	10
Gråmåse	5	2
Tjuvjo	1	?
Terne	8	-
Kråke	1	1
Steinkobbe	67	

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	11.6	8.7.	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	8.6.	14.6.	8.6.
Toppskarv		25	22	2	62	48	16	22	36
Storskarv				1					
Hegre			1						
Grågås			2	4 (2 par)	22 (2 par)				
Kanadagås							2 (1 par)		
Gravand			1	1 (1 par)					
Ærfugl			2 hoer	5 (1 ho) 2 par			5 hoer 1 par	4 hoer 2 par	6 (2 hoer) 2 par
Siland							2 (1 par)	14	2 (1 par)
Havørn								1 ungfugl	1
Tjeld	4-5 par		14	14 (8 par)	13 (8 par)	6 (3 par)	16 (7 par)	14 (7 par)	6 (4 par)
Fiskemåse			4 (1 par)	2 (1 par)	3 (1 par)	5 (2 par)			1
Svartbak	2-3 par	30	52 (2 par)	70 (20 par)	28 (6 par)	29 (4 par)	38 (5 par)	46 (15 par)	35 (15 par)
Gråmåse		16-20	5	1	4	1	1	6 (3 par)	
Sildemåse								1	
Terne			8	47 (10 par)*	8			3*	7 (2 par)
Tjuvjo		1				1	2		
Teist									1 (1 par)
Kråke					2	3			


Ramn			2						
Steinkobbe		5	18	14	18	12	15	15	35

*Makrellterne

Området hadde etter sigende store problem med mink på 90-talet, og bestandane har vore små også seinare pga. næringssvikten frå 2004 av. Det har ikkje skjedd større endringar dei siste åra, men det må nemnast at Kvitingane, saman med Håsteinen, er einaste meir eller mindre faste tilhaldsstad for tjuvjo i fylket. Skarveskit i ei bergsprekk på Søre Hjelparen kan tyde på at toppskarv har vist interesse for hekking i 2013. Dette er ikkje registrert i reservatet tidlegare.

Kobbevikskjeret blei ikkje undersøkt, fordi det begynte å bli seint på dag og vi prioriterte å sjekke betre hekkeplassar mot aust før vi gjekk til hamn i Askvoll sentrum.


Lyngen på Leirkvitingen (den største av holmane) begynner å bli i grovaste laget, og skjøtsel i form av lyngbrenning bør vurderast nærare.



Kobbevikskjeret i sør ved den større øya Aralden høyrer også med til Kvitingane naturreservat.

Raudøy

Areal: Land 538 da, sjø 1947 da
 Type: Øygruppe med lyng- og graskledde øyar
 Viktigaste artar: Gråmåse, sildemåse, svartbak
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen. Lyngbrenning ønskeleg
 Dyr på beite: Nei, men ønskeleg



Registrering 7.6.13, frå 19:07 (ilandstiging 8.6.13 frå 09:10)

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Havørn	1 ungfugl	
Tjeld	4	3
Svartbak	22 (8 rugande)	12
Gråmåse	20	10
Sildemåse	65	30
Makrellterne	4	2
Kråke	1	1

År	2000	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	7.6.	8.7.	16.6.	4.6.	14.6.	16.6.	8.6.	14.6.	8.6.
Toppskarv	5								5 (1 par)
Grågås	9 par					1 par			
Kanadagås	1 par		18	5	16 (1 par)		2 (1 par)		
Gravand	1		1 par			1 par			
Ærfugl	15 hoer (fl. m/ungar)				1 ho			3 hoer 1 par	
Siland	8 par	1 par	3				3 (2 par)	2 (4 par)	
Tjeld	6 par		2	2 (2 par)	3 (2 par)	2 par	4 (4 par)	2 (4 par)	
Storspove	1 par								
Fiskemåse			3 (1 par)		2 (5 par)		2 (1 par)	5 (1 par)	2 (1 par)
Svartbak	100 par	7 par	50 (20 par)	70 (30 par)	25 (4 par)	5 par	15 (10 par)	22 (10 par)	12 (10 par)
Gråmåse	200 par	220	200 (70 par)	300 (100 par)	80 (20 par)	230 (40 par)	160 (30 par)	25 (10 par)	50 (20 par)
Sildemåse	350 par	70	200 (70 par)	350 (150 par)	90 (25 par)	270 (50 par)	340 (80 par)	20 (10 par)	50 (20 par)
Terne			2*					5	
Tjuvjo							2 (1 par)		
Teist		1							
Kråke			1	2	1		1 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)
Steinkobbe								1	


*Makrellterne

Raudøya var lenge blant dei viktigaste hekkeplassane for sildemåse og gråmåse i fylket. Talet på gråmåse og sildemåse har tidlegare blitt registrert ved fotoseriar horisonten rundt frå eit sentralt utsiktspunkt. Bileta viste 473 måsar i 2007, 115 i 2008, 454 i 2009, og 418 i 2010. Det reelle talet på sildemåse og gråmåse blei vurdert til hv. 650, 170, 500 og 500.


I 2011 blei det gjennomført ei rask telling i kolonien på Raudøya i regnvær. Talet på sildemåsar og gråmåsar var da etter alt å dømme suverent det minste som er registrert. I 2012 hadde talet auka litt, og i 2013 såg det ut til at den langsame auken hadde heldt fram for sildemåsen sin del. Men det var enda ein gang såpass kjølig (7-8°C) at det berre blei gjort ei rask ilandstiging i kolonien på Raudøya, utan fotografering. Det låge talet på masar gjer at det

likevel er rimeleg sikkert at dei oppgitte tala er nær dei reelle. Svartbakane skriv seg vesentleg frå holmane lenger aust i reservatet.

Kva som var årsaka til at kolonien blei meir eller mindre forlatt i 2011, da bestandane i fylket elles var i forsiktig auke, er ikkje godt å seie - men det kan ha vore lokale forflyttingar utløyst av ei eller anna form for forstyring i den mest sårbare perioden. At det er på tide med lyngbrenning kan også vere eit poeng, men det åleine forklarar ikkje nedgangen frå 2010 til 2011. Utviklinga i tal hekkande par for dei viktigaste artane er vist under:




Krokholmen (neste side)



Krokholmen

Areal: Land 12 da, sjø 49 da
Type: Låg holme med rik vegetasjon
Viktigaste artar: Fiskemåse, svartbak, ærfugl, gråmåse, sildemåse
Miljø: Indre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Tre og busker fjerna våren 2010
Dyr på beite: Nei



Registrering 7.6.13, frå 19:37

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Kanadagås	1 rugande	1
Ærfugl	4 hoer	4
Tjeld	3	2
Strandsnipe	2	1
Fiskemåse	22 (10 rugande)	15
Svartbak	15 (7 rugande)	8
Gråmåse	5 (2 rugande)	3
Sildemåse	4	2

År	1995	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	5. og 11.6	7.6.	16.6.	4.6.	14.6.	14.6.	8.6.	14.6.	8.6.
Toppskarv			1			11			
Grågås		3 par					2 par		
Kanadagås	11 (2 par)	4 (1 par)	2	8 (3 par?)		1 (1 par)		21	
Gravand							1 (1 par)		
Ærfugl	25 (10 ho m/ungar)	16 hoer, fl. m/ungar	4 (3 hoer)	48 (32 hoer) 10-15 par	5 hoer 3 par	13 ho/2 reir 3 par	32 (17 ho/7r) 7 par	8 hoer 5 par	6 hoer 4 par
Siland			5			3 (1 par)	4 (2 par)		
Tjeld	1 par	5 par	2	3 (2 par)	2 (1 par)	4 (2 par)	5 (2 par)		1 (1 par)
Steinvendar						2 (1 par)	1 (1 par)		
Hettemåse	11 par								
Fiskemåse	50-60 par	100 par	10	19 (8 par)	31 (10 par)	31 (29 par)	85 (30 par)	50 (25 par)	29 (15 par)
Svartbak	4-5 par	30 par	7	11 (4 par)	13 (5 par)	9 (7 par)	9 (4 par)	10 (4 par)	20 (8 par)
Gråmåse		30 par	2					15 (5 par)	
Sildemåse							1	15 (5 par)	2 (1 par)
Terne						10 (1 par)	10 (1 par)		
Kråke		1 par	2	1					

Som ein del andre hekkeplassar i midtre og indre kyst følgde ikkje Krokholmen den vanlege utviklinga etter næringssvikten i 2003/04, med ein mellombels topp i 2007. I staden har det vore ein ganske jamn, positiv utvikling, sjølv om talet på fiskemåsar har minka igjen dei siste par åra.


Det blei ikkje gjort ilandstiging i 2013, da det var seint på dag og litt kjøleg i veret. Men det er relativt klårt at hekkebestanden av fiskemåse var om lag som i fjor. Hekkeplassen er tydelegvis interessant for fleire andre artar, og det blir kanskje trøgt om plassen etter kvart (sjølv om tala frå 2000 tyder på at det bør vere ein del å gå på enno).

Talet på hekkande ærfugl har vore svært lågt i Sogn og Fjordane gjennom fleire år. Den vesle Krokholmen har vore eit av dei beste områda for ærfugl i fylket frå 2007, men med ein aukande svartbakbestand på ein såpass liten holme er det ikkje usannsynleg at tal hekkande ærfugl vil minke dei næraste åra.

Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren på side 73

Flatøy

Areal: Land 75 da, sjø 175 da
 Type: Flate holmar med myr og grasbakkar
 Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
 Miljø: Indre kyst/fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Trefelling i 2007 og 2008, rydding ferdig i 2010
 Dyr på beite: Nei

**Registrering 7.6.13, frå 19:55**

	Observert	Overslag, hekkande par:
Grågås	23	-
Ærfugl	5 hoer	3
Tjeld	3	2
Fiskemåse	3	1
Svartbak	4 (1 rugande)	1
Gråmåse	1 ungfugl	-
Teist	1	?


År	1995	2000	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	5. og 13.6	7.6.	8.7.	16.6.	4.6.	14.6.	14.6.	8.6.	14.6.	8.6.
Toppskarv								1		
Hegre		2			1					2
Kanadagås	1 par	1 par								
Grågås		45						3		
Stokkand								2		
Ærfugl		13 hoer, fl. m/ungar						2 (1 par)		
Siland		2 par		2						5 (2 par)
Tjeld	2 par	3 par					1 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	
Storspove							1 (1 par)			
Raudstilk					2 (1 par)					
Strandsnipe						1 (1 par)		2 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)
Fiskemåse	15 par		1			1 (1 par)	1 (1 par)			2 (1 par)
Svartbak	3 par		1	1	3 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	3 (2 par)	1 (1 par)
Gråmåse									1	
Kråke		1 par			1					

Tilgroing med barte innplanta på 70-talet reduserte gradvis verdien av øya som hekkeplass for sjøfugl. Den sørlege halvdelen av øya blei snaua for tre og lyngen brent vinteren 2007, og skogen på den nordlege delen felt vinteren 2008. Like etter ryddinga blei det registrert hekking av måsar igjen for første gang sidan 1995, men omfattande nyetablering har det ikkje blitt enno.

Flatøy har for så vidt heller aldri hatt store konsentrasjonar av hekkande sjøfugl, men snarare eit breitt artsutval av andefuglar, vadarar og måsar, og dette kan sjå ut til å vere på veg tilbake. I år blei det også sett ein teist, som truleg er det mest "innaskjers" eksemplaret av arten som er registrert på kysten av fylket i hekketida.

Prestøy

Areal: Land 211 da, sjø 196 da
Type: Vegetasjonsrik øy med skog og myrområde
Viktigaste artar: Fiskemåse, svartbak, tjeld
Miljø: Indre kyst/fjord
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Skogfelling i 2007, omfattande ryddearbeid fram til 2013
Dyr på beite: Usikkert, men behov for meir beiting på Prestøya



Registrering 8.6.13, frå 8:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Hegre	1	-
Siland	2 (1 ho)	1
Tjeld	6 (1 rugande)	3
Gråmåse	1	1
Nise	2	


År	1995	2000	2004	2005	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	5. og 13.6	7.6.	8.7.	16.6.	14.6.	14.6.	8.6.	14.6.	9.6.
Hegre					1	1			2
Grågås						2 (1 par)			
Gravand									6 (2 par)
Ærfugl		8 hoer (fl. m/ungar)							
Siland							2 (1 par)		4 (2 par)
Tjeld		4 par			3 (2 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)
Storspove		1 par							
Enkeltbekkasin		2-3 par							
Hettemåse		6							
Fiskemåse		5 par		4	3 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)
Svartbak	10-15 par	3 par	1	1		2 (1 par)		1 (1 par)	1 (1 par)
Gråmåse						2		1	2 (1 par)
Sildemåse						2			
Terne								1	
Kråke						1 (1 par)			

Prestøy hadde i 1983/84 om lag 400 par fiskemåse, 200 par sildemåse, 100 par gråmåse og 50 par svartbak, og var ein av dei viktigaste hekkelokalitetane for måsar i Sogn og Fjordane. Nokre av artane minka i tal da det lokale fiskemottaket blei lagt ned, og på same tid grodde granplantingar frå 70-talet til og øydela tilhøva for sjøfuglane. I den siste tiårsperioden har det knapt hekka sjøfuglar på sjølve Prestøya, i staden blir den lille Lauvholmen brukt.

Alle observasjonar i 2013 blei gjort på Lauvholmen; det blei ikkje sett fuglar på sjølve Prestøy. Dei tre gravandpara (to vurdert hekkande) frå i fjor blei ikkje sett.

Kvannholmen

Areal: Land 2 da, sjø 13 da
 Type: Flate holmar med myr og grasbakkar
 Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
 Miljø: Fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Trefjerning i 2010
 Dyr på beite: Nei, ikkje behov



Registrering 8.6.13, frå 08:15

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	1 reirfunn	1
Ærfugl	1 reirfunn	1
Tjeld	1 reirfunn	1
Hettemåse	9 (6 rugande)	6
Fiskemåse	80 (10 rugande, 26 reirfunn)	30
Svartbak	1 (1 reirfunn)	1
Makrellterne	5 (3 reirfunn)	3

År	1995	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	5.6.	7.6.	16.6.	4.6.	14.6.	14.6.	8.6.	14.6.	9.6.
Hegre		1							
Grågås							1 par		
Kanadagås	2 par							2	
Ærfugl			9 hoer			5 reir (5 par)	3 (1 ho) 6 par	1 par	2 reirfunn 2 par
Tjeld		1 par				1	1		
Hettemåse									2 (2 par)
Fiskemåse	2 par		15 (4 par)	21 (10 par)	14 (6 par)	70 (37 par)	70 (30 par)	50 (20 par)	22 (30 par)
Svartbak	1 par	1 par		2 (1 par)		1 (1 par)	1 (1 par)	5 (1 par)	1 (1 par)
Terne	10 par*			7 (2-3 par)*		10 (3 par)**		35 (8 par)	9 (3 par)


*Makrellterne

**Raudnebbterne

Eit av få sjøfuglreservat som har fleire hekkande fuglar no enn før næringskollapsen i Nordsjøen i 2003/04. I dei dårlegaste åra var Kvannholmen med i underkant av 10 par fiskemåsar ein av dei viktigaste hekkeplassane for denne arten i fylket (!).


Yr og kjølig ver (6°C) førte til at det berre blei ei svært rask ilandstiging (10 minutt) i 2013. Hettemåsane som etablerte seg med to par i 2012 hadde auka, og det blei registrert 6 rugande fuglar frå båten. Ved ilandstiginga viste det seg problematisk å skilje hettemåse- og fiskemåsereir, men hettemåsane låg konsentrerte i tett vegetasjon. Av dei 32 funne måsereira blei 6 tilskrivne hettemåse, resten fiskemåse (på grunn av hastverket er det kalkulert inn at ikkje alle fiskemåsereira blei funne).

Før ilandstiging blei det talt 59 fiskemåsar frå båten, men under ilandstiginga blei det anslått at det var om lag 100 måsar og terne i lufta, ein indikasjon på at det kan ha vore enda fleire fiskemåsereir som ikkje blei funne enn dei fire som det er kalkulert med her. Men det kan også vere at det i år var fleire "arbeidsledige" fiskemåsar i kolonien enn det var i 2012. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:



Sørværet

Areal: Land 3190 da, sjø 4845 da
Type: Øyvær med lyngkledde holmar
Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, fiskemåse, ærfugl
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Våtmarksreservat, 1991
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Lyngbrenning på Austneset, ikkje på holmane
Dyr på beite: Sauar på Austneset, ikkje på holmane



Ikkje talt i 2013.


År	1984	2010
Dato	16.6.	10.6.
Smålom	2	
Hegre	40 (12 reir)	
Grågåås	5	
Ærfugl	315 (15 hoer m/ungar) 20 par	46 (4 hoer) 5 par
Siland	115	13 (3 par)
Havørn	1	
Tjeld	10 par	10, 1 rugande (8 par)
Steinvendar	2 par	
Tjuvjo	1 par	
Fiskemåse		10 (4 par)
Svartbak	15 par	48, 9 rugande (25 par)
Gråmåse		24, 11 rugande (15 par)
Sildemåse		1
Terne	60 (15 par)	1
Lunde		1
Teist	4	1
Kråke		3 (1 reir) 2 par
Oter		1
Steinkobbe		4

Hovudføremålet med vernet var lynghei og myr på Austneset, men holmane i sør blei tatt med for fuglelivet si skuld. Godø talte ikkje området i 1995 eller 2000, og det har heller ikkje blitt prioritert under dei seinare tellingane. Dei fleste fuglane hekkar heilt i sørvest, der det er minst lynghei.

Sørværet har like mye hekkande fugl no som på 80-talet, men heile potensialet som hekkeplass er likevel neppe tatt ut. Lyngbrenning på holmane kan auke hekkebestandane i området, som er eit viktig næringsområde vinterstid og truleg er det også om sommaren.

Bunesholmane

Areal: Land 50 da, sjø 270 da
Type: Høge, bratte holmar med lite vegetasjon
Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei



Registrering 7.6.13, frå 17:47

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	-
Fiskemåse	1	-
Svartbak	3	2
Gråmåse	4	1


År	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	11.6.	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	9.6.	14.6.	8.6.
Toppskarv			5					1
Grågås	18 (1 par)							
Svartand			1 hann					
Havørn		1						
Tjeld	3 par	3	2 (1 par)	2 (1 par)		4 (3 par)	1 (1 par)	
Fiskemåse		30	22 (10 par)	9 (4 par)	2	27 (10 par)	13 (8 par)	7 (4 par)
Svartbak	10-12 par	2	12 (4-5 par)	8 (2 par)	4 (2 par)	5 (2 par)	4 (2 par)	2 (1 par)
Gråmåse		8	2 (1 par)	8 (2 par)		10 (6 par)	9 (3 par)	
Sildemåse				3		2		
Terne		70						
Teist								1 (1 par)
Kråke			1 (1 par)					
Steinkobbe					9	1		

Eit område med små hekkebestandar, og i tillegg merkbar nedgang dei siste par åra. Men det var ikkje store hekkebestandar her på 80-talet heller, Godø (1984) nemner 5-6 par svartbak og ein flokk på 500 ærfugl ("Brattholmane"). Naboområdet Myrbærskjera ser ut til å ta hand om dei fleste måsane i dette området, så slik sett er det kanskje ikkje mye meir å vente på denne lokaliteten før næringstilhøva på kysten blir vesentleg betre enn i dag.

Det regna under tellinga i 2013; dette kan ha påverka resultatet litt fordi rugande fuglar ofte ligg fastare på egg eller ungar i regnvær og dermed kan vere vanskelege å sjå oppe på den 33 meter høge Bunesholmen.

Myrbærskjera

Areal: Land 40 da, sjø 390 da
 Type: Holmar med frodig vegetasjon
 Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
 Miljø: Indre kyst/fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Fjaler
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei



Registrering 7.6.13, frå 17:20


- Holmar i SV: Smålom 1, siland 1 hann, tjeld 2 rugande, fiskemåse 2, svartbak 17 (9 rugande), gråmåse 2 (1 rugande), sildemåse 3 rugande.
- Holmar i NØ: Tjeld 2, svartbak 21 (11 rugande), gråmåse 122 (52 rugande), sildemåse 14 (6 rugande), raudnebbterne 1.


Myrbærskjera samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Smålom	1	-
Siland	1 hann	1
Tjeld	4 (2 rugande)	3
Fiskemåse	2	1
Svartbak	38 (20 rugande)	25
Gråmåse	124 (53 rugande)	65
Sildemåse	14 (9 rugande)	10
Raudnebbterne	1	-


År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	11.6.	8.7	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	9.6.	14.6.	8.6.
Toppskarv						1		12	
Grågås	11			2 (1 par)	2 (1 par)	7 (2 par)		4 (2 par)	23 (4 par)
Ærfugl	10 (fleire hoer m/ungar)		1 par		1 (1 par)				3 hoer 1 par
Siland								2 (1 par)	
Tjeld	2 par		3	4 (3 par)	4 (3 par)	3 (2 par)	4 (2 par)	5 (3 par)	3 (2 par)
Fiskemåse			10		3 (2 par)	5 (2 par)	3 (2 par)		
Svartbak	40 par	14	25 (9 par)	54 (24 par)	62 (24 par)	37 (15 par)	62 (20 par)	38 (15 par)	76 (25 par)
Gråmåse	220 par	10	29 (11 par)	122 (70 par)	102 (35 par)	47 (10 par)	90 (45 par)	75 (30 par)	153 (75 par)
Sildemåse			2		2 (1 par)	5 (2 par)	1 (1 par)	14 (5 par)	23 (10 par)
Terne			75	10 (3-5 par)	1 (1 par?)				
Tjuvjo	1 par								
Kråke							3 (1 par)		
Steinkobbe			2	1	1		1		
Havert						1			

Ein tradisjonelt viktig hekkeplass for måsar, som har klart tilbakegangen etter 2003/04 betre enn mange andre. Toppen av dei nordlegaste holmane (18 og 16 m) er ikkje synlege frå båt, det er derfor lagt til litt fleire hekkande par (særleg av gråmåse) enn det normale tillegget for område der det ikkje er gjort reirtelling på land. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren under:






Sørværet naturreservat



Bunesholmane og Myrbærskjera naturreservat ligg søraust for Sørværet

Sakrisøy

Areal: Land 675 da, sjø 1210 da
Type: Lyngkledd øy med grasmak i vest, lyng- og graskledd holmar
Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse, ærfugl
Miljø: Indre kyst
Vernestatus: Våtmarksreservat, 1991
Kommune: Hyllestad
Skjøtselstiltak: Trefelling vinteren 2007, rydding ferdig i 2011
Dyr på beite: Sau, men treng truleg meir beiting



Registrering 7.6.13, frå 16:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	3	-
Grågås	7	3
Kanadagås	2	1
Ærfugl	3 (1 ho)	2
Siland	2 hoer	2
Tjeld	9	6
Fiskemåse	22 (11 rugande)	13
Svartbak	27 (9 rugande)	15
Gråmåse	4	2
Sildemåse	3 (1 rugande)	2


År	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	11.6.	16.6.	5.6.	14.6.	14.6.	9.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv		12	8	19	6	6	10	14
Hegre				1				
Grågås	18 (6 par)	15		11 (2 par)	15 (2 par)	6 (2 par)	28 (2 par)	11 (5 par)
Kanadagås		7	7 (2-3 par)			2 (1 par)		
Ærfugl	45 (fleire m/ungar)	8 (2 hoer)	13 (7 hoer) 6 par	5 ho (to kull) 3 par			21 (17 hoer) 6 par	14 (4 hoer) 4 par
Siland			2 (1 par)	3 (1 par)	2 (1 par)	5 (2 par)	3 (1 par)	2 (1 par)
Havørn					1 ungfugl			
Tjeld	5 par	13	12 (5 par)	14 (6 par)	1 (1 par)	8 (4 par)	12 (6 par)	3 (3 par)
Storspove	2 par	1						
Strandsnipe						1 (1 par)		
Steinvendar		1						
Fiskemåse	80 par	7 (6 par)	9 (4 par)	9 (1 par)	9 (1 par)	17 (5 par)	15 (5 par)	3 (2 par)
Svartbak	30 par	12 (5 par)	27 (10 par)	29 (5 par)	19 (8 par)	24 (8 par)	36 (15 par)	26 (15 par)
Gråmåse		7 (6 par)	9 (3 par)	1		7	2	1
Terne	75 par*		2		9			
Teist		2		2 (1 par)	5 (3 par)			
Kråke		1	2			2 ungar (1 par)		
Oter			1	3				
Steinkobbe		2					1	

*Makrellterne


Hekkebestandane i området har ikkje auka nemneverdig det siste tiåret, og ligg generelt på eit lågt nivå. Hovudøya er såpass stor at det er lett å oversjå hekkande fuglar der, men ut frå den generelle aktiviteten å døme skjer så godt som all hekking på holmane mot vest og sør.

Det er eit langt stykke igjen til dei observerte hekkebestandane i 1983/84, med 220 reir av fiskemåse, 80 av gråmåse, 40 av sildemåse, 20 av svartbak og på det meste 345 ternereir. Berre svartbaken begynner å nærme seg. Området ligg nok for langt inne til at det er aktuelt som hekkeplass for gråmåse og sildemåse slik tilhøva er no.

Hovudøya (Hatløyna) har store, opne grasmarker i vest, men desse var i ferd med å gro til med lauvskog, og hogst blei gjennomført vinteren 2007. Rydding etter hogsten blei gjennomført etter hekkesesongen i 2011, og det er no store, opne, beita enger tilgjengelege som hekkeplass. Men det tidlegare kulturlandskapet er dessverre utsett for altfor mye ulovleg ilandstiging og forstyrringar til at fuglane vil hekke der i særleg omfang.




Over: Utvikling i tal hekkande par av viktige artar ved Sakrisøy. Under: Hekkeplassane er vesentleg å finne på holmane i vest og sør.



Ønaholmane

Areal: Land 195 da, sjø 84 da
Type: Flate, lyngkledde holmar
Viktigaste artar: Fiskemåse, svartbak, ærfugl
Miljø: Fjord
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Hyllestad
Skjøtselstiltak: Trefelling i 2008 og haust 2011, lyngbrenning hausten 2012
Dyr på beite: Nei



Registrering 7.6.13, frå 14:35


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	2 hoer	2
Tjeld	5	2
Fiskemåse	41 (18 rugande)	21
Svartbak	5 (2 rugande)	3
Gråmåse	2 (1 ungfugl)	?

År	1984	2006	2007	2008	2009	2011	2012
Dato	13.6.	12.6.	5.6.	14.6.	14.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv							1
Hegre					1		
Grågåås				6 (3 par)			1 (1 par)
Kanadagås						4	4
Ærfugl	6 ho m/ungar 6 par	7 (5 hoer)	10 (3 hoer) 3 par	11 hoer/3 kull 5 par	7 (5 hoer/1 kull) 2 par	1 ho m/ungar 1 par	3 hoer 2 par
Siland	7	3 (2 hoer)		4 (1 par)			
Tjeld	4 par	6	6 (3 par)	3 (2 par)	5 (3 par)	2 (2 par)	3 (2 par)
Steinvendar	1 par						
Raudstilk	2 par						
Strandsnipe		1					1 (1 par)
Fiskemåse	45 par	58 (5 par)	33 (8 par)	17 (5 par)	3 (2 par)	7 (3 par)	2 (1 par)
Svartbak		7 (4 par)	6 (2 par)	5 (2 par)	10 (3 par)	3 (2 par)	3 (2 par)
Gråmåse		9 (3 par)			1		
Terne	200 par*						
Teist	8						
Kråke			2 (1 par)	1 par		2	
Ramn		1					
Oter							1

*75% makrellterne


Øyene har vore i ferd med å gro igjen med spreidde gran og rogn, og desse har blitt rydda vekk over dei siste par åra. Etter hekkesesongen i fjor var det for første gang på fleire år tørt nok til også å svi av lyngen, og dette er nok ein viktig del av forklaringa på den brå auken frå eitt enkelt hekkande par fiskemåse i fjor til over 20 i år.

Fiskemåsane har no for alvor begynt å ta tilbake dei tidlegare hekkeplassane på den indre kysten, og det er særleg dei relativt små og låge holmane som blir føretrekte. Utvikling i tal hekkande par på Ønaholmane er vist under.



Ramsholmen

Areal: Land 99 da, sjø 210 da
Type: To høgare, skogkledde holmar og ein låg, graskledd
Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Solund
Skjøtselstiltak: Trefelling i 2009, rydding ferdig i 2013
Dyr på beite: Store Ramsholmen (4 verar)



Registrering 7.6.13, frå 16:40


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Havørn	1 vaksen	
Tjeld	2	2
Fiskemåse	1 ungfugl	-
Kråke	1	1

År	1995	2005	2006	2007	2009	2010	2011
Dato	10.6.	16.6.	12.6.	5.6.	18.5.	9.6.	14.6.
Grågås	spor						4 (1 par)
Siland		2					1 (1 par)
Tjeld		1	2				1 (1 par)
Fiskemåse	15 par	3					1
Svartbak	12 par	3	3			2	3 (1 par)
Gråmåse		1					
Terne		1	2				1
Kråke				1	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)
Ramn			1				
Steinkobbe						1	

Dette området har aldri hatt større tal hekkande fuglar. Ein hegrekoloni på Årsholmen blei øydelagt da skog av innplanta bergfuru bles ned på 90-talet, og da næringsmangelen slo til like etter årtusenskiftet blei alle holmane i stor grad liggande ubrukte. Mye av skogen på Årsholmen er no fjerna, men verken her eller på den flate og opne Store Ramsholmen har fuglelivet kome tilbake.

Gåsvær

Areal: Land 451 da, sjø 14780 da
Type: Øygruppe med graskledde holmar og snaue skjer
Viktigaste artar: Toppskarv, ærfugl, tjeld, svartbak, gråmåse, sildemåse, teist
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Solund
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Sauar på Litleværet, Lægdesteinen, Vardesteinen, Storeplitten (7) og Lyngøyna



Registrering 5.6.13, frå 18:45 (Litleværet og Skjerdingsane), og 6.6.13 frå 07:50

- Litleværet og holmar rundt: Grågås 17, ærfugl 1 hann, tjeld 5, fiskemåse 4, svartbak 31 (8 rugande), gråmåse 7 (4 rugande), raudnebbterne 7, steinkobbe 1.
- Skjerdingsane og holmar: Toppskarv 8 (2 reir, med innhald), tjeld 4, fjøreplytt 1, svartbak 12 (1 reirfunn), terne 13.
- Svarteskjera: Svartbak 18, gråmåse 15, sildemåse 5-6 (kvileplass).
- Steinane: Toppskarv 28 (Lægdesteinen 4 reir, med innhald), ærfugl 1 reirfunn, havørn 1 ungfugl, tjeld 6 (1 reirfunn), svartbak 52 (9 rugande, 2 reirfunn), gråmåse 85 (27 rugande, 25 reirfunn), sildemåse 75 (17 rugande, 24 reirfunn), teist 10, ramn 2. Til saman 49 måsereir funne på Lægdesteinen (mot 33 i fjor) og 1 på Låna.
- Plittane: Toppskarv 43 (Fugleplitten 18 reir, 15 med innhald; Storeplitten 6 reir, 5 med innhald), ærfugl 6 (4 hoer, 1 reirfunn), tjeld 3, fiskemåse 4, svartbak 43 (13 rugande, 4 reirfunn), gråmåse 21 (6 rugande, 2 reirfunn), teist 6, kråke 2, sel 1. Måsereir funne ved ilandstiging: 4 på Fugleplitten og 2 på Storeplitten (mot 4 og 3 i fjor).
- Lyngøy: Toppskarv 34 (18 reir, 11 med innhald), tjeld 6 (1 reirfunn), steinvender 1 hann, svartbak 28 (3 reirfunn), gråmåse 75 (3 reirfunn), sildemåse 50 (5 reirfunn).

Gåsvær samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	113 (42 reir, 32 med innhald)	45
Grågås	17	4
Ærfugl	7 (4 hoer, 2 reirfunn)	6
Havørn	1 ungfugl	
Tjeld	24 (2 reirfunn)	17
Fjøreplytt	1	-
Steinvender	1 hann	1
Fiskemåse	8	4
Svartbak	184 (30 rugande, 10 reirfunn)	65
Gråmåse	203 (37 rugande, 30 reir funne)	95
Sildemåse	131 (17 rugande, 29 reir funne)	60
Raudnebbterne	20	8
Teist	16	10
Kråke	2	?
Ramn	2	?
Steinkobbe	1	
Sel, ubestemt	1	

År	1995	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	10.6	22.6	13.6.	20.6.	12.6.	16.6.	9.6.	21.6.	6.6.
Havsule		3							
Havhest		1	3						
Toppskarv	85 reir	65 26 reir	80 36 reir	193 (68r) 70 par	106 (78r) 85 par	176 (61r) 65 par	148 (70 r) 75 par	115 (71 r) 80 par	77 (78 r) 85 par
Grågås	40 (6 par)	57 (2 par)		74 (5 par)	106 (5 par)	73 (5 par)	62 (5-10 par)	19 (1 par)	44 (5 par)
Kvitkinngås					2				
Stokkand					1 hann				
Ærfugl	450 (50 r, 200 k) 250 par	600 (27 hoer) 5-10 par	170 (24 ho, 2reir) 10 par	119 (11 ho, 9 k/r) 10 par	60 (9 hoer, 4 r) 8 par	300 (11 hoer, 9 r) 10 par	128 (32 hoer, 2 r) 10 par	195 (8 hoer, 1 r) 5 par	10 (4 hoer, 1 r) 5 par
Svartand			25			60			

År	1995	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Havørn			2 par, vaksne						
Tjeld	13 par	14	16 (6 reir)	29 (12 par)	12 (6 par)	26 (12 par)	28 (15 par)	21 (12 par)	31 (18 par)
Heilo							1		
Raudstilk	2 par								
Krykkje			3 ungfuglar						
Fiskemåse		26 (3 reir)			59 (5 par)	3 (3 par)	23 (8 par)	2 (1 par)	16 (8 par)
Svartbak	300 par	200 (35 reir)	525 (47 reir)	221 (40 par)	163 (20 par)	264 (35 par)	325 (45 par)	187 (50 par)	272 (60 par)
Gråmåse	500 par	65 (12 reir)	380 (31 reir)	262 (60 par)	311 (120 p)	398 (50 par)	388 (60 par)	276 (75 par)	295 (90 par)
Sildemåse	120 par	10 (1 reir)	15	174 (25 par)	65 (20 par)	250 (40 par)	175 (35 par)	143 (55 par)	136 (60 par)
Terne		110	7	1	3			6	34 (12 par)
Makrellt.							50 (15 par)		
Raudnebbt.	225 par					336 (30 par)	35 (15 par)		
Tjuvjo					1				
Lunde		2							
Teist	20	13	17	5 (3 par)	6 (3 par)	15 (8 par)	9 (5 par)	9 (5 par)	13 (8 par)
Kråke		3	1		3 (1 par)	1	4 (2 par)	3 (2 par)	3 (2 par)
Oter			1				1		
Havert		1	1						
Steinkobbe				7	2		4		1
Nise					3				



Eit av dei viktigaste sjøfuglområda i fylket (og på Vestlandet), med både mange artar og relativt store bestandar. Det har gjennom alle år blitt registrert relativt høge individtal av måsar i Gåsør. I 2011 heldt auken i tal hekkande par fram, sjølv om *individtala* sank til eit nivå lågare enn dei har vore på ei stund. Denne utviklinga har vi sett over nesten heile fylket i åra etter, noko som tilseier at det er færre ikkje-hekkande individ i koloniane no. Samtidig har ikkje tal hekkande par auka like mye som "ledigheitstala" er reduserte, og kvar det blir av overskotet har vi ingen haldepunkt for å seie.

Det blei i 2013 gjort ilandstiging for å leite etter skarvereir på Skjerdings, Lægdesteinen, Låna, Storeplitten, Fugleplitten og Lyngøyna. Vind frå sør gjorde at vi ikkje kom i land på Kråkesteinen. Hekkebestanden av toppskarv er nesten halvert sidan i fjor, etter å ha halde seg relativt stabil gjennom dei føregåande tellingane (merk at tala frå dei siste tellingane (07-13) ikkje kan samanliknast direkte med dei tidlegare tellingane på 2000-talet, da vi ikkje var i land på Lyngøy ved dei første tellingane i 05-06). Registreringane seier i seg sjølv ikkje noko om kvifor toppskarven har gått så markert tilbake frå 2012 til 2013, men at det ikkje har skjedd ein tilsvarande tilbakegang i Moldvær eller Utvær (heller det motsette) tyder på at årsakene er lokale. Gåsør er det einaste av dei store skarveområda i fylket som er ope for taretråling, og i haustesesongen frå 1. september 2012 til 31. august 2013 blei det drive taretråling i området ved Plittane og i store område sør for Steinane, Plittane og Lyngøy. På Lyngøy, der tilbakegangen har vore størst (37 reir i 2012, 18 i 2013), blei det funne tre daude toppskarvar nær reir. To av dei var ribba av fugl. Det er første gang det er funne daude, vaksne toppskarvar ved reir under tellingane. Det var egg eller ungar i berre 76% av toppskarvreira i år, mot 95% i fjor, 92% i 2011, 84% i 2010, 92% i 2009 og 2008, 96% i 2007, og 81% i 2006.

Ærfuglen har hatt dårlege hekkesesongar langs heile kysten av Sogn og Fjordane dei siste ti åra. I år blei det registrert 4 hofuglar, og funne to reir. Overslaget på 6 reir totalt baserer seg i stor grad på at vi ikkje var i land på alle holmar og skjer. I 1995 blei det registrert 200 hoer med ungar, og funne 50 reir med egg berre på Lægdeplitten (Godø 1995). Talet på observerte grågås er det lågaste nokon gang. Men telling av grågås er utfordrande, ettersom gåseflokkane sommarstid truleg flyttar seg ein heil del, også under fjørfellinga, og dessutan ser vi av og til at dei prøver å skjule seg i område med mange små skjer og holmar. Kor mange av desse vi ikkje oppdagar, er det sjølvsagt vanskeleg å seie stort om. Truleg hekkar grågåsa berre i lite omfang. Ingen ungekull er sett i Gåsør under sjøfugltellingane etter 2007.


Eit mindre tal ternar hekka i Litleværet heilt i nord, elles fann vi ein koloni på hovudøya nord for Gåsør hamn (utanfor reservatet), med 60 raudnebbterner og 25 reir. Nyklekte måseungar er ikkje heilt enkle å artsbestemme, og det er heller ikkje tome reir. Men vi trur ikkje at vi har bomma vesentleg med artsbestemminga, m.a. fordi sildemåsane er konsentrerte til to større koloniar (ein på Lægdesteinen og ein på Lyngøy).

Figuren under viser utviklinga i tal hekkande par av nokre artar i Gåsvær.



Mågøyane

Areal: Land 92 da, sjø 177 da
Type: Berglendte holmar med myr og grasbakkar
Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Solund
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei




Ikkje talt i 2011, 2012 eller 2013.

År	1984	2006	2007	2008	2010
Dato	10.6.	13.6.	6.6.	13.6.	9.6.
Toppskarv		8	22		5
Storskarv			1		
Grågås	13	3			
Ærfugl	60 (10 hoer m/ungar) 10 par	5 (4 hoer)	1 hann (1 par)		6 hannar (2 par)
Siland					
Tjeld	2 par	2	1 (1 par)	7 (4 par)	4 (2 par)
Steinvendar					
Raudstilk					
Strandsnipe					
Krykkje		3 ungfuglar			
Fiskemåse	10-12 par	1 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	4 (2 par)
Svartbak	12 par	11 (3 par)	15 (4 par)	9 (3 par)	5 (2 par)
Gråmåse		28			4 (2 par)
Teist			1 (1 par)		
Kråke			1		
Havert			1		

Ein hekkeplass som har verka såpass tom for liv at den ikkje har blitt prioritert for telling dei siste åra.

Utvær

Areal: Land 640 da, sjø 10950 da
Type: Øygruppe med snaue og graskledde holmar
Viktigaste artar: Toppskarv, ærfugl, tjeld, svartbak, gråmåse, teist
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Solund
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Sau på Begla (11 sett i 2013)



Registrering 6.6.13, frå 13:15

- Nordholmane: Toppskarv 5, ærfugl 33 hannar, tjeld 2, fiskemåse 1, svartbak 31, gråmåse 2, teist 1, kråke 1, sel 2.
- Nordre Kvannskjeret m/holmar: Toppskarv 9, fiskemåse 1, svartbak 5, gråmåse 2, teist 3, steinkobbe 2.
- Søre Kvannskjeret m/holmar: Toppskarv 22, ærfugl 7 hannar, svartbak 46 (18 rugande), kråke 1, steinkobbe 1.
- Tussen og Skansholmen: Toppskarv 5 reir (3 med innhald), svartbak 25 (3 reirfunn), gråmåse 7 reirfunn, teist 7.
- Skardsøyyna: Toppskarv 22, svartbak 14, gråmåse 3.
- Lyngholmen: Toppskarv 2 reir, terne 1.
- Steinsøyyna og Indre Steinsøyyna (Tranepsholmen): Svartbak 19 (3 rugande), gråmåse 2, sildemåse 1.
- Mulen og Been: Toppskarv 12, tjeld 1, svartbak 1, gråmåse 2, sildemåse 2, steinkobbe 1.
- Bakholmen + holmar mot S: Grågås 1, tjeld 4, fiskemåse 2, svartbak 11 (2 rugande), gråmåse 2, steinkobbe 2.
- Kuøyyna og holmar: Grågås 9, fiskemåse 1, svartbak 3.
- Begla og skjera rundt: Toppskarv 65 (53 reir på Begla, 52 i bruk), grågås 7, tjeld 1, fiskemåse 1, svartbak 15 (4 rugande, 1 reirfunn), gråmåse 1, ramn 2 (1 reir).

Utvær samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	135 (60 reir, 57 med innhald)	65
Grågås	17	4
Ærfugl	40 hannar	3
Tjeld	8	5
Fiskemåse	6	2
Svartbak	179 (27 rugande, 4 reirfunn)	45
Gråmåse	14 (7 reirfunn)	12
Sildemåse	3	2
Terne	1	-
Teist	11	6
Kråke	2	1
Ramn	2 (+ reir)	1
Steinkobbe	6	
Sel ubestemt	2	

År	1995*	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	9.6.	22.6	12. og 13.6.	20.6.	13.6.	15.6.	10.6.	21.6.	7.6.
Havhest	15 (2 reir)			1					
Toppskarv	150-200 p	122 (49 reir)	181 (83 reir)	231 (105 par)	212 (90 par)	89 (85 par)	221 (80 par)	166 (57 r) 75 par	145 (36 r) 45 par
Storskarv					1		4		
Grågås	15 (2 par)	97	27	142	36 (1 par)	7 (1 par)	29 (3 par)	116 (3 par)	51 (5 par)
Ærfugl	240 (40 hoer) 30 par	250 (3 reir) 5-10 par	150 (5 reir) 12 par	480 (8 ♀/7 kull) 20 par	78 (13 ♀, 7 r/k) 15 par	115 (10 ♀, 8 r/k) 15 par	422 (13 ♀, 3 r) 5-10 par	198 (6 ♀, 1 kull) 3-5 par	57 (9 ♀) 5 par
Havørn		3(2 vaksne)	1 ungfugl						1 ungfugl
Tjeld	6 par	5	15	10 (6 par)	7 (4 par)	5 par	6 (5 par)	6 (4 par)	7 (4 par)
Småspove		3			1				
Steinvendar		1							

År	1995*	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Fiskemåse		1	3	15 (4 par)	11 (4 par)	1	17 (5 par)	4 (2 par)	14 (4 par)
Svartbak	50 par	160 (6 reir)	172 (15 reir)	190 (20 par)	167 (15 par)	194 (15 par)	289 (35 par)	148 (35 par)	148 (55 par)
Gråmåse	200-250 p	33	230 (25 reir)	130 (30 par)	107 (25 par)	154 (20 par)	117 (25 par)	53 (25 par)	29 (10 par)
Sildemåse		22		36 (10 par)	45 (10 par)	5	1	16 (5 par)	2 (1 par)
Terne	60 par**	10-12		2	1	2	1	1	2
Storjo		1							
Alke		1							
Lunde		1							
Teist		8	5	15 (8 par)	18 (10 par)	7 (5 par)	16 (10 par)	5 (3 par)	8 (4 par)
Kråke		1 reir	1 reir	8 (3 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	2		6 (3 par)
Ramn		1 reir	1 reir		4 (1 par)	1 reir (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	1
Oter									1
Havert					4			3	11
Steinkobbe		6	1	1	1				

*dårleg ver **raudnebbterne


Eit viktig område som liknar ein del på Gåsvær, men som har fleire låge og eksponerte holmar med lite vegetasjon. Det hekkar derfor mindre måsar i Utvær enn i Gåsvær, mens talet på skarv og teist er meir eller mindre likt. I 2013 gjekk toppskarvbestandane i Utvær og Gåsvær kvar sin veg, med nedgang i Gåsvær og oppgang i Utvær. Oppgangen i Utvær er likevel ikkje heilt reell, men skuldast eit spesielt dårleg år i 2012. Da fann vi heile 29 gamle reir som ikkje hadde vore blitt tatt i bruk. I 2013 var dette talet redusert til 10 – men i seg sjølv tilseier ubrukte reirplassar at tilhøva ikkje er ideelle.


Det blei i 2013 berre gjort ilandstiging på Tussen og Skansholmen (som heng saman) og Begla. Det var ikkje mogleg å kome i land på verken Nordre eller Søre Kvannskjeret, og vi vurderte det som lite fornuftig tidsbruk å fare over Indre Steinsøya der det dei siste tre åra berre er funne til saman eitt skarvereir (mot 17 i 2009). Lyngholmen har også berre hatt nokre få skarvereir siste åra, og desse kunne vi fastslå var i bruk utan å gå i land.

Måsefuglane har halde seg relativt stabile i nesten heile den siste tiårsperioden, noko som betyr at dei ikkje har vore med på den same auken som elles i fylket. Rett nok er det tendens til auke for svartbaken dei siste åra, men gråmåsen har minka. 5-10 makrellterner blei sett på sjølve Utværøy (utanfor reservatet), men hekking blei ikkje fastslått. Desse er ikkje tatt med i tabellen over, da Utværøy ikkje er omfatta av tellingane.


Teisten har auka litt siste åra, slik at ein truleg kan seie at bestanden ligg på 8-10 par slik næringstilhøva jamt over har vore i den siste tiårsperioden.

For grågås har Utvær aldri vore noko kjerneområde, men i det minste er hekking påvist, og det hekkar truleg årvisst nokre par. Av ærfugl såg vi berre 40 hannar – ingen hoer og ingen reirfunn. Den viktigaste funksjonen for arten er for tida myteområde, og ikkje hekkeplass. Utviklinga i tal hekkande par er vist under.






Utvær naturreservat. Sjølve Utværøy med fyr og bygningar er ikkje del av verneområdet.



Indrevær naturreservat. Dei tidlegare busette områda rundt Nautøyna, Husøyna og Indrevær er ikkje verna.

Indrevær

Areal: Land 806 da, sjø 21852 da
 Type: Øygruppe med graskledde holmar, svaberg og låge skjær
 Viktigaste artar: Svartbak, terner, tjeld
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Solund
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Ikkje notert



Registrering 6.6.13, frå 19:55, og 7.6.13 frå 07:35

- Ternøyna m/holmar: Toppskarv 6, grågås 4 (2 par), tjeld 3 flygande, svartbak 28 (10 rugande), gråmåse 2. Holmar SV for Nautøyna: Ærfugl 10 (1 ho), svartbak 4.
- Engelsskjeret: Svartbak 1.
- Holmar SØ for Nautøyna: Grågås 2, svartbak 6 (2 rugande).
- Holmar V for Husøyna: Svartbak 22 (6 rugande).
- Holmar Ø og N for Husøyna: Svartbak 25 (10 rugande), kråke 1.
- Geiterøyna - Håskjeret-Sandholmen: Toppskarv 4, grågås 1, fiskemåse 2 (1 rugande), svartbak 7 (2 rugande), kråke 2.
- Indreværet og øyane rundt (Leiaholmen-Vardøyna): Toppskarv 2, grågås 50, tjeld 3, fiskemåse 3, svartbak 14 (6 rugande), raudnebbterne 70 (30 rugande).
- Gåsøyna (Sandholmane-Sandskjera): Havørn 2 (1 par), tjeld 1, svartbak 10 (2 rugande), terne 1.
- Torsteinskjera-Nordavindskjera: Toppskarv 4, ærfugl 1 hann, svartbak 3.
- Lyngholmen og skjera rundt: Toppskarv 23, ærfugl 70 (10 hoer), svartand 1, tjeld 1, fiskemåse 1 rugande, svartbak 18 (5 rugande), teist 3.
- Store Flokeskjeret: Toppskarv 4, ærfugl 80 hannar, svartbak 2.

Indrevær samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	43	-
Grågås	57	5
Ærfugl	161 (11 hoer)	7
Svartand	1	-
Havørn	2 (vaksent par)	
Tjeld	8	12
Fiskemåse	6 (2 rugande)	5
Svartbak	140 (43 rugande)	50
Gråmåse	2	1
Raudnebbterne	70 (30 rugande)	30
Teist	3	2
Kråke	3	2

År	1995*	2007	2008	2012
Dato	9.6.	6.6.	13.6.	7.-8.6.
Storskarv				2
Toppskarv	10	89	64	91
Hegre				1
Grågås	1 par m/tre ungar	58 (5 par?)	44 (5 par?)	73 (12 par)
Ærfugl	60 (flest hoer)	91 (17 hoer) 10-15 par	66 (4 hoer) 5 par?	214 () 3 par
Havelle		1 hann		
Siland				1 (1 par)
Havørn		2 (vaksent par)	2 (vaksent par)	2 (vaksent par)
Tjeld		14 (8 par)	12 (6 par)	17 (22 par)

År	1995*	2007	2008	2012
Fiskemåse		7 (2 par)	4 (2 par)	5 (2 par)
Svartbak	25 par	234 (60 par)	122 (20 par)	221 (80 par)
Gråmåse		65 (30 par)	40 (15 par)	53 (30 par)
Sildemåse		2 (1 par)	36 (15 par)	92 (40 par)
Terne		100 (40 par)	80	23 (8 par)
Teist		5 (3 par)		4 (2 par)
Kråke		9 (4-5 par)	4 (2 par)	2 (2 par)
Ramn		2 (1 par)	1 (1 par)	
Havert			1	
Steinkobbe		1		2
Nise				1

*Dårleg ver


Dette store området har eit stort tal øyar, holmar og skjer, og burde tilsynelatande kunne by på gode tilhøve for eit stort tal sjøfuglar. Det har det da også gjort for mange år sidan, men for tida heng det etter i den forsiktige, men positive utviklinga vi har sett elles i fylket dei siste åra. Frå 2012 til 2013 er det heller snakk om kraftig tilbakegang for fleire artar.

Indrevær er eit vanskeleg område å telle, på grunn spreidd hekkande fuglar, mange gruntområde og ei eksponert plassering. Før 2007 må ein heilt tilbake til 1983 og 1984 for å finne dekkande opptellingar under gode vértilhøve. Flest hekkande fuglar blei registrert i 1983, og samanlikna med no skil desse artane seg særleg ut: siland (220 ind. i 1983), tjuvjo (6 par), fiskemåse (160 reir), gråmåse (120 reir), svartbak (130 reir), ternar (over 1100 reir, 80% raudnebbterne).

Slike tal synast uverkelege i dag. Sjølv om det var meir fugl å sjå i 2012 enn ved førre telling, var dei ikkje fleire enn at vi også inkluderte hekkplassar utanfor det verna området. Langt dei fleste gråmåsane og så godt som alle sildemåsane hekka da på Slåttøyna, ei ubebodd øy aust for Indrevær hamn. Denne hekkplassen var i 2013 forlatta, noko som slår kraftig ut i på dei samla tala.

Ternekolonien låg på ein holme midt i Indrevær hamn, og såleis heller ikkje i reservatet. I hamna låg også 50 grågås om morgonen, desse spreidde seg ved soloppgang. Ærfuglen samlar seg i hannflokkar ved holmane i nord, lengst unna dei busette områda, men overslaget over hekkebestand er relativt laust basert på hofuglar og par sett rundt om i reservatet.

Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren under:




Småsvalane

Areal: -
Type: Låge, eksponerte skjer
Viktigaste artar: Ærfugl, svartand
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Ikkje verna
Kommune: Solund
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Ikkje aktuelt

Storesvalane

Areal: -
Type: Låge, eksponerte skjer
Viktigaste artar: Toppskarv, ærfugl, svartand, svartbak
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Ikkje verna
Kommune: Solund
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Ikkje aktuelt



Desse to områda sør for Indrevær er ikkje verna, og heller ikkje hekkplassar for sjøfugl. Dei er likevel viktige næringsområde for sjøfugl, og blei undersøkt i 2007 og 2008 for å sjekke eventuelle etterverknader av *Server-*forliset i januar 2007. Vi vidareførte desse tellingane i 2012 og 2013:

Småsvalane

Ei gruppe skjer i grunt stortareområde. Ligg eksponert og har ikkje hekkefunksjon, men er eit viktig vinter- og myteområde.

	6.6.07 (12:45)	13.6.08 (17:10)	8.6.12 (08:10)	7.6.13 (08:25)
Toppskarv	15	-	1	-
Ærfugl	240 (4 hoer)	160	14 (1 ho)	50
Svartand	-	175	-	440
Fiskemåse	-	-	2	-
Svartbak	20	1	2	4
Gråmåse	-	-	1	-
Steinkobbe	-	-	-	3

Storesvalane


Ei gruppe skjer i grunt stortareområde. Ligg eksponert og har ikkje hekkefunksjon, men er eit svært viktig vinter- og myteområde.

	6.6.07 (12:10)	13.6.08 (17:30)	8.6.12 (08:20)	7.6.13 (08:40)
Toppskarv	22	17	35	5
Storskarv	5	-	2	-
Grågås	-	6	-	-
Ærfugl	555 (20 hoer)	480	104 (14 hoer)	235 (1 ho)
Svartand	260	250	-	310
Tjeld	-	-	1	1
Fiskemåse	-	1	6	-
Svartbak	115	2	35	12
Gråmase	-	-	8	1
Sildemåse	15	-	-	-
Ubest. stormåse	140	-	-	-
Teist	2	-	-	-
Havert	-	-	-	6
Ubestemt sel	-	-	4	-

Desse to områda er spesielt viktige for ærfugl og svartand. I 2013 var det for første gang vesentleg fleire svartender enn ærfuglar å sjå.

Vassøyane

Areal: Land 1870 da, sjø 4310 da
Type: Øygruppe med høge, berglendte øyer og holmar
Viktigaste artar: Svartbak, ærfugl, fiskemåse
Miljø: Ytre kyst
Vernestatus: Våtmarksreservat, 1991
Kommune: Gulen
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei



Registrering 7.6.13, frå 09:05

	Observert	Overslag, hekkande par
Toppskarv	6	-
Grågås	4	?
Ærfugl	12 hannar	?
Fiskemåse	25	5
Svartbak	15 (1 rugande)	6
Gråmåse	26	2
Havert	17	

År	2007	2008*	2009*	2012*
Dato	9.6.	6.6.	13.6.	8.6.
Storskarv				1
Toppskarv	10		2	21
Grågås			3	
Ærfugl	850 (23 hoer)	320 (1 ho)	33 (2 hoer)	36 hannar
Svartand	15	160		
Tjeld			1	2 (2 par)
Fiskemåse				5 (2 par)
Svartbak	43 (20 par)			11 (4 par)
Gråmåse	1			
Lunde		1		
Havert				1 + unge
Nise				1

* Berre området ved Little Oska i Vest talt opp. Dårlig ver i 2009.

Som Svalane mot nord kom dette området med i overvakingsprogrammet etter *Server*-forliset i 2007. Det er verna som våtmarksreservat og er ikkje først og framst viktig som hekkeplass, men som vinterområde og rasteområde for marine dykkender. Flest fuglar ligg vanlegvis ved eit tarefelt heilt i vest.


Vi undersøkte den vestlege delen av området i 2013, og gjekk deretter langs sørsida og opp langs austenden av reservatet. Observasjonstilhøva var rimeleg gode, så det var ingen tvil om at både ærfugl og svartand mangla i området. Det er truleg ein del forflytting av desse artane mellom Vassøyane og Svalane lenger nord.

Området består i stor grad av snaut berg og lynghei, som ikkje er attraktivt som hekkeplass for måsefuglar. 20 fiskemåsar, 5 gråmåsar og 2 svartbak sat på ein felles kvileplass i sør, mens svartbakane elles var jamt spreidde utover.

Den vedvarande tilbakegangen for ærfuglen er tydeleg, som elles i fylket. I 2007 og 2008 var dei samla tala for ærfugl ved Vassøyane og Svalane hv. 1645 og 960 individ, mens det i 2013 blei registrert 297. I denne delen av fylket er det ikkje så mange alternative stader ærfuglane kan skjule seg, så alternativet til ein kraftig bestandsnedgang er at det kan ha skjedd ei forskuving av ærfuglen sine lokale kjerneområde sørover inn i Hordaland.

Sogneoksen

Areal: Land 27 da, sjø 110 da
 Type: Høg, graskledd holme og to låge skjær
 Viktigaste artar: Gråmåse, sildemåse, svartbak
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Gulen
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Ikkje behov




Registrering 7.6.13, frå 9:45

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	2 (par med dunungar)	1
Ærfugl	10 (1 ho)	3
Svartand	5	-
Tjeld	3	2
Fiskemåse	7 (2 rugande)	4
Svartbak	39 (16 rugande)	16
Gråmåse	56 (22 rugande)	25
Sildemåse	22 (9 rugande)	12
Kråke	2	-


År	1995	2007	2008	2009	2010	2012
Dato	7.6.	6.6.	13.6.	15.6.	9.6.	8.6.
Toppskarv	10	1		5	1	
Grågås	17 (1 par med ungar)	2 (1 par)		6 (1 par)	2 (1 par)	3 (1 par)
Ærfugl	275 (fleire ho m/ungar)	47 (6 hoer) 3 par	110 (8 hoer) 5 par	18 (7 hoer) 5 par	13 (7 hoer) 5 par	
Siland						1 (1 par)
Tjeld	2 par	4 (2 par)	7 (4 par)		6 (4 par)	1 (1 par)
Fiskemåse		3 (1 par)			3 (2 par)	
Svartbak	50-60 par	121 (25 par)	26 (10 par)	59 (30 par)	28 (15 par)	29 (8 par)
Gråmåse	160 par	186 (50 par)	62 (20 par)	62 (35 par)	118 (45 par)	53 (20 par)
Sildemåse		67 (31 par)	47 (20 par)	37 (25 par)	48 (25 par)	35 (15 par)
Teist	3					

Som elles i fylket etter næringssvikten ved århundreskiftet var hekkebestandane kortvarig relativt gode igjen i 2007. Deretter følgde den same utviklinga som ved andre hekkeplassar, ein ny og markert nedgang i 2008, følgd av ein langsam auke i åra etter. Men i 2012 skil Sogneoksen seg ut ved ein ny markert nedgang, og situasjonen i 2013 er stort sett den same. Det har lagt fritidsfiskarar i båt nær land, så nedgangen kan skuldast forstyring. All hekking skjer på sjølve Sogneoksen; dei to skjera Kråkene fungerer som kvileplass. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:



Ramsbarden

Areal: Land 86 da, sjø 87 da
Type: Øy med lynghei og nokre grasflater
Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse
Miljø: Ytre/midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Gulen
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Nei




Registrering 7.6.13, frå 10:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	2 (par med 7 dunungar)	1
Svartbak	7 (3 rugande)	4

År	1995	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	7.6.	6.6.	13.6.	15.6.	9.6.	15.6.	8.6.
Grågås	2 par m/ungar		12 (2 par)				4 (2 par)
Ærfugl		39 hannar					
Svartand		2					
Siland					1 hann (1 par)		
Tjeld	4 par	2 (1 par)	3 (2 par)	2 (2 par)	2 (2 par)	2 (1 par)	1 (1 par)
Fiskemåse		5 (2 par)			1		
Svartbak	20 par	5 (3 par)	1	2	2 (1 par)	4 (2 par)	10 (2 par)
Gråmåse	320 par	35 (12 par)	3 (1 par)	3	2		3 (2 par)
Kråke							1


Ramsbarden har vore ein viktig gråmåsekoloni i fylket, men har i det siste tiåret stått bortimot tom. Inntil 2010 hadde den nærliggande Sogneoksen tilsynelatande overtatt som hekkeplass, men etter det har bestanden der blitt halvert. Vegetasjonen på Ramsbarden er i fin tilstand.

Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist i figuren under:



Kvernøyna

Areal: Land 907 da, sjø 520 da
Type: Berglendt øy dominert av lynghei og myrparti
Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Gulen
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Sauar (20 sett i 2012)




Ikkje talt i 2013.

År	1995	2007	2008	2009	2010	2012
Dato	6.6.	6.6.	13.6.	15.6.	9.6.	8.6.
Toppskarv				1		
Grågås				4 (2 par)	4 (2 par)	8 (5 par)
Ærfugl		1 hann (2 par?)				
Tjeld		2 (1 par)		2	4 (1 par)	3 (2 par)
Fiskemåse	10-12 par	5 ungfuglar		2		1
Svartbak	25 par	15 (5 par)	1 (1 par)	10 (2 par)	5 (2 par)	7 (2 par)
Gråmåse		2 (1 par)		2		
Hubro	1					

Denne store øya blir ikkje sjekka ved ilandstiging fordi den gir eit relativt livlaust inntrykk, og dermed vil gi lite igjen for tidkrevjande undersøking. Den er likevel såpass låg at den er rimeleg oversiktleg frå båt, med unntak for dei sentrale myrpartia. Men mangelen på fuglar i lufta og den dårlege situasjonen i dei andre sjøfuglreservata like ved tilseier at området har hatt lite hekkande fugl det siste tiåret. Det hadde heller ikkje mye fugl på 90-talet, noko som truleg skuldast mink. Det har vore drive fellefangst av mink i området, men status for dei siste åra er ikkje kjent. I 2012 blei det registrert fire grågåskull, som var det høgaste talet i eit sjøfuglreservat det året.

Guleskjeret

Areal: Land 2 da, sjø 18 da
Type: Holme med lite vegetasjon
Viktigaste artar: Fiskemåse
Miljø: Indre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Gulen
Skjøtselstiltak: Ingen
Dyr på beite: Ikkje aktuelt



Registrering 7.6.13, frå 11:35


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Fiskemåse	3 (2 rugande)	2
Svartbak	1 (rugande)	1
Makrellterne	2 (1 rugande)	1

År	2010
Dato	9.6.
Tjeld	1 (1 par)
Fiskemåse	3 (2 par)

Ein liten hekkeplass som ikkje har blitt prioritert under sjøfugltellingane fordi den ligg litt avsides til.

Oddeholmane

Areal: Land 70 da, sjø 334 da
 Type: Berglendte, låge holmar med snaue grasflater
 Viktigaste artar: Gråmåse, svartbak, tjeld, grågås, fiskemåse
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Solund
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Nei




Registrering 7.6.13, frå ca. 11:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	5	-
Grågås	17	5
Tjeld	11	7
Fiskemåse	8 (1 rugande)	4
Svartbak	43 (17 rugande)	22
Gråmåse	40 (18 rugande)	20
Kråke	1	-


År	1995	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	8.6.	12.6.	6.6.	14.6.	15.6.	9.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv		1					6	1
Grågås	10 (1 par m/ungar)	3				49 (2 par)	5 (1 par)	17 (5 par)
Ærfugl	35 (flest hoer)	2 hannar		3 (2 hoer) 1 par				
Siland						5 (2 par)		
Tjeld	4 par	4	3 (2 par)	7 (3 par)	10 (5 par)	29 (9 par)	8 (6 par)	9 (6 par)
Strandsnipe					1 (1 par)			
Fiskemåse		22 (3 par)	5 (3 par)	9 (3 par)	6 (3 par)	8 (4 par)	7 (4 par)	6 (4 par)
Svartbak	40 par	38 (15 par)	72 (25 par)	37 (5 par)	44 (15 par)	70 (15 par)	45 (15 par)	43 (15 par)
Gråmåse	230 par	70 (15 par)	59 (20 par)	54 (20 par)	37 (8 par)	64 (15 par)	90 (30 par)	48 (25 par)
Terne			4					
Kråke			1					

Det viktigaste hekkeområdet ligg slik til at det er vanskeleg å få oversikt over utan å samtidig kome så nær at enkelte rugande fuglar går av reiret, så hekkebestandane er litt usikre. Men avviket er neppe stort, særleg dei siste åra fordi talet på ikkje-hekkande individ i sjøfuglreservata har gått ned. Hekkebestandane ser ut til å ha halde seg på eit uvanleg jamt nivå gjennom heile det siste tiåret, men er langt unna nivået på 90-talet for dei viktigaste artane. Utviklinga i tal hekkande par for nokre artar er vist under:



Lihellene

Areal: Land 107 da, sjø 296 da
 Type: Graskledde holmar, svaberg og låge skjær
 Viktigaste artar: Gråmåse, sildemåse, svartbak.
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Gulen
 Skjøtselstiltak: Ingen
 Dyr på beite: Sauar på Store Lihella og Systeinen (hv. 11 og 3 i 2013)



Registrering 7.6.13, frå 11:53

- Smålihella: Tjeld 2, fiskemåse 4, svartbak 17 (5 rugande).
- Store Lihella: Toppskarv 1, grågå 22, ærfugl 4 (3 hoer), tjeld 2, fiskemåse 7 (3 rugande), svartbak 16 (6 rugande), gråmåse 227 (115 rugande), sildemåse 27 (10 rugande).
- Systeinen: Ærfugl 3 hoer, siland 2, tjeld 1, fiskemåse 4, svartbak 37 (18 rugande), gråmåse 4.

Lihellene samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Grågå	22	4
Ærfugl	7 (6 hoer)	5
Siland	2	1
Tjeld	5	4
Fiskemåse	15 (2 rugande)	5
Svartbak	70 (29 rugande)	30
Gråmåse	288 (115 rugande)	130
Sildemåse	226 (10 rugande)	90

År	1995	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	6.6.	12.6.	5.6.	14.6.	15.6.	9.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv	1	1	3			1	1	
Grågå	13 (1 par+ m/ungar)	40	21 (6 par)	32 (5 par)	19 (2 par)	17 (3 par)	23 (3 par)	22 (2 par)
Ærfugl	21 (fl. ho m/ungar)	4 hoer	2 hannar 2 par	4 2 par	7 hoer 5 par	9 (6 hoer) 4 par	6 hoer 4 par	
Siland	1 par		1 hann (1 par)		2			5 (3 par)
Brunnakke	1 par							
Tjeld	3 par	2	4 (3 par)	7 (3 par)	8 (5 par)	8 (6 par)	7 (4 par)	6 (4 par)
Fiskemåse	340 par	38 (15 par)	63 (30 par)	38 (15 par)	4 (3 par)	11 (5 par)	7 (3 par)	4 (2 par)
Svartbak	70-80 par	116 (25 par)	77 (25 par)	47 (15 par)	68 (20 par)	56 (20 par)	50 (15 par)	52 (20 par)
Gråmåse	200 par	300 (30 par)	210+ (20 par)	222 (80 par)	250 (50 par)	240 (90 par)	284 (100 par)	230 (100 par)
Sildemåse	250 par	15	32+ (20 par)	36 (20 par)	220 (40 par)	50 (20 par)	42 (20 par)	135 (50 par)
Terne	20 par*		6		8 (2 par)**		1	4
Teist	2							1 (1 par)
Kråke			2	3 (1 par)	3	2	1 (1 par)	2 (1 par)


*Makrellterne

**Raudnebbterne

Dette området i Sognesjøen er for tida ein av dei beste hekkeplassane i fylket. Ein god del av gråmåsane, og så godt som heile sildemåsekolonien, hekkar i eit søkk inne på Store Lihella og er ikkje synlege frå sjøen. Ilandstiging er derfor nødvendig. Ved den innleiande tellinga frå båten i 2013 registrerte vi 231 gråmåsar (115 rugande), talet på individ auka til 284 ved ilandstiging (fotografering horisonten rundt, 8 bilete på 9 sekund). For sildemåsen var tilsvarande tal 27 individ sett frå båten (10 rugande), og 246 individ ved fotografering. Svartbakane kunne ikkje skiljast frå sildemåsane på bileta, derfor trekkjer vi frå 20 (opprunda frå dei 16 svartbakane som blei registrerte før ilandstiging).

Total reirleiting blei ikkje gjort, så talet på hekkande sildemåsepar er relativt laust basert på at nesten alle fuglane oppheldt seg nede i reirområdet før ilandstiging. Merk at ilandstiging berre er gjort frå og med 2009, og at både tal individ og tal hekkande par før dette er undervurdert, særleg for sildemåse.


På Lihellene har sjøfuglane klart seg betre enn dei fleste andre stader dette tiåret, på same måte som ved Torsholmane litt lenger inne i Sognesjøen. Desse to områda står i relativt klar kontrast til områda lengst ute i Sognesjøen. Figuren under viser utviklinga i tal hekkande par på Lihellene.



Utsnitt av "tellebilete" frå Lihellene, her frå eit parti med vesentleg gråmåsar.

Torsholmane

Areal: Land 35 da, sjø 341 da
 Type: Låge svaberg og parti med tettare vegetasjon
 Viktigaste artar: Fiskemåse, gråmåse, svartbak, terner
 Miljø: Indre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Solund
 Skjøtselstiltak: Skogrydding på Indre Torsholmen vinteren 2008
 Dyr på beite: Nei



Registrering 7.6.13 frå 12:55

- Ytre Torsholmane: Tjeld 3, svartbak 18 (10 rugande), gråmåse 130 (67 rugande).
- Indre Torsholmen: Tjeld 2 (2 reirfunn), fiskemåse 170 (44 rugande, 58 reirfunn), svartbak 1 (1 reirfunn), gråmåse 2 (2 rugande, 2 reirfunn), sildemåse 2 (1 reirfunn).

Torsholmane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	5	4
Fiskemåse	170 (44 rugande, 58 reirfunn)	70
Svartbak	19 (10 rugande, 1 reirfunn)	11
Gråmåse	132 (69 rugande, 2 reirfunn)	70
Sildemåse	2 (1 reirfunn)	1

År	1995	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Dato	7.6.	12.6.	5.6.	14.6.	14.6.	9.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv	1	8		3	14		2	4
Grågås	1 par				2		2	
Ærfugl	10 hoer (6 m/ungar)	1 hann		1 hann				
Siland	6	15	1 hann (1 par)				4 (2 par)	2 (1 par)
Stokkand				3 hannar				
Tjeld	2 par	7 (3 par)	4 (2 par)	11 (4 par)	4 (3 par)	6 (4 par)	5 (4 par)	3 (2 par)
Fiskemåse	30 par	66 (30 par)	68 (30 par)	150 (31 par)	136 (53 par)	118 (60 par)	230 (70 par)	260 (80 par)
Svartbak		60 (15 par)	90 (20 par)	73 (15 par)	51 (15 par)	32 (15 par)	35 (5 par)	41 (20 par)
Gråmåse		120 (30 par)	190 (40 par)	144 (40 par)	117 (30 par)	112 (60 par)	116 (55 par)	110 (60 par)
Sildemåse		12 (3 par)	4 (2 par)	7 (3 par)	2 (1 par)	3 (1 par)	8 (3 par)	5 (6 par)
Terne		8 (3 par)		3 (1 par)		10 (4 par)	34 (30 par)	30 (20 par)
Teist						2 (1 par)		
Kråke			1	1	2	1		
Oter								1


Torsholmane har gjennom heile den siste tiårsperioden vore ein av dei beste hekkeplassane i indre del av kysten, og samanlikna med mange andre område har den også halde seg forbausande stabil på eit høgt nivå.

Måsane har delt dei tre holmane mellom seg: Fiskemåsane på Indre Torsholmen, svartbak (og nokre gråmåsar) på den sørlege av dei to Ytre Torsholmane, og gråmåse og år om anna nokre få sildemåse på den nordlege (fordi vi ikkje var i land på Ytre Torsholmane, er det berre reirfunn av svartbak og gråmåse frå Indre Torsholmen som er opplista øvst).

Indre Torsholmen blei rydda for skog vinteren 2008. Året før hadde det hekket 18 par fiskemåse på holmen og lite anna, da plassen i stor grad var opptatt av lauvskog rundt ei klynge buskfuru. Etter ryddinga er tal hekkande fiskemåsar og tal hekkande andre artar mangedobla. Endringane viser klart at fjerning av skog og kratt er eit svært positivt tiltak, i alle fall så lenge tilhøva elles ligg til rette for hekking.

Fiskemåsekolonien på Indre Torsholmen i 2013 var litt mindre enn i 2012, kanskje eit uttrykk for at tal hekkande fuglar no har stabilisert seg etter samanhengande auke sidan skogen på holmen blei rydda vekk. Ved den innleiande opptellinga frå båten blei det i 2013 registrert 98 fiskemåsar. Av desse blei 44 sett liggande på reir. Ved ilandstiging blei det anslått at individtalet var 170, og det blei gjort 58 reirfunn (i 2012 var tilsvarande tal 105, 63, "minst 250", og 65).

Det er vanskeleg å ferdast i den tettast vegeterte midten av holmen (bjørnebærkratt og kvisthaugar), og denne blei ikkje grundig sjekka. Fordi fiskemåsane hekkar både på og under rotvelter og kvisthaugar frå tidlegare skogrydding, er overslaget over hekkande par justert ein del opp. Utviklinga i tal hekkande par for viktige artar er vist under:



Observasjonar av sjøpattedyr

Under sjøfugltellingane har det fortløpande blitt notert ned observasjonar også av sjøpattedyr. Tabellen under viser kva artar og tal som er registrerte i sjøfuglreservata under tellingane der.

Art	2004	2005	2006*	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Totalt
Mink						1					1
Oter	4	5	1	2	6	3	5	4	4	2	36
Steinkobbe	53	115	2	40	107	76	93	41	101	122	750
Havert		3	1	2	6	2		12	38	44	108
Sel ubest.				1					4	3	8
Nise				1	4		1		2	3	11
Tal område undersøkt	27	36	23	54	50	44	53	48	53	56	

* I 2006 hadde tellingane fokus på indre kyst og fjordane



Oter blir registrert kvart år, og vesentleg oftare enn mink – som berre er sett ein gang på 10 år. Dei store minkproblema ein hadde i enkelte sjøfuglreservat på 1980-talet ser ut til å vere historie, og grunnen kan vere at ein aukande oterbestand har fortrent minken. Oteren er slik sett eit svært verdfullt innslag i sjøfuglreservata. Oteren er ein fiskespesialist som neppe er noko stort problem for hekkande sjøfuglar. I alle fall reagerer ikkje sjøfuglane på oteren, som fleire gonger er observert sovande heilt openlyst i stormåsekoloniar. I sterk kontrast til minken, som forårsakar aggresjon og angrep straks den viser seg.

Artsgjennomgang



Vi viser her utviklinga i hekkebestandar av dei viktigaste sjøfuglartane i Sogn og Fjordane i tiårsperioden med organiserte tellingar frå 2004 til 2013. Tal frå dei førre fylkesdekkande tellingane i 1994/95 er tatt med til samanlikning. Fylket blei den gangen delt opp slik at den nordlege delen (Selje-Bremanger) blei talt opp i 1994, og resten av fylket i 1995. Tal frå område som blei talt opp *både* i 1994 og 1995 viser at hekkebestandane i dei to åra er så like at det kan forsvarast å slå dei saman, og vidare i teksten er dei to åra referert til som 1995 for å få fylkesdekkande data å samanlikne mot andre år.

For nokre artar er det også vist til eldre data frå fylkesdekkande undersøkingar i åra 1978, 1983, og 1984 i tillegg til tala frå 1995 og den siste tiårsperioden 2004-2013. Ytterlegare tellingar i 1979 og 2000 omfatta berre den nordlege delen av fylket frå Selje til Askvoll.

For kvar av dei omtalte artane er det laga ei faktaboks med informasjon om bestandssituasjonen i perioden 1995-2013. Opplysningane om **hekkebestand** gjeld i verna områda (stort sett sjøfuglreservat, men også nokre marine våtmarksreservat; forenkla i teksten til "Sjøfuglreservat"). I tillegg er det gjort forsøk på å vurdere den samla hekkebestanden i fylket, både i og utanfor verna område, i 1995 og i 2013.

Utviklinga i hekkebestandane er vurdert ut frå registreringar i 30 reservat som alle blei talt opp både i 1995, 2005, 2007, 2008, 2009, 2010, 2011, 2012 og 2013. Symbola ved artsnamnet baserer seg på desse endringane, og viser følgjande:

↑	Bestanden meir enn dobla
↗	Auke, men mindre enn dobling
→	Stabil bestand (variasjon med mindre avvik enn +/- 20%)
↘	Nedgang, men mindre enn halvert
↓	Bestanden meir enn halvert

For å gi eit betre oversyn over utviklinga er perioden delt i tre: Først frå 1995 til tellingane våre tok til i 2004 (eventuelt 2005, da større delar av fylket blei talt), deretter frå 2004/2005 gjennom den første raske auken fram til og med 2007, og til slutt frå den nye kollapsen i 2008 og fram til i dag.

Når bestandane er svært små, kan sjølv små endringar gi inntrykk av at det har skjedd ei stor utvikling. Det er derfor rekna ut kor stor prosentvis endring hekkebestanden har vore gjennom frå 1995 til 2013. Denne utrekninga er ikkje basert på dei 30 reservata som er nemnt ovanfor, men på alle dei femtitals reservata som blei talt opp begge dei to åra.

Havhest (*Fulmarus glacialis*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 55 par Fylket ca. 100 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **15 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **1 par** Fylket **0-3 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: → 2007-2013: ↓

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -98%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **1 par**

Kjente hekkeområde: **1**




På midten av 1990-talet opplyste Godø (1995) at bestanden av havhest hadde vore relativt stabil i perioden frå 1984 til 1995, og anslo bestanden i heile fylket til om lag 100 revirhevdande par. Fem hekkelokalitetar var kjent i sjøfuglreservata. Da våre tellingar tok til, hadde arten forsvunne frå Utvær i sør og Høgfjellet i nord, og hekka i dei tre sjøfuglreservata Veststeinen, Einevarden og Stallbrekka. 2005 viste seg å bli siste året med hekking på Veststeinen. Ved Einevarden var bestanden også sterkt redusert, frå 25 i 1995 til 3 i 2005, og den forsvann i 2009. Heile bestanden i verneområda bestod da av 7 par i Stallbrekka. I 2010 var desse borte, og seinare har det berre vore eitt par å sjå i 2011 og 2013, begge i Stallbrekka.

Samanliknar vi tal frå reservat som blei talte både i 1995 og 2005, gjekk hekkebestanden av havhest ned frå **51** til **15** par på dei ti åra. I 2007 blei det registrert **18** par, i 2008 **17** par, i 2009 berre **7**, i 2010 **0**, i 2011 **1**, i 2012 **0** og i 2013 **1** par.

Hekkebestandane var nok kunstig høge den gangen fiskeria slapp ut langt meir avfall enn i dag, men tilbakegangen har likevel gått raskt, og arten må nok karakteriserast som utdøydd i Sogn og Fjordane. Eit viktig moment i denne vurderinga er at den eventuelle kjelda til ny rekruttering, sunnmørskysten med Runde, ikkje har hatt hekking på fleire år. Det er ikkje kjent hekkeplassar utanfor sjøfuglreservata.

Kartet viser alle kjende tidlegare og noverande hekkeplassar i Sogn og Fjordane.



Toppskarv (*Phalacrocorax aristotelis*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 950 par Fylket ca. 1000 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **410 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **245 par** Fylket ca. **260 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↘ 2007-2013: ↘

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: - 74%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **245 par**

Kjente hekkeområde: **11**




Den første meir eller mindre fylkesdekkande tellinga av toppskarvbestanden i Sogn og Fjordane kom på slutten av 70-talet. Arten hadde eit markert tyngdepunkt i Solund (Gåsvær og Utvær), og auka gjennom 80- og 90-talet til den i 1995 nærma seg 1000 hekkande par. På det tidspunktet hadde rett nok hekkebestandane i Gåsvær og Utvær gått ned med ein tredel, men ein auke i Askvoll lenger nord meir enn kompenserte for dette. Det blei talt 425 hekkande par i Ryggsteinen i 93 og 324 i 94, og rundt 300 i Moldvær i 95. Tellingar i samband med ringmerking på Ryggsteinen (Vidar Seim) viser at det frå rundt 2000 skjedde ein markert nedgang der, men med ganske store variasjonar frå år til år. Det har truleg skjedd interne forskuvingar i tyngdepunktet mellom dei to naboreservata Moldvær og Ryggsteinen, men det er likevel ikkje tvil om at hekkebestanden var sterkt redusert i 2004, da begge reservata blei talt opp samtidig. Ein ny alvorleg knekk kom i 2006/07, da Ryggsteinen plutsleg blei så godt som forlate utan at det skjedde nokon auke ved Moldvær.

I Solund har hekkebestanden truleg halde seg relativt stabil i den siste tiårsperioden (dei første tellingane i 2004-2006 fekk ikkje med alle hekkeplassane). Det første større avviket kom i 2012, da nesten halvparten av reira stod ubrukte på Begla i Utvær, og i 2013, da hekkebestanden plutsleg blei halvert i Gåsvær. Bestanden i Utvær hadde da rett nok auka ein del igjen, men totalt sett er utviklinga i fylket foruroligande, og den totale hekkebestanden i 2013 er berre ein firedel av hekkebestanden i 1994/95 (dei to åra er slått saman, sjå side 107).

Tabellen under viser tal reir i toppskarven sine hekkeplassar i sjøfuglreservata. Verneplanen for sjøfugl (vedtatt i 1993) hadde som mål m.a. å sikre alle hekkeplassar for toppskarv i Sogn og Fjordane, og med unntak for nokre små ikkje-verna førekomstar ved Stad og ein i Solund (Krakksfjellet) viser tabellen alle kjente hekkeplassar i fylket. Med nokre unntak er alle hekkeplassane talte opp i 1978, 83, 84, 94/95, 05, 07, 08, 09, 10, 11, 12 og 13 (flest unntak for Høgfjellet, som neppe har nokon fast hekkebestand).

(tal reir)	? usikkert tal			- ikkje observert hekkande				() reservatet blei ikkje talt							
Reservat	1978	1983	1984	1994	1995	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Høgfjellet	10	-	-	5				-		2					
Einevarden	15-20	20	5	?			15		2-4	20	10	5-10	5	5	5
Stallbrekka		5+	5-6	-			?		5?	5	5	-	1	10	5
Klovningen	-	-	5	-			15-20		2-4	5	5	5	?	2	4
Veststeinen	13	37	23	80			10		3	2?	-	-	5?	5	10
Ytterøyane	-		-	-		29	25		10	5	5-10	-	10	10	5-10
Kvalsteinane	-	-	-		-	-	-		2	-	-	-	-	-	-
Moldvær	20	36	61		300	54	165		97	85	50	50	65	50	70
Ryggsteinen	38	26	74	324		70	67		3	2	1	-	-	2	2?
Håsteinen	2	-	4		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Senholmen		-	-		-	10-15	19		17	25	20	17	16	17	15-20
Skardholmen	3	13	12		7	15	15		10-15	15	15	5	5-10	5-10	10
Gåsvær	199	128	142		85	10-15?	26	36	70	85	65	75	80	85	45
Utvær	130	289	281		150	40-60?	50	83	105	90	85	80	75	45	65
Totalbestand	435	555	615	951		410			331	341	264	240	265	239	242




Utvikling i talet på hekkende par (reir) av toppskarv i 13 av dei 14 sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane som har hatt koloniar av arten. Berre år med bortimot fullstendig telling av alle kjende hekkelassar er tatt med.

Næringssvikt er den einaste sannsynlege forklaringa når hekkebestandar av sjøfugl går tilbake over store område på kort tid, slik det skjedde rundt 2004. Andre artar blei råka hardare enn toppskarven, som heller ikkje viser den typiske utviklinga mot ein mellombels topp i 2007. Dette kan skuldast andre hovudnæringskjelder.

Næringsmangelen har likevel også ramma toppskarven, men truleg på anna vis enn for andre artar, og fleire faktorar må vurderast for å forklare bestandsendringane – som taretråling, oljesøl og forstyrning på hekkelassane. Toppskarven er svært følsam for forstyrning frå menneske i hekketida, og ulovleg ilandstiging er truleg hovudårsaka til at den veksande kolonien på Ytterøyane braut saman rundt 2004. Det brå fråveret av toppskarv i Ryggsteinen frå 2007 kom like etter at sjøområda tett opp til reservatet var blitt trålt for tare. Øyene er låge og utsette for sjø, og fjerning av bølgedempande stortareskogar kan ha øydelagt tilhøva i reservatet.

Toppskarven sin næring ved hekkelassen


Under tellingane i 2011 blei det samla inn gulpebollar frå to av toppskarven sine hekkelassar i Gåsvær (i 2012 og 2013 var det lite gulpebollar å finne, fordi nesten ingen skarvekull hadde klekt da tellingane blei gjennomført). Gulpebollane inneheld otolittar (øyrestein) og andre ufordøyde delar av fisk som skarvane har spist, og otolittane kan artsbestemast med lupe. Grethe Hillersøy i Statens Naturoppsyn undersøkte fire gulpebollar frå Lyngøy (venstre) og tre frå Fugleplitten (høgre), og fann følgjande innhald:



Undersøkinga tyder på at småsei og leppefisk er den viktigaste næringa for toppskarvane i Gåsvær. Seien var stort sett av årsklasse 1, men gulpebollane var samla inn såpass tidleg i sesongen at det er vanskeleg å seie kor mykje 0-år gamal sei toppskarvane et i løpet av hekkesesongen. Både småsei og leppefisk er typiske bebuarar i stortareskog, og det er dermed liten tvil om at toppskarven i Gåsvær finn mye av næringa si i tareskogen.

Kartet viser toppskarven sine hekkelokalitetar i sjøfugl-reservata. I tillegg til desse kjem berre ein liten handfull små hekkeplassar med truleg 2-5 par kvar heilt i nord og ein i Indre Solund, så i praksis viser kartet bortimot heile fylkesbestanden. Fargekodinga viser status når det gjeld hekking (på enkeltlokalitetar innanfor kvart enkelt verne-område), og storleiken på sirklane viser maksimalt tal hekkande par ved lokaliteten i løpet av den siste tiårs-perioden.

Dei kvite markeringane viser at lokaliteten ikkje har vore i bruk dei siste ti åra. Storleiken på sirkelen viser i så fall hekkebestanden ved den siste tellinga før 2004.



Grågås (*Anser anser*)

Individtal 1995: 406 ind. i 50 reservat (korrigert 289 ind.)

Individtal 2005: 1434 ind. i 38 reservat (korrigert 850 ind.)

Individtal 2013: 445 ind. i 54 reservat (korrigert 165 ind.)

Utvikling: 1995-2005: ↑ 2005-2007: ↓ 2007-2013: ↓

Endring i individtal 1995 – 2013: - 42%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **65 par**

Kjente hekkeområde: **25**



For grågås er det tidkrevande å få gode tal på hekkebestanden, og tala ovanfor gjeld derfor ikkje hekkande par, men *individ* av grågås som er registrert under sjøfugltellingane. Ikkje-hekkande individ samlar seg ofte i større eller mindre flokkar på stadar som også kan vere hekkeplass. Ut frå observasjonar av fuglar med dunungar, tilfeldige reirfunn og adferd som tyder på hekking, er det i den kvite boksen til høgre likevel gitt eit tal på **65** hekkande par i dei 54 undersøkte verneområda i år. Ein gjennomgang av tidlegare rapportar antyder 75 hekkande par i 1995, og om lag 50 i 2005. Tal hekkande par er påfallande lite samanlikna med det samla talet registrerte individ av grågås i fylket.

Dei "korrigerte" individtala i boksen ovanfor gjeld 30 reservat som alle blei talte i 1995, 2005, 2007, 2008, 2009, 2010, 2011, 2012 og 2013 på same tid i juni. Dette utvalet er gjort for at tala skal ha same utgangspunkt og vere samanliknbare. Vi finn da ein auke frå 289 til 850 individ på dei første ti åra. Deretter kom ein nedgang til 304 i 2009. I 2010 var grågåsa spreidd jamnare ut over store delar av kysten, og fleire individ blei registrerte. I 2011 var arten derimot å sjå færre stader i Flora kommune, og i mindre tal i dei beste grågåsområda i Askvoll, og etter dette har talet vore stadig synkende.

	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal individ i 30 reservat	289	850	341	330	304	553	458	270	165

Myting: I 2005 blei store flokkar av mytande (fjørfellande) grågås observert i ytre Askvoll (Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen), der til saman 1105 individ blei registrerte. Så store tal har vi ikkje registrert seinare, og som det går fram av tabellen under har tala lagt rundt 2-300 med ein topp i 2010 og botn i 2013. I det andre hovudområdet for grågås, ved Gåsvær og Utvær i Solund, har tala vore meir moderate, men også der med sitt lågaste nivå i 2013.

	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen	1105	223	268	303	624	324	182	150
Utvær og Gåsvær	154	216	142	82	91	135	95	34

Dersom det er rett at grågåsa dei siste åra har spreidd seg frå kjerneområda i tabellen over, og jamnare utover i fylket, kan inntrykket ein her får av sterk nedgang vere misvisande. Men nedgangen i dei tidlegare kjerneområda oppvegast ikkje av auke andre stader, for om ein vurderer heile fylket samla ved å sjå på tal frå 47 lokalitetar som er talt opp alle dei fire siste åra, er utviklinga den same (2010: **981**, 2011: **642**, 2012: **582**, 2013: **380**).


NINA/Arne Follestad gjennomførte i 2010 ei flytelling av mytande grågås langs kysten av Sogn og Fjordane 28. og 29. juni. I tabellen under er flytellingane samanlikna med våre tellingar frå båt:

Naturresevat	Kommune	Fly, 28.-29.6.	Båt, 8.-10.6 + 15.-16.6.
Flatholmen	Selje	0	12
Vengane	Bremanger	0	15
Smelvær	Askvoll	35	52
Moldvær	Askvoll	210	345
Ryggsteinen	Askvoll	300	210
Håsteinen	Askvoll	360	69
Sørværet	Askvoll	0	0
Sakrisøy	Hyllestad	0	6
Gåsvær	Solund	162	62
Utvær	Solund	0	29
Indrevær	Solund	0	-
Sum		1067	600

Tellingane er gjort på ulike tidspunkt og viser egentleg ulike ting (mytegjess frå fly; hekkande og dels mytande gjess frå båt), så resultata er egentleg overraskande like. Det samla talet for Moldvær og Ryggsteinen i Askvoll er nesten identiske i dei to tellingane, og truleg er det her grågåsa i fylket først samlast når myteperioden nærmar seg. Dårleg ver har dessverre hindra liknande flytelling dei siste åra.

Grågåsa kan vere verdfull for sjøfuglreservata etter kvart som færre sauvar blir sendt på beite. Sjølv om dei ikkje hindrar gjengroing på same måte, er gjæsene effektive når det gjeld å halde markskiktet i vegetasjonen nede. Det vil derfor vere verdifullt å finne årsaka til reduksjonen i talet på observerte grågås etter 2005.

Kartet til venstre viser maksimalt tal **hekkande par** i verneområda, mens kartet til høgre viser maksimalt **individtal** som er registrert. Lokalitetar med store tal grågås fungerer som rasteplassar og myteområde, og ligg på ytre kyst.



Ærfugl (*Somateria molissima*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 700 par Fylket fleire tusen par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat 80 par

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat 80 par Fylket ca. 200 par

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2013: ↘

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -87%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: 80 par

Kjente hekkeområde: 26

Individtal 1995: 2832 ind. i 50 reservat (korrigert 1474 ind.)

Individtal 2005: 2776 ind. i 38 reservat (korrigert 2502 ind.)

Individtal 2013: 664 ind. i 54 reservat (korrigert 248 ind.)

Utvikling: 1995-2005: ↗ 2005-2007: ↘ 2007-2013: ↓

Endring i individtal 1995 – 2013: -83%



Godø (2000) meinte at hekkebestanden av ærfugl i Sogn og Fjordane ved årtusenskiftet var på eit toppnivå etter andre verdskrig, og at hekkebestanden kunne vere på 10 000 par. Da våre tellingar tok til berre fire år seinare, tyda tala derimot på at ærfuglen hadde blitt ein svært fåtallig hekkefugl i fylket. Seinare tellingar har ikkje gitt grunnlag for andre konklusjonar. Hekkebestanden av ærfugl må ha vore gjennom ein sterk tilbakegang i Sogn og Fjordane, og arten har truleg store problem med å få fram ungar.

Hekking

I 1995 blei det talt om lag 390 ungekull i dei 30 reservata som seinare er talte opp gjennom fleire år, men under våre tellingar har vi aldri registrert ein tidel av dette. Utviklinga i observerte ungekull og reirfunn er vist i tabellen:

	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal kull/reir i 30 reservat	390	13	32	29	30	21	5	9	12

Det blei i 2013 ikkje registrert klekte ungar. Legg vi saman overslaga for hekkebestand i **alle** verneområda som blei talt i 2013, kjem vi til om lag 80 reir. Dette er nokolunde på nivå med dei siste fire åra (mellom 70 og 90 reir). Overslaga er høgst usikre, men sjølv om vi tar alle moglege og umoglege atterhald er det neppe realistisk å presse hekkebestanden i sjøfuglreservata opp i meir enn nokre hundre reir. Dette er berre ein liten brøkdel av Godø sitt overslag på 10 000 par i 2000. Rett nok gjeld det heile fylket, men i Sogn og Fjordane er ein så stor del av dei beste hekkeområda verna, at det ikkje kan vere snakk om store hekkebestandar utanfor sjøfuglreservata. Larsen (2006) talte fuglar ved Vågsøy nokre dagar i juni kvart år i prioden 1999-2006, og seier at "det er overraskende sjelden å se ungekull av ærfugl på Vågsøy." I løpet av sju sesongar såg han dunungar berre *ein* gang, i Vedvika i 2001.

Hekkebestanden av ærfugl i Sogn og Fjordane er utvilsamt svært svak for tida, og må ha vore gjennom ein formidabel og svært rask tilbakegang etter århundreskiftet. Dersom Godø og våre tal er nokolunde korrekte, har hekkebestanden av ærfugl gått ned med rundt 95 % på eit drygt tiår, ei oppsiktsvekkande utvikling som berre delvis kan forklarast med høg predasjon på ungar etter næringskollapsen i 2003/04.

Myting



Talet på ærfuglar som flokkar seg i den ytre skjergarden utover sommaren for å ta til med fjørfelling (myting) er vist i tabellen under (berre i dei same 30 reservata som er brukt over, tilsvarar dei "korrigerte" tala øvst på sida). Her skil talet frå 1995 seg ikkje ut frå dei andre, og individtala synest slik sett ikkje å vere kopla til hekkebestanden i det heile. Truleg kjem det mange fuglar til fylket for å tilbringe myteperioden ved tareskogane her.

	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal individ i 30 reservat	1474	2505	1316	897	944	2085	1672	295	248

Nedgangen frå 2005 til 2007 kan ha hatt ein samanheng med oljeureininga frå *Server*-forliset i januar 2007. Nedgangen heldt fram også i åra som følgde, men tala auka merkbar igjen i 2010. Den heilt store kollapsen kom først i 2012. Endringane kan skuldast at dei store flokkane med ærfugl flyttar seg mye frå stad til stad, og det kan

slå sterkt ut på resultatene dersom mye fugl ligg i område som ikkje er blant dei trettittals vi har som basis for samanlikninga – eller om dei ligg utanfor dei verna områda, noko som ser meir sannsynleg ut. Samtidig er det merkeleg at tala frå 2012 og 2013 er så vesentleg mindre enn tidlegare, når dei same områda er talt opp til om lag same tid. Vi har heller ikkje sett nemneverdige ærfuglflokkar utanfor verneområda mens vi har flytta oss mellom telleområda. Samanliknar vi dei 47 sjøfuglreservata som er talt opp alle dei fire siste åra, var talet **2615** i 2010, **1946** i 2011, **472** i 2012 og **474** i 2013. Og tar vi med absolutt alle dei 54 områda som blei talt opp i 2013, kjem vi likevel ikkje lenger enn til 664 ærfuglar. Det er med andre ord ingen tvil om at nedgangen er høgst reell.

Kartet til venstre viser tal **hekkande par** i verneområda, mens kartet til høgre viser samla tal **individ** som er registrert, også utanfor verneområda, i myteområde utan hekking. Lokalitetar med store tal ærfugl fungerer som rasteplassar og myteområde, og ligg ved den ytre kysten.



Tjeld (*Haematopus ostralegus*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 170 par Fylket fleire tusen par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **130 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **150 par** Fylket **2000 par**


Utvikling: 1995 – 2005: ↘ 2005 -2007: → 2007-2013: →

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: - 12%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **150 par**

Kjente hekkeområde: **40**



Det er 6650 øyar og holmar i Sogn og Fjordane dersom ein berre reknar med dei som er store nok til å bli teikna ut på kart i 1:50 000. Med eitt


par tjeld på alle øyar uavhengig av storleik, bør dette åleine gi rundt 6500 hekkande par i Sogn og Fjordane. Mange av holmane er likevel for små for hekking, og det er i tillegg mye bratt og ueigna strandsone på dei større øyane. Våre eigne tal frå verneområda tilseier også at den samla hekkebestanden er ein del mindre.

Tjeld blir likevel observert jamt spreidd på dei fleste eigna holmar og skjer. På kartet til høgre er det berre vist i kva verneområde tjelden er registrert i hekketida, og ikkje kvar enkelt holme med hekkeindikasjon. Det ville blitt svært mange prikkar, og i motsetnad til dei andre artane som er omtalt i rapporten hekkar tjelden også vanleg utanfor sjøfuglreservata.

Men utbreidd som arten er, har den tilsynelatande likevel vore inne i ein langsam nedgang dei siste åra. Det er rett nok ikkje heilt enkelt å vurdere kor mange tjeldepar som hekkar i eit område basert på tal individ som blir observert. Tabellen nedst på sida viser derfor utviklinga når det gjeld observerte *individ* av tjeld i 30 reservat som er talt opp i alle dei inkluderte åra. Det bør i alle fall gi ein peikepinn om utviklinga.

Interessant nok er utviklinga identisk med individtala av den andre musling- og smådyrspisaren i selskapet, ærfuglen: Minkande tal frå 1995, brå auke i 2010, og deretter minkande tal igjen.

Det er ikkje usannsynleg at tjelden kan ha blitt oversett i nokre av dei mest fuglerike områda, da fokus nok blir flytta mot dei "ekte" sjøfuglane når tellesituasjonen blir som mest hektisk. Men auka merksemd på akkurat dette problemet dei siste par åra har ikkje endra på situasjonen, noko som tilseier at "underfokusering" ikkje er den einaste forklaringa på endringane som er registrert.



	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal individ i 30 reservat	208	169	144	129	118	170	133	127	118

Tjuvjo (*Stercorarius parasiticus*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 4 par Fylket 5-10 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **2 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **2 par** Fylket **2-4 par**


Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↓ 2007-2013: ↑

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -50%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **2 par**

Kjente hekkeområde: **2**




Hekkebestanden av tjuvjo i Sogn og Fjordane har i fleire år vore liten, som elles på Vestlandet, og arten er i ferd med å forsvinne som hekkefugl i fylket.

Med sitt spesielle levesett har arten aldri vore talrik, men i 1982 blei det observert 67 individ under sjøfugltellingane, i 1983 også 67, og i 1984 59 individ. I 1995 blei det så observert berre 4 par, og i 2000 2 par.

Frå og med 2004 er alle tjuvjoar noterte ned uavhengig av om dei er observerte ved hekkeplass eller ikkje. Både i 2004 og 2005 blei det sett 4 individ i løpet av fem observasjonsdagar, i 2006 blei det sett 2 individ på fire dagar, mens det i 2007 ikkje blei observert tjuvjo i det heile på seks dagar. Situasjonen i 2008 var tilsynelatande betre, med tre observasjonar av til saman 7 individ på fem dagar, og eitt mogleg hekkeforsøk. I 2009 gjorde vi tre observasjonar av til saman 4 individ på fem dagar, og i 2010 tre par på like mange dagar. I 2011 såg vi berre tre individ på snaue seks dagar, men med ei sannsynleg hekking. I 2012 såg vi eitt par. I 2013 blei tjuvjo registrert i to forskjellige område, med eitt individ på kvar stad. **Tal individ i heile fylket er vist i tabellen nedst på sida.**

Som det går fram av kartet har arten i den siste femårsperioden berre blitt registrert innanfor eit avgrensa område i Askvoll kommune, mens den tidlegare var utbreidd frå Vågsøy i nord (Sildekruna) til Gulen i sør (Kvernøyna). Tjuvjoen hekkar ikkje i område som har mange hekkande par av dei artane den stel mat frå, men streifar truleg ein del rundt. Fordi alle prikkane på kartet gjeld 1-2 par, er dei teikna inn litt større enn på dei andre artskarta.

Tala er under alle omstende så små at arten i praksis må reknast som utdøydd som hekkefugl i Sogn og Fjordane – i alle fall til det motsette blir endeleg bevist.



	1982	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal individ	67	67	59	8	4	4	4	2	0	7	4	6	3	2	2

Svartbak (*Larus marinus*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 1520 par Fylket 4-5000 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **300 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **775 par** Fylket **1200 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2013: →

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -49%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **775 par**

Kjente hekkeområde: **48**




Sjølvs om hekkebestanden av svartbak har minka sterkt dei siste 20 åra, er arten framleis ein vanleg sjøfugl i Sogn og Fjordane, og hekkar jamt spreidd langs heile

kysten. Registreringane viser at det har vore fugl på dei fleste hekkeplassane også i åra med minst næringstilgang, men i kva grad fuglane faktisk har hekka og fått fram ungar er ein annan sak.

Godø (1995) oppgjer at det blei registrert 1700 par i 1995, hovudsakeleg i sjøfuglreservata, og at bestanden i heile Sogn og Fjordane truleg var på 4-5000 par. Gjer vi eit utval i form av dei 30 reservata som er talde gjennom fleire år, var det **967** hekkande par i 1995. I 2005, året etter samanbrotet i fiskebestandane i Nordsjøen, var talet redusert til **208** par. Svartbaken og dei andre stormåsaner er blant dei sjøfuglane som merka samanbrotet i 2004 aller mest. Men hekkebestanden var allereie i 2005 merkbart større enn året før, og auken heldt fram i 2006 i dei reservata som blei undersøkte da. I 2007 kunne vi slå fast at hekkebestanden hadde auka vidare, og i dei 30 omtalte reservata var talet **442** par. På dei to åra frå 2005 skjedde det altså ei dobling av hekkebestanden i Sogn og Fjordane, og den nærma seg halvparten av bestanden frå 1995. Men på same måte som gråmåsen reagerte svartbaken nærast momentant negativt da industrifisket i Nordsjøen blei opna igjen. Etter den lovande 2007-sesongen hekka det i 2008 berre **154** par i dei utvalde sjøfuglreservata, ein tilbakegang på heile 65%. Men etter dette har hekkebestanden auka, og er no nesten på høgde med nivået i 2007. Sjå tabellen under.

Kartet viser kvar enkelt hekkeplass (holme) i verneområda. Svartbaken har berre gitt opp ein hekkeplass i den siste femårsperioden; eit lite eigna område i fuglefjellet Stallbrekka.

Svartbaken har klart næringssvikten betre enn gråmåsen, og mens det i 1995 var fire gonger fleire gråmåsar enn svartbak i Sogn og Fjordane, er det no nesten like mange hekkande par av dei to artane i fylket.



	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Hekkepar i 30 reservat	967	208	442	154	196	293	351	405	413

Gråmåse (*Larus argentatus*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 5990 par Fylket minst 6500 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **320 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **980 par** Fylket **1200 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2013: ↘

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -84%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **980 par**

Kjente hekkeområde: **39**




Godø (2000) vurderte bestanden av gråmåse i Sogn og Fjordane som stabil, kanskje med ein positiv trend i høve til ein nedgang i slutten av 1980-åra.

Dette har nok vore rett, men i åra like etter 2000 endra tilhøva seg. Best ser vi dette ved Hovdefjell, der Vidar Seim dreiv ringmerking i fleire år. Frå 1997 til 2000 merkte han årleg rundt 100 ungar, men talet fall brått til 6 i 2001, og 2 i 2003. I 2004 fann Seim ingen ungar i kolonien, som berre fire år tidlegare blei vurdert til å ha om lag 1500 hekkande par.

Tellingane våre langs kysten stadfesta at arten knapt kan ha hekka i Sogn og Fjordane i 2004, og det blei meldt om tilsvarende situasjon i Møre og Romsdal og Hordaland. I 2005 såg tilhøva betre ut, sjølv om hekkebestanden i 30 undersøkte reservat som i 1995 hadde 4380 par, berre var på 286 hekkande par. Tendensen til ei positiv utvikling var endå tydelegare i 2006, og i 2007 hadde hekkebestanden i dei same reservata auka til 812 par. Situasjonen teikna bra, etter at to år med stopp i industrifisket i Nordsjøen truleg medverka til å få økosystemet på fote. Men så blei det opna for fiske igjen, og hekkebestanden av gråmåse braut saman på ny. Hekkebestanden var meir enn halvert i 2008, med vidare reduksjon i 2009. Året etter begynte ein forsiktig auke, men ulikt svartbaken som i 2013 nesten er tilbake på høgde med bestanden i 2007, har gråmåsen berre kome halvvegs. Sjå tabellen under.


Hekkebestanden av gråmåse er så langt berre vel ein tidel av nivået i 1995. Ei vidare samanlikning med svartbaken viser at den arten er nær halvparten av bestandstalet frå 1995, og er i ferd med å bli like talrik som gråmåsen.

På kartet er dei fleste holmar og øyer med hekkande gråmåse i sjøfuglreservata merka av. I motsetnad til svartbak hekkar gråmåsen som regel i koloniar, og er derfor ikkje så spreidd utover som svartbaken. Fordi så godt som alle dei større hekkeplassane for gråmåse dessutan er å finne i verna område, gir kartet eit bra bilete av arten si hekkeutbreiing i Sogn og Fjordane. Men det finst nokre spreidde par her og der (kanskje særleg i Bulandet ytst i Askvoll, og i Solund).




	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Hekkebestand i 30 reservat	4380	286	812	337	242	397	389	458	457

Utviklinga i hekkebestanden av gråmåse går også fram av figuren under, som viser talet på hekkande par i **13 reservat** som alle er blitt talde opp heilt tilbake til 1983 (merka med blå skrift i tabellen på neste side). Dei høge bestandstala på 90-talet heldt seg fram til år 2000 (som ikkje er vist på figuren, da berre den nordlege delen av fylket blei talt det året).



Åra 2004 og 2005 hadde dårleg dekning heilt nord og heilt sør i fylket. I figuren under er desse to åra utelatt, og det blei da mogleg å inkludere tal frå **29 reservat**. Utviklinga frå år til år er likevel den same som over.



Eit særtrekk ved situasjonen dei siste to åra er at sjølv om tal hekkande par dei fleste stader har auka litt, har tal individ på hekkeplassane minka. Dette betyr at det er færre "arbeidsledige" gråmåsar i koloniane, men kvar overskotet har tatt vegen kan vi ikkje seie noko om.



Nyklekt gråmåseunge i eit kull på tre. Dei to andre så smått begynt å hakke hol i høgrekant av egg.

Gråmåsen er den arten som gjekk sterkast tilbake i Sogn og Fjordane da næringsmangelen i Nordsjøen slo til rundt 2003/04, og hekkebestanden no er berre litt over ein tidel av det den var i 1995, ved den siste fylkesdekkande tellinga før kollapsen. Tal hekkande par har rett nok vore langsam aukande dei siste fem åra, men i kva grad gråmåsen lukkast med å få ungar på vengene veit vi ikkje.

Tabellen under viser tal hekkande par i gråmåsekoloniane i fylket. Berre ein (tidlegare) større koloni manglar, Barekstadlandet i Flora, som ikkje er verna som naturreservat (området har ikkje blitt undersøkt sidan 1984, men bestanden no er neppe stor). Påbegynte reirgroper blir rekna som hekking, noko som særleg for 2004 gir ei overvurdering av den faktiske hekkebestanden ettersom det neppe kom egg i mange av reirgropene det året.

(hekkande par)	? usikkert tal			- arten ikkje observert				() ikkje talt							
Reservat	1978/79	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Flatholmen	31 ⁷⁹	20	45	75	100			40	70	80	30	55	55	55	40
Sildekruna	225 ⁷⁹	470	435	350	400			120	130	90	40	75	125	95	100
Lysholmen	8 ⁷⁹	20	15-20	150	30			15-20	10	3-4	5	20	15	15	14
Stallbrekka	-	10	30	100			20		30	25	10	18	15	20	20
Klovningen	-	110	5	10			25-30		60	25	15	20	23	22	22
Veststeinen	16	90	80	5-600			25		60	15	15	20	25	20	15
Tennøyane	53 ⁷⁹	140	110	60	120			48	70	25	70	10	25	20	30
Vengane	-	6	11		20?	3-4	2-4	6	7	2	3	12	15	14	10
Frøyskjera	15**	85	80			2-5?	20		40	12		30	35	25	55
Hovdefjell	1050 ⁷⁹	900	600	1200	1500	25	20	170?	140	10	10	45	40	40	45
Indre-Ånnøy	110 ⁷⁹	110	30	60-70	20		1		1	-	1	-	-	-	-
Nekkøytåa	29 ⁷⁹	2-3	-	-	-		1		-	-	-	-	-	-	-
Ytterøyane	35**	- *	- *	215		0-3?	5-10		35	4-5	10	25	20	15	7
Kvalsteinane	-	80	41	350	350	2-5?	15-20		30	15	2	20	15	16	15
Gulholmen		15	30	50	100	-	8		20	10		12	20	10	15
Trefotskjæra	-	-		40	-	1-2?	1?		1	-	1	-	-	-	-
Smelvær	80/110	65	60	30	-	-	1-2		-	2		12	1	5	3
Moldvær	15	100+	52	250		5-10?	10-15		45	15	25	35	35	40	15
Rygsteinen	10	12	-			-	2-5		5	3	3	5	5	1	15
Håsteinen	86	35	25	-		-	2-5?	5-10	10	4	4	7	6	10	15
Svarteskjeret	13	15	20	4-5		1-2?		2?	-			-			
Kuøyna	40/45	60	65	15		-	-		-	-	-	1	2	2	-
Senholmen	20	-	3	45	80-100	20?	15-20		50	-	6	8	28	35	50
Skardholmen	110	180	120	200		5-10?	20		70	20	15	25	15	20	25
Raudøy		70	175	350	200	50-100	70-90		100	20	40	30	10	20	10
Krokholmen		14	45	-	30	-	1?		-	-	-	-	5	-	3
Prestøy		150	55	-	-	-	-		-	-	-	-	-	1	1
Kvitingane	-	-	-	-		2-5?	-		-	-	-	-	3	-	2
Myrbærskjera	30	35	125	220		2-5?	11		70	35	10	45	30	75	65
Sakrisøy	20	70	80	-			6		3	-	-	-	-	-	2
Gåsvær	136	160	225	500		5-15?	15-20	35	60	120	50	60	75	90	95
Mågøyane	50	25	55	-				1?	-	-		2			
Utvær	40	90	90	200-250*		10-20	5-10	30	30	25	20	25	25	10	12
Indrevær	70	120	30	- *		2-3?			30	15				25	1
Oddeholmane		30	20	230		2-3?		13	20	20	10	15	30	25	20
Torsholmane		22	40	-				29	40	40	30	60	55	60	70
Ramsbarden		60	40	320					12	1	-	-	-	2	-
Sogneoksen	-	5	25	160					50	20	35	45		20	25
Kvernøyna	45	55	30	-					1	-	-	-		-	-
Lihellene	60	80	75	200				30	80	80	50	90	100	100	130

* dårleg ver, grovt estimat

** gjeld berre delar av reservatet

Sildemåse (*Larus fuscus*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 620 par Fylket 800-1000 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **90 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **275 par** Fylket **300 par**


Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2013: ↘

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -56%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **275 par**

Kjente hekkeområde: **15**




På same måte som for gråmåsen, vurderte Godø (2000) bestanden av sildemåse i Sogn og Fjordane som stabil, og kanskje med ein positiv trend i høve til ein tidlegare nedgang på slutten av 1980-åra.

Eit anna likt trekk var den brå nedgangen etter 2000. Det blei berre observert spreidde individ av sildemåse under tellingane i 2004, med unntak av Raudøy med 70 individ og Gåsvær med 45 individ. I 2005 blei det talt om lag 200 individ på Raudøy og 10 i Gåsvær. I 2007 var tilsvarande tal 350 og 174 individ, og i tillegg hadde bestanden i Moldvær auka frå 8 til 98 individ (og 21 reirfunn), så situasjonen såg definitivt positiv ut. Men på same måte som for dei andre stormåsane kom nedgangen på ny i 2008.

Tal hekkande par i sjøfuglreservata er vist i tabellen nedst på sida. For at samanlikningsgrunnlaget skal vere det same frå år til år, er berre dei 30 reservata som har blitt talt kvart av åra tatt med. Utgangspunktet blir da **320** par i 1995, fordelt på tre lokalitetar. I 2005 var tal hekkande par nede i **82** par fordelt på sju lokalitetar (80% på Raudøy), men i 2007 auka bestanden til **242** par på sju lokalitetar. Så kom nedgangen i 2008, med berre **95** par på åtte lokalitetar. Etter denne botnregistreringa gjekk hekkebestanden av sildemåse inn i ein ny langsam auke, for i 2009 fann vi om lag **130** par i sju av dei same reservata, og i 2010 **162** par i seks reservat. I 2011 kom så eit tilbakeslag med kollaps i den viktige kolonien på Raudøy, og ein samla hekkebestand i dei utvalde reservata på **110** par, fordelt på 9 lokalitetar. I 2012 var talet **117** hekkande par i same tal lokalitetar. I 2013 auka sildemåsen i fleire av sjøfuglreservata, og hadde etablert ein ny koloni på Håsteinen, slik at tal hekkande par er **164** fordelt på 10 koloniar.

Utanom reservata som er med i dette samanlikningsgrunnlaget kan nemnast at ein koloni på 40 par etablerte seg i Indrevær i 2012 og var borte året etter. Dei største koloniane i 2013 var Lihellene (90 par, ikkje rekna med ovanfor), Gåsvær (60 par), og Moldvær og Raudøy (30 par).

I heile fylket under eitt fann vi 217 hekkande sildemåsepar i 11 av sjøfuglreservata i 2010, 142 par i 15 reservat i 2011, 246 par i 19 reservat i 2012, og 276 par i 15 reservat i 2013.



	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Hekkebestand i 30 reservat	320	82	242	95	130	162	110	117	164

Fiskemåse (*Larus canus*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 557 par Fylket 2000 par?

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **61 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **350 par** Fylket **700 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2013: ↗

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -37%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **350 par**

Kjente hekkeområde: **36**




Fiskemåsen gjekk tilbake før århundreskiftet, og dermed uavhengig av næringssvikten i 2004. Utviklinga liknar den vi har sett hos ternar og teist, og speglar nok at fiskemåsen

har eit anna næringsval enn dei større måseartane.

I dei 30 reservata vi har brukt som samanlikningsgrunnlag for utviklinga frå 1995 til 2013, hekka det **782 par** fiskemåse i 1984. I 1995 var talet nede på **162 par**, og ti år seinare hekka berre **50 par** i dei same reservata. I tråd med fiskemåsen sin avvikande utvikling i høve til dei andre måseartane, kom det ikkje til nokon markert topp i 2007. I staden ser det ut til at bestanden har toppa seg i 2010. Dette er nok berre tilsynelatande, for i motsetnad til hos dei andre sjøfuglartane får dei 30 utvalde reservata ikkje med seg fiskemåsen sine viktigaste hekkeplassar dei siste åra. Dersom vi berre samanliknar dei siste fire åra kan vi ta med data om fiskemåse frå alle dei undersøkte reservata i fylket, og finn 286 hekkande par i 2010, 264 i 2011, 291 i 2012 og 346 i 2013. At heile *fylkesbestanden* er sett såpass lågt som 700 par skuldast at fiskemåsen dei siste åra ser ut til å ha gått sterkt tilbake i fjordane og innlandet.

To lokalitetar husar over ein tredel av hekkebestanden i 2013: Eikefjordholmane med 55 par og Torsholmane inst i Sognesjøen med 70 par. Litt lenger ute, i den indre skjergarden i Askvoll, er hekkebestanden på Kvannholmen 30 par. Ytst på kysten finn vi ikkje "koloniar" på meir enn 5-10 par, med eit enkelt unntak på Håsteinen, der 12 par etablerte seg i 2013. Tilhøva ser med andre ord ut til å vere best i indre kyststrøk, der næringstilgangen truleg er betre enn lenger ute. Meir eller mindre nyetableringar på lokalitetar der det tidlegare berre hekka nokre få par, blei i 2013 registrert på Haukedalsholmane (12 par), Håsteinen (12 par), Ønaholmane (21 par), og Sakrisøy (13 par).

Det var svært positivt at arten i 2010 omsider kom på raudlista, slik at den kan forvaltast i tråd med bestands-situasjonen. Mellom anna har kommunane blitt flinkare til å prøve anna enn "skadefelling" når fiskemåsar etablerer seg på hustak i bebudde område.



	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Hekkebestand i 30 reservat	162	50	69	62	101	122	88	98	108

Krykkje (*Rissa tridactyla*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 2145 par Fylket 2155 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **165 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **175 par** Fylket **350 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↗ 2007-2013: →

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -92%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **175 par**

Kjente hekkeområde: **1**



Krykkja hekka i 2013 berre i eitt av sjøfuglreservata (Stallbrekka), men har ei meir samansett historie i Sogn og Fjordane enn dette kan gi inntrykk av. Heilt i sør hekka krykkja ved Utvær fram til og med 1978, da det blei talt 22 par. I løpet av 80-talet forsvann også relativt små koloniar frå Ytre Fure, Høgfjellet, Klovningen og

Veststeinen nord i fylket (dei tre siste blei seinare verna som sjøfuglreservat). I 1995 stod det igjen tre koloniar i fylket: 2100 par på Einevarden, 40-50 par i Stallbrekka og 11 par på ei sjøbu i Leikanger på Stadlandet.

Det var krykkja som utløyste alarmen om kollaps i sjøfuglbestandane i fylket, og ei telling i juli 2003 viste at kolonien på Einevarden hadde minka frå 2100 til 122 reir. Men samtidig hadde kolonien i Stallbrekka med 658 reir blitt meir enn ti gonger større enn ved siste telling tre år tidlegare. Det var likevel tvil om hekkesuksessen i Stallbrekka, ettersom det berre sat fuglar i 166 av reira ved tellinga i juli.

Frykta for kollaps i hekkebestanden viste seg å vere rett, for 2007 blei siste året med hekking i kolonien på Einevarden. Året etter dukka rett nok ein ny koloni opp på Buholmen ved Stadlandet, og krykkja hadde da i nokre år også etablert seg på bygningar i Måløy sentrum. Utviklinga i dei ulike koloniane det siste tiåret går fram av tabellen under. Dei to sjøfuglreservata er utheva med farge.

Etter at kolonien på Einevarden forsvann, er det to koloniar som for tida peiker seg ut; Stallbrekka og Buholmen. Sistnemnte nærma seg 500 par, men i 2013 var bestanden plutsleg redusert til mindre enn ein firedel. Det er tydeleg at også krykkja har problem med næringstilgangen, sjølv om den har ein diett som er ulik dei andre måsefuglane.



*Data for Leikanger er henta frå Artskart

	1995	2000	2003	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Buholmen							278		470	460		105
Leikanger	11						50*				40-50*	?
Einevarden	2100	2000	122	20		16	0	0	0	0	0	0
Stallbrekka	45	50	658	145		216	112	164	180	201	230	215
Måløy		7			71							50?

Raudnebbterne (*Sterna paradisaea*) og Makrellterne (*Sterna hirundo*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 690 par Fylket 1200 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **0 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **120 par** Fylket **150 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2013: ↘

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -83%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **120 par**

Kjente hekkeområde: **12**




Begge terneartane er behandla under eitt her, da dei kan vere vanskelege å skilje frå kvarandre, og kjeldematerialet til dels heller ikkje skil mellom artane. Raudnebbterna er likevel den klart vanlegaste arten i dei undersøkte sjøfuglreservata. Kartet viser at ingen av dei to terneartane har

hekka nord for Florø dei siste ti åra, med unntak for 3-4 par i Frøyskjera i 2007. Sør i fylket har også mange hekkeplassar stått ubrukte i meir enn ti år.

Ternene hadde etter alt å dømme gode tider fram til og med 1980-talet, men etter dette blei stadig fleire hekkeplassar ståande tome. Godø (1995) nemnte allereie etter tellingane i 1995 at *”det er ting som tyder på at spesielt bestanden av raudnebbterne kan vere kraftig redusert i høve til byrjinga av 1980-åra”*. Ein av dei beste hekkeplassane for raudnebbterne i landet i 1983 var Indrevær i Solund kommune, med 890 reir av arten, pluss 225 reir av makrellterne (Godø 1983). Indrevær blei berre overflatisk undersøkt i 1995 på grunn av dårleg ver, men ternar er ikkje nemnt blant dei registrerte artane. Området blei ikkje talt i 2000, og ved tellingane i 2004 og seinare år blei det heller ikkje sett ternar før dei dukka opp igjen i 2007. Ved den nest beste lokaliteten i fylket, Sakrisøy, hadde raudnebbternene forsvunne i 1995, og da neste telling blei gjort i 2005 var også makrellternene borte. I den siste tiårsperioden har ingen ternar hekka ved Sakrisøy.

Tellingane i 2000 var konsentrert om dei fem nordlegaste kommunane (Selje-Askvoll). Det blei ikkje funne hekkande raudnebbterne i det heile tatt det året, mens makrellterne blei funne hekkande på tre stader. Nokre år etter forsvann også makrellterna. I 2004 blei ternar funne berre i tre små koloniar (som truleg ikkje hekka, eller hadde gitt opp hekkforsøket da tellinga blei gjort), og i 2005 blei det heller ikkje påvist hekking i fylket.

Tabellen under viser utviklinga i dei 30 reservata vi har brukt for å samanlikne utvikling frå 1995 til 2013.



	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Hekkepar i 30 reservat	670	0	169	7	35	34	8	37	38


Meldingar om mogleg hekking i indre kyststrok og i fjordane gjorde at sjøfugltellingane året etter fekk fokus flytta innover, og tre små koloniar blei funne i 2006. I 2007 fann vi sju koloniar, fem av dei i midtre og ytre strok; og i 2008 fem "koloniar" (tre av dei med berre eitt par). I 2009 såg vi fleire store flokkar med ternar, men hekkande fuglar berre i fem av reservata. Dei siste åra har ternene hekka uregelmessig, med hyppige byte av hekkeplass. I 2010 blei ternar funne hekkande i sju sjøfuglreservat, og etter eit tilbakeslag i 2011 med hekking i berre fire av sjøfuglreservata, blei ternar funne hekkande i 11 av reservata i 2012 og i 12 av reservata i 2013.

Tabellen under viser tal hekkande par i ternekoloniane i fylket. Eventuell hekking inst i fjordane er ikkje registrert; der fanst det midt på 2000-talet nokre koloniar inntil næringstilhøva forverra seg der også, og både ternar og fiskemåse forsvann. For tida kjenner vi ikkje til at det hekkar ternar i dei inste fjordane.

(par)	? usikkert tal					- arten ikkje observert					() ikkje talt				
Reservat	1978/79	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Flatholmen		-	5	-	-			-	-	-	-	-	-	-	-
Sildekruna		-	90	-	-			-	-	-	-	-	-	-	-
Tennøyane	18	25	20	-	25			-	-	-	-	-	-	-	-
Vengane	-	-	25		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Rognane	-/20	32	40	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Frøyskjera	.*	118	60			-	-		3-4	-		-	-	-	-
Nekkøytåa	-	-	-	-	-		-		-	1	-	-	1	5	-
Eikefjholmane	15	38	15	50	35			16			-	10	-	5	3
Ytterøyane	10-15		- **	75		-	-		-	-	-	-	-	-	-
Kvalsteinane	25	~50	235	40-50	-	-	-		-	-	-	-	-	-	-
Timberøyhlne	9		40	30	-			1			-	20	12	-	5
Karsskjeret		51	80	-	-			16	15	41	-	-	-	1	20
Gulholmen	-	-	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-	-
Trefotskjæra		20		-	-	-	-		-	-	-	-	-	-	-
Smelvær	105	-	195	-	-	~10	-		-	-		-	-	2	15
Moldvær	80	~45	22	-		-	-		100	-	1	-	-	15	20
Ryggsteinen	-	85	20			-	-		-	-	-	3	-	10	8
Håsteinen	60	21	170	120		-	-	-	-	5	-	?	-	-	5
Raudøy			-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-	2
Krokholmen	-	35	40	-	-	-	-		-	-	1	1	-	-	-
Flatøy	-	~30	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-	-
Kvannholmen		-	5-6	10	-		-		2-3	-	3	3	8	3	3
Kvitingane	-	-	20	-		-	-		10	-	-	-	-	2	-
Myrbærskjera	-	~60	150	-		-	?		5	1	-	-	-	-	-
Sakrisøy	30	345	-	75			-		-	-	-	-	-	-	-
Ønaholmane		120	200					-	-	-	-		-	-	-
Gåsvær	50	35	35	225		10-15	-	-	-	-	30	30	-	12	8
Mågåøyane	-	80	20	-					-	-	-	-			
Utvær	50	21	30	60		10-15	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Indrevær	160*	1100+	550	- **		-			40	-	-			8	30
Oddeholmane		90	10	-		-		-	-	-	-	-	-	-	-
Sogneoksen	-	60	60-70	-					-	-	-	-			-
Kvernøyna	-	280	130	-					-	-	-	-			
Lihellene	-	-	15	20				-	-	-	2	-	-	-	-
Torsholmane		100+	220	-				2	-	1	-	4	30	20	-
Guleskjeret			28	-								-			1

*gjeld berre delar av reservatet ** dårleg ver

Utviklinga viser at hekkebestandane er på veg tilbake til kysten av Sogn og Fjordane, men i svært små og ustabile steg. Figuren under viser at talet på hekkande par for tida berre utgjer ein svært liten del av nivået på 80-talet. Sjøfugltellingane skjer i tidlegaste laget for å få gode tal på hekkande terner, men i det minste har telledatoane vore nokolunde dei same gjennom alle år.



Utvikling i talet på hekkande par av terner i 14 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane. Berre år der alle dei same hekkeplassane er talte opp, er med her (blå skrift i tabellen på førre side). Talet for 2005 er derfor null, sju for 2008, og eitt i 2011.

I **heile fylket** har terner no blitt påvist hekkande i Sogn og Fjordane åtte år på rad, og i 2013 skjedde dette i 12 av sjøfuglreservata. Sjølv om dette er det høgaste talet på hekkeplassar som er registrert sidan 80-talet, er talet på hekkande fuglar framleis lite - og det er framleis langt fram før vi kan "friskmelde" dei to terneartane. Likevel har det skjedd ein auke frå 51 til 83 til 120 par i heile den undersøkte delen av fylket frå 2011 til 2013, og for første gang etter århundreskiftet var det tre koloniar med 20 par eller meir (Karsskjeret, Moldvær og Indrevær).



Raudnebbterne ved Gåsvær

Alke (*Alca torda*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 205 par Fylket 205 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **220 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **15 par** Fylket **15 par**

Utvikling: 1995 – 2005: → 2005 -2007: → 2007-2013: ↓

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -93%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **15 par**

Kjente hekkeområde: **2**




Alke har det siste tiåret hekka ved tre lokalitetar nord i fylket. Arten forsvann rett nok frå Klovningen i åra like før 2005, og da den etter 2009 heller ikkje var å sjå ved Veststeinen, såg det lenge ut til at Einevarden var einaste hekkeplass. Men i 2013 var ein blanda flokk alke og lomvi på plass ved

Veststeinen igjen, og hekka truleg.

Einevarden har vore den største hekkeplassen, men området er vanskeleg tilgjengeleg og det er berre mogleg å vurdere hekkebestanden omtrentleg. Tidlegare tellingar oppgjer om lag 70 **par** (Godø 1983), 50 par (Godø 1984) og 100 par (Godø 1995). I 2005 blei det talt om lag 350 **indiv**, i 2007 vel 300, i 2008 250, i 2009 200, i 2010 130, i 2011 74, og i 2012 om lag 60. Individalet ved Einevarden har med andre ord vore synkende i heile telleperioden, men det kom likevel overraskande da det i 2013 berre blei registrert 5 individ.

Ved Veststeinen har dårleg ver ofte hindra godt innsyn til alkene sitt tradisjonelle hekkeområde, slik at bestandsvurderingane er usikre. Godø talte om lag 85 par i 1995, mens våre tellingar som tok til ti år seinare endte på 22 individ, med 65 i 2007, 10 i 2008 og 22 i 2009 før alken forsvann. 5 individ blei rett nok sett i 2011, men blei vurdert som ikkje hekkande. Da alken kom tilbake i 2013, var det med 14 individ.

Om vi reknar individa om til par for å samanlikne med Godø sine tal, blir resultatet som i tabellen under. Tilhøvet mellom individ og par heng ikkje heilt saman, det skuldast at vi dei første åra berre multipliserte individalet med 0,6 for å kome fram til tal par, mens vi dei siste åra har talt alkefuglar frå foto og ut frå dette rekna kor stor del kvar art utgjør av det estimerte totaltalet (sjå metodekapittelet framme i rapporten).



	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal individ	?	375	365	260	225	130	80	60	19
Hekkande par	205	225	220	155	170	105	150	110	14

Lomvi (*Uria aalge*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 280 par Fylket 280 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **158 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **55 par** Fylket **55 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↘ 2005 -2007: → 2007-2013: ↓

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -80%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **55 par**

Kjente hekkeområde: **2**




Lomvien har stort sett hekka ved dei same lokalitetane som alka. Den forsvann også frå Klovningen truleg ikkje så lenge etter 1995, og som alka

tilsynelatande også frå Veststeinen etter 2009.

Einevarden har vore den største kolonien, men området er vanskeleg tilgjengeleg og det er berre mogleg å vurdere hekkebestanden omtrentleg. Tidlegare tellingar oppgjer om lag 150 **par** (Godø 1983), 110 par (Godø 1984) og 100 par (Godø 1995). I 2005 blei det talt om lag 250 **individ**, i 2007 vel 200, i 2008 150, i 2009 230, i 2010 120, i 2011 45, og i 2012 25. I 2013 blei det berre sett 6 individ.

Til gjengjeld dukka det opp 55 lomviar ved Veststeinen i 2013. Dårleg ver har ofte hindra innsyn til det tradisjonelle hekkeområdet der, men området blei undersøkt i 2011 utan at lomvi blei observert, og vi rekna med at arten var på veg ut. Etableringa på Buholmen i Selje med 50 individ observert og anslagsvis 30 hekkande par same år tyda på forflytting dit. I 2013 talte vi så 55 lomviar ved veststeinen, mens Buholmen truleg var utan hekkande lomvi.

Om vi reknar individa om til par for å samanlikne med Godø sine tal, blir resultatet som i tabellen under. Tilhøvet mellom individ og par heng ikkje heilt saman, det skuldast at vi dei første åra berre multipliserte individtalet med 0,6 for å kome fram til tal par, mens vi dei siste åra har talt alkefuglar frå foto og ut frå dette rekna kor stor del kvar art utgjer av det estimerte totaltalet (sjå metodekapittelet framme i rapporten).



	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal individ	?	261	305	170	265	120	46	25	61
Hekkande par	280	158	180	100	200	95	85	55	55

Lunde (*Fratercula arctica*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 13000 par Fylket 13000 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **4600 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **4400 par** Fylket **4400 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2013: ↓

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: -66%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **4400 par**

Kjente hekkeområde: **2**




I 2006 var første gang det blei gjennomført sjøfugltellingar i Utvær utan at det blei sett lunde, etter at tala stadig meir hadde nærma seg nullen. På

det meste hadde Utvær ein hekkebestand på 4-500 par, ifølgje Willgoys (1952). På Ryggsteinen i Askvoll har lunden nok også forsvunne; Vidar Seim fann 4 reir i 2006, og vurderte at hekkebestanden hadde ligge jamt på 4-5 par i mange år. Men det har ikkje blitt sett lunde ved Ryggsteinen etter 2010, da to individ blei registrert. Dei to attverande koloniane er også dei som heile tida har vore dei største, Veststeinen og Einevarden.

Hekkebestanden av lunde i Sogn og Fjordane har gått tilbake sidan tellingane midt på 90-talet. Godø (1995) oppgir at fylkesbestanden i 1994 var om lag 12 000 par, som er vesentleg over bestanden i dag. Men samtidig ser det ut til at bestanden har halde seg relativt jamn dei siste ti åra, som det går fram av tabellen under. Kolonien i Einevarden er rett nok utilgjengeleg og tala derifrå høgst usikre, noko som er årsaka til variasjonen i dei oppgitte tala. Utviklinga på Veststeinen kan derimot følgjast frå år til år med rimeleg sikkerheit etter at tellefelt blei lagt ut i 2008, og den har lagt stabilt på 2500-3000 par. Truleg er lundebestanden på Einevarden like stabil som den på Veststeinen. I 2012 kom vi ikkje på land på Veststeinen, og tok det berre for god fisk at lundebestanden på Veststeinen var som året før – fordi Einevarden såg ut til å vere minst på same nivå. Tellinga i 2013 stadfesta stabiliteten ved Veststeinen.

Tabellen under viser utviklinga i fylket. Tal frå Einevarden skriv seg frå telling av individ på sjøen og i lufta ved kolonien (dels frå foto), mens tal frå Veststeinen skriv seg frå telling av brukte reirgangar i 6 tellefelt kvar på 30 m².



	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal individ	?	6550	8300	5100	5200	2300	4750	3000	3300
Hekkande par	12000	4600	6500	6800	6300	4400	4000	4900	4400

Teist (*Cephus grylle*)

Hekkebestand 1995: Sjøfuglreservat 45 par Fylket 100 par

Hekkebestand 2005: Sjøfuglreservat **80 par**

Hekkebestand 2013: Sjøfuglreservat **70 par** Fylket **100 par**

Utvikling: 1995 – 2005: ↗ 2005 -2007: ↘ 2007-2013: →

Endring i hekkebestand 1995 – 2013: + 56%

Sjøfuglreservat 2013:

Hekkebestand: **70 par**

Kjente hekkeområde: **16**




Teisten hekkar spreidd og er vanskeleg å telle, og gode estimat av hekkebestanden er svært krevjande å få til. Dette føreset målretta innsats på forsommaren. Slik sett er ikkje dei

tellingane som ligg føre her, eigna til å trekkje bastante konklusjonar om kor mange teist som hekkar i Sogn og Fjordane.

Tellingane som no etter kvart er gjort over fleire år er likevel samanliknbare reint metodisk, og vi kan trygt konkludere med at bestanden av teist i fylket er langt mindre no enn den var på 1970- og 80-talet. Tellingane tyder også på at nedgangen har gått føre seg over lang tid, og at teisten no finst konsentrert om eit fåtal av dei beste områda i fylket, og spreidd med få par i fleire andre område.

Men sjølv om bestanden no er mye mindre enn på 70- og 80-talet, er det likevel positivt at den ikkje ser ut til å ha blitt vidare redusert etter 1995 (sjå tabellen under). Det er ein del variasjon frå år til år, og mellom nord og sør i fylket. Dette mønsteret kan vere tilfeldige utslag av tellemetodikk, for endringane synest å skje i relativt brå sprang og er lite konsekvente. Men fordi telleserien no har gått over relativt lang tid, kan vi nok konkludere med at hekkebestanden av teist i Sogn og Fjordane er ganske stabil. Uansett er det verdt å peike på at i dei same 30 reservata som er brukt som grunnlag for tabellen under, blei det talt **218** teist i 1983, og **383** i 1984. Bestanden i 2013 er med andre ord mindre enn 25% av bestanden i 1984.

På 80-talet var ytre Askvoll (Moldvøær, Ryggsteinen og Håsteinen) einaste stad på Vestlandet der det var snakk om regulære koloniar av teist, som ein elles kan finne lenger nord i landet.



	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal individ i 30 reservat	59	109	70	94	94	58	72	75	93

(p = par, elles individ)	? usikkert tal				- arten ikkje observert				() ikkje talt						
Reservat	1978	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Høgjellet		-	-	2-3p	-			-		11					
Sildekruna	-	2p	-	-	-			-	-	-	1	-	2	2	-
Lysholmen		2p	-	-	-			-	-	2	2	-	2	-	1
Flatholmen	-	-	-	-	-			-	-	-	1	-	-	-	-
Einevarden	-	-	8	-			-		4	10	-	-	2	2	-
Stallbrekka	-	-	-	2-4?			-		-	6	5	-	-	6	-
Klovningen	16	17	8	-			9		-	1	10	8	11	14	1
Veststeinen	-	14	-	-			2		9	6	9	-	5	1*	8
Vengane	-	-	4		-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	1
Frøyskjera	2	-	10			2	-		-	-		-	-	-	-
Rognane	6	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Hovdefjell	-	-	-	-	8	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Aralden						-	4		4	1		-	5	-	1
Ytterøyane	43		2*	-		1	5		4	-	10	7	10	1	11
Kvalsteinane	6	-	12	-	12	-	1		8	2	9	6	9	14	10
Smelvær	5	-	6	3	-	-	-		-	1		-	-	-	-
Trefotskjera				-	-		-		-	3	-	-	2	2	3
Moldvær	5+	20	65	25		30	30		14	28	20	20	15	12	22
Ryggsteinen	4	46	120			15	25		5	13	-	2	5	11	3
Håsteinen	13	11	85	10		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Svarteskjeret	1	-	8	-		-		-	-			-			
Senholmen		2	4	2-3	-*	8	11		11	9	3	2	4	-	7
Skardholmen		-	-	-		-	2-3		-	3	1	-	-	-	3
Raudøy		-	2	-	-	1	-		-	-	-	-	-	-	-
Krokholmen		-	2	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-	-
Sakrisøy	1	-	7	-		-	2		-	2	5	-	-	-	-
Ønaholmane		3	8					-	-	-	-		-	-	-
Gåsvær	30	46	115	~20		-	13	17	5	6	15	9	9	13	16
Mågøyane		-	-	-				-	1	-		-			
Utvær	30+	105	65	-*		4	8	5	15	18	7	16	5	8	11
Indrevær	-	10	36	-*		-			5	-	-	-		4	3
Vassøyane	1	-							-	-	-			-	-
Sogneoksen	3	-	-	3					-	-	-	-		-	-
Oddeholmane		2	-	-		-		-	-	-	-	-	-	-	-
Torsholmane		5	-	-				-	-	-	-	2	-	-	-
Lihellene	1	-	5	2				-	-	-	-	-	-	1	-

* dårleg ver


Tabellen over viser dei fleste registrerte hekkeplassar for teist i fylket, mens figuren på neste side viser hekkebestanden gjennom åtte sesongar i 16 reservat som alle er talt opp i desse åra (reservata er skrivne med blått i tabellen). Tabellen viser korleis bestanden av teist på enkeltlokalitetar i hekketida kan variere ein heil del frå år til år, og t.d. blei individtalet mange stader meir enn dobla eller halvert på eitt år mellom 1983 og 1984. Dette kan ha samband med at tellingane ikkje er gjennomført etter den beste prosedyren for denne arten

(morgontellingar i mai), men har måtte skje som del av ein samla og konsentrert innsats på ei tid da sjøfugl-tellingane gir brukbare data for flest mogleg artar.

Uavhengig av metodikk er det likevel klart at det skjedde ein markert nedgang i hekkebestanden i fleire lokalitetar mellom 1984 og 1995. Tala frå viktige lokalitetar indikerar ein nedgang i hekkebestanden av teist på 60-90% frå midten av 80-talet til midten på 90-talet. Dette er på om lag same tid som ternene gjekk sterkt tilbake. Både teist og terner fiskar på relativt grunt vatn, og kanskje har begge blitt ramma av ein reduksjon i bestandane av småfisk i fjøresonen (ei fiskegruppe som havforskarane har lite data om). Minken spelte nok også ei viktig rolle som predator på hekkande teist på 80-talet, men minken har dei siste tiåra gått kraftig tilbake i Sogn og Fjordane utan at dette har ført til bestandsauke hos teisten. Merk at figuren under viser eit lågare tal enn reelt for 1995, da dårleg ver hindra telling av teist i Utvær. Dersom bestanden der endra seg på same måte som i resten av fylket frå 1984 til 1995, var den truleg på rundt 20 par i 1995. Dette hadde ikkje gitt store utslag i figuren under.

Våre egne tellingar frå 2004 og framover viser meir stabile tal, men på eit lågare nivå enn tidlegare tellingar. Den forsiktige framgangen i 2008 skuldast i hovudsak at det blei registrert fleire teist enn vanleg nord i fylket, ein trend som heldt seg også i 2009. Men talet på teist gjekk ned sør i fylket, og i 2010 omfatta denne nedgangen heile fylket. Dei siste åra har vi funne teisten spreidd meir jamt utover enn før, og dei tidlegare kjerneområda for arten i Askvoll og Solund skil seg ikkje lenger så mye ut.

Frå 2012 til 2013 er det for **alle** undersøkte hekkeplassar i fylket nedgang ved ti og auke i tolv, og det samla talet på registrerte individ auka frå 93 til 102.



Utvikling i talet på teist (individ) i 16 sjøfugl-reservat i Sogn og Fjordane. Reservata er valde ut på grunnlag av at dei er kjende hekkeplassar for teist og har blitt talde opp alle dei gjeldande åra (blå skrift i tabellen ovanfor). 1978 er ikkje med, fordi det for to viktige lokalitetar (Moldvær og Utvær) er oppgitt "5+" og "30+" individ, som kan bety så mangt.



Ti år med sjøfugltellingar - kva seier tala oss?

2013 var den tiande sesongen på rad med tellingar av hekkande og ikkje-hekkande sjøfugl i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane, i regi av Fylkesmannen og Statens Naturoppsyn. Tellingane blei sett i gang som følgje av rapportar frå lokale fiskarar om lite krykkje i Einevarden sjøfuglreservat, og generelt lite hekkande fugl nord i fylket i 2003. Fylkesmannen fekk to ornitologar frå Sunnmøre, Oddvar Olsen og Jostein Fagerhol, til å sjekke tilstanden i Selje og Vågsøy same sommar. Dei kunne i stor grad kunne stadfeste meldingane, men resultatane var litt usikre ettersom dei ikkje hadde kome av garde før midt i juli. Da Fylkesmannen og SNO la ut på sin første tellerunde i 2004, var vi derfor ikkje førebudde på kor ille situasjonen eigentleg var. Det var midt i juni, men i dei 27 sjøfuglreservata som blei sjekka, fann vi berre ein handfull rugande fuglar og svært få utklekte ungar.

Ikkje berre nokre dårlege sesongar, men ein permanent dårleg tilstand gjennom ti år

Felles for mange av dei typiske sjøfuglane er at dei lev lenge, kjem i reproduktiv alder relativt seint, at dødelegheit blant vaksne fuglar er liten, og at dei får små kull. Slike artar er konkurransesterke og har stabile bestandar tett oppunder det maksimale av kva miljøet tillet. Om forplantinga mislukkast eit år eller to er det ingen katastrofe, for lang levetid vil gi foreldrefuglane mange sjansar til å prøve på ny. Dei investerar i få avkom ved kvart hekkeforsøk, men til gjengjeld blir ungane følgt godt opp og har normalt ein relativt høg overlevingssjansje.

Fordi hekkesesongen 2004 var så dårleg for så mange artar at noko liknande aldri tidlegare hadde vore registrert, blei undersøkingane følgt opp med tellingar kvart år i den neste tiårsperioden, og utvida til å omfatte så mange av sjøfuglreservata som vi kunne rekke over. Den kontinuerlege overvakinga gjer at vi no trygt kan konkludere med at sjøfuglane i Sogn og Fjordane ikkje har vore inne i ein periode med dårlege hekkesesongar no og da, men at dei siste ti åra har vore ein samanhengande periode med dårlege hekkesesongar. Tidsserien gjer også at vi kan vere sikre på at dei låge hekkebestandane som er registrert ikkje er tilfeldige utslag av tellemetodikk.

Nedgangen begynte i 2001, men enda tidlegare for "gruntvassfiskarane"

Under den avgrensa tellerunden i nord i juli 2003 blei det registrert ungar av grågås, ærfugl, alke, lomvi og teist, og det blei påvist reir av toppskarv og krykkje. Ærfugl blei sett ved alle områda unntatt fuglefjellet

Einevarden. Tilstanden verka dermed relativt normal for desse artane, med unntak for at krykkja hadde gått sterkt tilbake ved Einevarden sidan førre telling i 2000. Det mest alarmerande var at av dei andre måseartane blei det berre registrert vaksne, dels i store tal, men ingen ungar.

Gunnar Godø sine tellingar frå 2000 gir berre forsiktige varsel om det som skulle skje berre få år seinare. Rapporten (Godø 2000) seier at "bestandane av sildemåse og gråmåse er stabile, kanskje med ein viss positiv trend i høve til slutten av 1980-åra." Ærfugl, grågås og toppskarv blei vurdert til å vere i framgang. Det mest oppsiktsvekkande i 2000 var fråveret av raudnebbterne, og at makrellterna var fåtallig.

Ringmerkingsaktiviteten til Vidar Seim i sjøfuglreservatet Hovdefjell gir truleg fasiten for når samanbrotet faktisk skjedde, i alle fall for måsefuglane sin del. Godø oppgir at det i 2000 hekkte 1500 gråmåsepar i området. Vidar Seim hadde i kvart år frå 1997 til og med 2000 merka rundt 100 gråmåseungar i ein del av kolonien. I 2001 fann han så plutsleg berre 6 ungar. I 2003 fann han 2 ungar, og i 2004 ingen (berre 25 reirgroper, som ikkje såg ut til å ha vore i bruk). For gråmåsen sin del (og truleg også dei andre stormåsane) ser det dermed ut til at den store endringa kom i perioden frå ettersommaren 2000 til våren 2001. For krykkja sin del tyder tilbagemeldingane frå lokale fiskarar på at nedgangen kom nokolunde på same tid, eventuelt eit år eller to seinare.

Godø sine tidlegare tellingar (Godø 1982, 1983, 1984, 1995) viser at nokre artar på dette tidspunktet for lengst hadde blitt sterkt reduserte i tal. Teist og fiskemåse hadde gått sterkt tilbake frå midten av 80-talet til midten av 90-talet, og i 1995 var også raudnebbterna i tilbakegang. Den var heilt borte som hekkefugl i 2000, og da vi begynte våre tellingar i 2004 var heller ikkje makrellterne å sjå. Alle desse artane fiskar på grunt vatn.

Hekkebestandane har gått ned på grunn av næringsmangel

Langt dei fleste sjøfugltellingane i Sogn og Fjordane har vore meir eller mindre fylkesdekkande, både Godø sine fram til 2000, og våre etter århundreskiftet. Vi veit derfor at den omfattande tilbakegangen i hekkebestandar har skjedd over heile fylket, og at det ikkje har vore lokale variasjonar. Det er også klart at situasjonen har utvikla seg likt i heile fylket gjennom heile den siste tiårsperioden, med små endringar opp og ned som har skjedd på same tid i heile området.

Så omfattande endringar i hekkebestandar av fleire artar på same tid kan ikkje skuldast lokale faktorar som forstyrring, nedlegging av fiskeindustri, gjengroing av hekkeområde eller liknande. Det einaste som kan forklare nedgang over store område på same tid, er grunnleggande endringar i næringstilgangen. Dette blir for sjøfuglane sin del stadfesta av at hekkebestandane braut saman rundt heile Nordsjøen i 2003/04, som omtalt i innleiinga til denne rapporten (så seint som i resultatane frå den britiske sjøfugltellinga 1998-2002 (Mitchell m.fl. 2004) var ingen store endringar omtalt).

Sentrale komponentar i økosystemet Nordsjøen må ha brote saman. I 2003 og 2004 blei det peikt på at det uregulerte fisket av tobis i Nordsjøen hadde vore sterkt medverkande til samanbrotet i ein bestand som enkelte år hadde gitt ein fangst på over ein million tonn (Gjøsæter m.fl. 2010). Dette samanbrotet kom samtidig i tid med kollapsen i hekkebestandane av sjøfugl rundt heile Nordsjøen. Tobis (eigentleg eit fellesnamn på havsil og andre artar av sil) er i utgangspunktet mellom dei mest talrike og utbreidde fiskeslagane i Nordsjøen, og har spelt ei sentral rolle som bindeledd mellom planktonsamfunn og høgare trofiske nivå, heilt opp til sjøfuglane på toppen av næringskjeda. Det er bortimot utenkeleg at kollaps i bestanden av ei så økologisk viktig artsgruppe som tobis ikkje ville påverke sjøfuglbestandane dramatisk. Men overfiske er ikkje nødvendigvis den einaste forklaringa på tobisen sine problem. Ein temperaturauke i Nordsjøen på eit par grader kan få tobisen si hovudnæring, kaldtvassarten raudåte (*Calanus finmarchicus*) til å trekke nordover og ut av rekkevidde. Ifølgje data gjengitt i Skogen m.fl. (2010) var havtemperaturen ved Shetland i 2003 den varmaste som er målt nokon gang.

Kva skjedde i 2007?

Tellingane av hekkebestandar av sjøfugl i Sogn og Fjordane viser ein relativt markert topp i 2007. Svært mange av sjøfuglartane hekka dette året i tal som var bortimot halvparten av tala frå 1995, og langt høgare enn elles i den siste tiårsperioden. Næringstilgangen må ha betra seg markert i løpet av dei åra som hadde gått sidan samanbrotet. Viktig næring i hekketida for dei artane som auka mest er yngel og småfisk av sild og sei, og tobis. Yngel og småfisk av sild og sei kjem frå gytefelt i Nordsjøen med kyststraumen som går nordover langs Vestlandskysten, mens tobisen nok i hovudsak kjem frå lokale bestandar langs kysten. Det er ukjent i kva grad yngre årsklassar av sild, sei og tobis var spesielt tilgjengelege langs kysten i desse åra, men ein kan jo spekulere i om stoppen i tobisfisket i Nordsjøen i perioden 2005-2007 kan ha verka positivt inn på gytebestandane av sei og sild og/eller overlevinga av larvar og yngel av desse to artane. Resultatet ville i så fall ha vore betre næringstilgang ved hekkelassane på Vestlandskysten. Tilstanden til

Silda som kjem for seint, og kyst-tobisen som er borte

Tobis frå bankane i Nordsjøen er ikkje mat for norske sjøfuglar, med mogleg unntak for lundefuglane på Veststeinen og Einevarden som kanskje kan tenkast å ta turen heilt ut til næraste tobis-område på Vikingbanken. Ein art som derimot kan vere viktig kost for sjøfuglane på Vestlandet i hekketida, er sild. Lokale fiskarar melder at det om sommaren kan vere store mengder småsild i skjergarden langs kysten. Dette må dreie seg om ung nordsjøisild som kjem med kyststraumen, men ting kan tyde på at den dei siste åra har kome for seint. Ifølgje fiskarane i Solund har silda dei siste åra først dukka opp mellom holmane i juli, dvs ein månad for seint til å kunne kome til nytte som næring for årsproduksjonen av sjøfuglungar.

Fiskarar kan også fortelje at dei lokale førekomstane av tobis (truleg i hovudsak småsil) som ein tidlegare fann langs kysten, i stor grad er borte. Det ligg mellom anna ein sandbanke i sjøen ved Bremangerlandet der det tidlegare var vanleg med store mengder tobis, men desse har ein ikkje sett teikn til i seinare år. Meir konkrete data om førekomstane av sild og tobis langs kysten av Sogn og Fjordane finst dessverre ikkje.

kystbestandane av tobis har ikkje vore i havforskarane sitt fokus, og er ukjent.

Da det blei opna for tobisfiske i Nordsjøen etter den gode hekkesesongen i 2007, stupte sjøfuglbestandane igjen.

Kystbundne overflatebeitande artar har gått mest tilbake

Sjøfuglane er ikkje ei heilskapleg systematisk gruppe, og blir i ulike samanhengar gjerne delt inn etter kvar dei finn næringa si. Dei artane som gjekk sterkast tilbake like etter århundreskiftet, er *kystbundne overflatebeitande artar*, i praksis måsane. Desse hadde gode hekkebestandar i Sogn og Fjordane fram til og med 2000, og gjekk nesten i null i løpet av få år etterpå. Unntaket er fiskemåsen, som var begynt å gå tilbake allereie på 90-talet. Den er truleg meir knytt til grunt vatn og fjøresonen enn dei andre måsane, og utviklinga liknar slik sett meir på nokre av artane i gruppa *kystbundne dykkande fiskespisande artar*. I denne gruppa finn vi toppskarv, siland, ternar og teist. Silanda er ein relativt fåtallig hekkefugl som vi ikkje har gode data for, men hekkebestandane av alle dei andre gjekk vesentlig ned allereie på 90-talet eller enda tidlegare. For teisten sin del har tilbakegangen etter dei gode åra på 80-talet gjerne blitt tilskriven minken sine herjingar.

- **Pelagisk overflatebeitende artar:** havhest, krykkje
- **Pelagisk dykkande artar:** alke, lomvi, lunde
- **Kystbundne overflatebeitende artar:** fiskemåse, gråmåse, sildemåse, svartbak, hettemåse, tjuvjo
- **Kystbundne dykkande og fiskespisande artar:** toppskarv, siland, terner, teist
- **Kystbundne bentisk beitende artar:** ærfugl
- **Kystbundne planteetende artar:** grågås, kanadagås, gravand

Minken har nok vore viktig tidlegare, men er det neppe lenger. Den har vore på sterk retur i Sogn og Fjordane lenge, og i løpet av dei ti åra, 50 dagane, og grovt rekna 1000 observasjonstimane vi har brukt på sjøfugltellingar i fylket har vi berre sett ein mink – mot 36 oter og 866 selar.

For dei artane som finn næringa si ute på havet (pelagisk) har også dei *overflatebeitende artane* gått sterkast tilbake (havhest og krykkje). Dei pelagisk *dykkande artane* (alke, lomvi og lunde) er i Sogn og Fjordane heilt på sørgrensa av utbreiinga si, og har aldri vore spesielt talrike. Her må vi kanskje gjere eit unntak for lunden, som trass alt utgjer halvparten av alle sjøfuglane i fylket sjølv om dei to hekkeplassane ikkje er store i nasjonal samanheng. Hekkebestanden av lunde var tre gonger større i fylket i 1995 enn den er no, men har på den andre sida halde seg ganske stabil på 4-5000 par gjennom heile den siste tiårsperioden. Men vi kjenner berre hekkebestanden gjennom talet på reirhol som er i bruk frå år til år, og veit ingenting om i kva grad det blir produsert ungar i dei same reirhola. For alke og lomvi var ikkje hekkebestandane i 1995 vesentleg annleis enn dei har vore gjennom dei siste ti åra, med unntak for ein tilsynelatande nedgang dei aller siste fire åra.

Ærfuglen – eliminert av svoltne måsar

For alle dei gruppene som er nemnt ovanfor gjeld at tilbakegang kan knytast til sviktande næringstilgang. For ein art, den *kystbundne, bentisk beitende* ærfuglen, er nok situasjonen ein heilt annan. Det er ingenting som tilseier på at tilgangen til muslingar, krepsdyr og pigghudar har blitt vesentleg dårlegare etter århundreskiftet, og arten var tilsynelatande talrik under teljinga som blei gjort nord i fylket i 2003. Men i åra med lite mat å finne for stormåsane har nok ærfuglungane vore eit attraktivt næringsemne, og truleg har få eller ingen ungar overlevd somrane i perioden frå 2003/04 og fram til no. Sannsynlegvis har alt av ærfuglungar gått med enda tidlegare, ettersom Bjørn Harald Larsen i løpet av

årlege dagar med sjøfugltellingar i Vågsøy 1999-2006 berre såg ærfugl med ungar ein gang (Larsen 2006).


Ærfuglen kan bli rundt 20 år gammal, men dei fleste blir truleg ikkje meir enn 10-15 år (Lorentsen 2009). Dersom vi kan gå ut frå at svært få av ærfuglungane på kysten av Sogn og Fjordane har overlevd dei siste ti åra, betyr det at arten no er i ferd med å forgubbast og dø ut av alderdom.

Bestandstal for sjøfuglane i Nordsjøen: Overvurderte gjennom ti år


For di hekkefugltellingane i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane har skjedd årleg, og har inkludert eit stort tal område kvart år, veit vi at nedgangen i hekkebestandane har vore kontinuerleg og har omfatta heile kysten, og at det ikkje berre har vore temporære og lokale tilbakeslag. Meldingar frå dei andre fylka på Vestlandet tyder på at situasjonen naturleg nok er og har vore den same også der. Det er ingen grunn til å tru anna enn at situasjonen for sjøfuglane i Sogn og Fjordane i grove trekk er representativ for tilstanden langs heile Nordsjøkysten frå Stad til Lindesnes.

Dette betyr at dei nasjonale tala for storleiken av norske sjøfuglbestandar må justerast vesentleg ned for mange artar. På SEAPOPOP sine nettsider er det publisert eit oversyn over hekkebestandar av Sjøfugl i Noreg (Barrett 2012), der det m.a. går fram at fiskemåsen er vurdert til å ha ein hekkebestand på 30 000 par på den norske Nordsjøkysten. Med ein samla bestand i heile Sogn og Fjordane på ikkje stort meir enn 700 par, er overslaget på 30 000 par grovt overvurdert – og har vore det i mange år. Fiskemåsebestandane i dei andre Nordsjøfylka er neppe vesentleg mye større, så dei nasjonale tala for hekkebestanden langs Nordsjøen er minst ti gonger for høge.

40 000 hekkande ærfugl langs Nordsjøkysten høyrer også heilt usannsynleg ut, med tanke på ein hekkebestand i heile Sogn og Fjordane på nokre hundre par. Den arten er rett nok vanskeleg å få fullt oversyn over, men også for artar som er lette å få nøyaktige tal på er dei offisielle bestandstala langt over det reelle. 6000 hekkande par krykkje er minst ti gonger for mye, og overslaget på 14 000 par lunde er tre gonger for stort. For begge artar gjeld at det meste av Nordsjøbestanden hekkar i Sogn og Fjordane. Ein del av forklaringa på dei overvurderte bestandsestimata for Nordsjøen er at oversikta på SEAPOPOP sine nettsider er basert på data innsamla til og med 2005, men for Nordsjøen sin del er oppgitte data betydeleg eldre enn som så for mange av artane. Vurdert ut frå dei Nordsjøartane som har si hovedutbreiing i Sogn og Fjordane, må delar av datatilfanget skrive seg heilt tilbake til 1980-åra.




Utviklinga i hekkebestandar av **kystbundne overflatebeitande** artar. For å få detaljane betre fram for dei mindre talrike måseartane er gråmåsen ikkje tatt med her, men i prinsippet er utviklinga den same, med ein markert topp i 2007, tilbakegang i 2008, og deretter langsam auke.




Utviklinga i hekkebestandar av **kystbundne dykkande (fiskespisande)** artar. 2004 er utelaten fordi ein del toppskarv-område i nord ikkje blei talte det året.

Berre ternene i denne gruppa hadde den auken i 2007 som er typisk for dei fleste andre gruppene.



Krykkja representerer her dei **pelagisk overflate-beitande** artane (havhesten har hatt så liten hekkebestand at utviklinga ikkje ville synast her).

Også hos krykkja ser vi auken i 2007, nedgangen i 2008, og (langsam) auke etter dette.



Utviklinga i hekkebestandane av **pelagisk dykkande** artar. Lunden er utelaten for å få betre fram detaljane for lomvi og alke.

For desse to artane spelar tellemetodikken inn som ein usikker faktor, men hekkebestandane ser ut til å ha gått relativt jamt nedover.

Når offisielle bestandsoverslag i heile havområde for mange artar er opptil ti gonger over det reelle, gir dette feilaktige signal om tilstanden i økosystemet til viktige forvaltingsorgan som havforskinga og fiskeridirektoratet, og kan føre til at det blir vanskeleg å få


gjennomslag for nødvendige forvaltningstiltak. Stortingsmelding 37 (2012-13) *Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Nordsjøen og Skagerrak* er eit av fleire sentrale dokument som bruker dei sterkt feilaktige bestandsoverslaga.

Art	Bestandsstørrelse – antall par					
	Barents-havet	Norske-havet	Nord-sjøen	Skager-akk	Sum (avrundet)	
					antall par	%
Havhest	100	7 500	1 500	20	9 000	0,3
Havsule	1 750	2 750	0	0	4 500	0,2
Storskarv <i>P. c. carbo</i>	10 000	20 000	0	0	30 000	1
Storskarv <i>P. c. sinensis</i>	0	0	0	800	800	<0,1
Toppskarv	6 000	13 000	5 000	0	24 000	0,8
Ærfugl	35 000	100 000	40 000	15 000	190 000	6,5
Storjo	20	90	5	0	115	<0,1
Fiskemåse	10 000	75 000	30 000	20 000	135 000	4,6
Sildemåse <i>L. f. fuscus</i>	< 300	c. 1 000	0	0	1 300	<0,1
Sildemåse <i>L. f. intermedius</i>	0	c. 1 000	8 000	40 000	49 000	1,7
Gråmåse	100 000	100 000	13 000	20 000	233 000	8
Svartbak	15 000	30 000	6 000	2 500	53 000	1,8
Krykkje	250 000	80 000	6 000	0	336 000	11,6
Makrellterne	1 000	< 3 000	4 000	3 000	11 000	0,4
Rødnebbterne	10 000	20 000	5 000	< 100	35 000	1,2
Lomvi	< 10 000	< 5 000	150	0	15 000	0,5
Polarlomvi	< 1 500	< 10	0	0	1 500	0,1
Alke	< 15 000	< 10 000	300	0	25 300	0,9
Teist	20 000	15 000	350	30	35 000	1,2
Lunde	900 000	800 000	14 000	0	1 700 000	59
Sum	1 385 670	1 283 330	133 305	101 450	2.9 mill.	


Faksimile av tabell på SEAPOPs heimesider. Ei gjennomgang av data frå Sogn og Fjordane (denne rapporten), Hordaland (Miljøstatus i Hordaland 2013), Rogaland (Ankarstrand Larsen 2006) og Vest-Agder (Helberg 2013) tyder på at tal hekkande par i Nord-sjøregionen ikkje er på langt nær 133 305, men truleg ligg **nesten 100 000 par lågare**. Definisjonen av eit hekkande par er i denne samanhengen par eller individ som har laga reir eller lagt egg.



Talet på 14 000 hekkande par lunde på Nordsjøkysten skriv seg openbert frå 90-talet, da Godø (1995) anslo at bestanden i Sogn og Fjordane låg mellom 11 og 13 tusen par. For tida hekkar det knapt lunde sør for Sogn og Fjordane, og bestanden i fylket har neppe vore større enn 5-7000 par dei siste ti åra. Biletet er frå Veststeinen i Bremanger.





Utviklinga i den samla hekkebestanden av fiskespisande sjøfuglar i Sogn og Fjordane. Grågåås, tjeld og ærfugl er ikkje med, og lunden er også utelaten for at dei store lundetala ikkje skal skjule utviklinga for dei andre artane.



Utviklinga i hekkebestanden av lunde i Sogn og Fjordane. Dei to hekkeklassane nord i fylket blei ikkje talt opp i 2004, så det året er sløyfa. Det er elles ein del usikkerheit knytt til lundetala, fordi berre den eine kolonien (Veststeinen) kan tellast opp på standardisert vis.


Figurane under viser den prosentvise endringa i hekkebestand for dei enkelte sjøfuglartane i Sogn og Fjordane. Til venstre utviklinga gjennom heile perioden frå 1995 til no, ein periode der alle artar unntatt teist har gått tilbake; havhesten med 98%. Men om vi berre ser på utviklinga frå samanbrotet i åra etter århundreskiftet og fram til no, har åtte artar auka. Prosentvis auke kan bli stor når den er positiv (den er uendeleg for ternene, som hadde hekkebestand null i 2005), mens prosentvis nedgang ikkje kan bli meir enn 100 (da er arten borte). I den siste tiårsperioden har dei overflatebeitande måsane auka, mens tilbakegangen har halde fram for dei pelagiske og dykkande artane.



Dei to figurane øvst på førre side viser utviklinga i hekkebestandane av fiskespisande sjøfuglar i Sogn og Fjordane. Lunden er skilt ut for seg, ettersom den åleine utgjør halvparten av den samla hekkebestanden. Samanlikna med data frå den siste fylkesdekkande sjøfugltellinga før vår eigen telleperiode, som også er "fasit" for tilstanden på den tida sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane blei oppretta, er hekkebestanden i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane **reduisert frå om lag 25 000 par i 1995 til 7500 par i 2013**; ein tilbakegang på 70%. Dette talet reknar berre med artar som hentar næringa si frå dei opne vassmassane, dvs. fisk og pelagiske krepsdyr, slik at tjeld og ærfugl ikkje er rekna inn. Ser vi bort frå lundefuglen er samla hekkebestand i fylket redusert frå om lag 13 000 par i 1995 til 3100 i 2013; ein tilbakegang på meir enn 75%.

Figurane illustrerar også eit anna viktig poeng. Som tidlegare nemnt kom tilbakegangen brått; kanskje berre på ein hekkesesong eller to. Enda viktigare er det likevel at denne omveltinga har fått eit permanent preg. Hekkebestandane har halde seg temmeleg stabile i ettertid, og med unntak for ein kortvarig opptur i 2007 har det ikkje vore nemneverdige endringar anna enn ein svært langsam vekst for dei andre fiskespisarane enn alkefugl og toppskarv.

Næringssvikten som førte til nedgangen ser med andre ord ut til å ha blitt permanent, i den grad at den no har vart i over ti år. Ettersom sjøfuglar er langleva artar har vi ennå ikkje sett nokon stor tilbakegang i totalbestanden i perioden; truleg er det framleis nesten like mange individ som før der ute. Men rekrutteringa blir svak med så små hekkebestandar, og i løpet av dei næraste åra vil stadig fleire av dei no aldersstegne sjøfuglane våre falle frå. Teikn til dette ser vi kanskje allereie i dei små bestandane av alke og lomvi, og ikkje minst hos ærfuglen som vel knapt har fått ungar på vengene dei siste ti åra. Men også hos dei meir talrike artane har vi dei siste åra sett ei utvikling mot lågare individtal på hekkeplassane, sjølv om hekkebestanden er i langsam auke. Eit døme er svartbaken, her illustrert med samla tal individ (blå strek) og samla tal hekkande par (raud strek) i 22 sjøfuglreservat:



I 2005 var talet på individ ved hekkeplassane nesten ti gonger høgare enn tal hekkande par. Med unntak for 2007, da tal hekkande par auka brått og kortvarig, har tilhøvet mellom tal individ og tal hekkande par minka jamt og trutt heile vegen, frå 6,8:1 i 2008 til berre 2,5:1 i 2013. Denne utviklinga betyr at dei ikkje-hekkande overskotsfuglane er på veg ut, og at totalbestanden er i ferd med å tilpasse seg den nye, låge hekkebestanden. Kvar overskotet har tatt vegen, har vi ingen indikasjonar på. Har dei døydd av høg alder, eller har dei funne seg andre beitemarker utanfor fylket?

Det synest rimeleg klårt at næringsmangel er årsaka til denne nye og tilsynelatande permanent låge bestands-situasjonen, og den på si side skuldast nok vedvarande endringar i økosystemet i Nordsjøen. Det har rett nok blitt nemnt at nedlegging av fiskeindustri og mindre dumping frå fiskefartøy kan ha verka inn, men dette har ikkje skjedd på same tid og på langt nær like brått som nedgangen i hekkebestandane.

Det er liten grunn til å tvile på at årsaka til sjøfuglane sine problem ligg i Nordsjøen. Dersom dei skuldast forvaltinga av fiskeressursane, er det eit håp om at kysten ein gang kan få tilbake det yrande fuglelivet. Er det derimot klimaendringar som har ført til endringar i planktonsamfunna og dermed heile grunnlaget for økosystemet, må vi truleg berre venne oss til dei små hekkebestandane – og med tida også at nokre sjøfuglartar forsvinn frå Vestlandet for godt.



Litteratur

- Aarvak, T. & Anker-Nilssen, T. 2005. Dødsårsak og opprinnelse for alkefugler som strandet på Rogalandskysten i februar 2003. NINA Rapport 95.
- Ankarstrand Larsen, V. 2006. Hekkende sjøfugl i Rogaland 1978-2005/06 – en gjennomgang av sjøfuglreservatene. Ambio miljørådgivning 10023-1
- Bakken, V. & Mehlum, F. 1988: AKUP - Sluttrapport. Sjøfuglundørsøkelser nord for N 74° Bjørnøya. Norsk Polarinstitutt Rapportserie Nr 44.
- Barrett, R. 2012. <http://www.seapop.no/no/population-sizes/populations-nesting/results/>
- Brun, E. 1973. Nye hekkeforekomster av krykkje, *Rissa tridactyla*, på kyststrekninga Stad – Hitra. Sterna 12, 218-222.
- Cairns, D. 1979. Censusing hole-nesting auks by visual counts. Bird-Banding, vol 50, nr. 4.
- Gjøsæter, H., Haug, T., Hauge, M., Karlsen, Ø., Knutsen, J.A., Røttingen, I., Skilbrei, O. & Sunnset, B.H. 2010: Havforskningsrapporten 2010. Fisken og havet, særnummer 1-2010.
- Godø, G. 1978. Sjøfugl i Sogn og Fjordane. Rapport frå registreringar på kysten av Sogn og Fjordane 1978. Stensiltrykk.
- Godø, G. 1979. Sjøfugl i Sogn og Fjordane. Rapport fra registreringar i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommuner sommaren 1979. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Utbyggingsavdelinga.
- Godø, G. 1983. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 1984. Rapport frå sjøfuglregistreringane i Sogn og Fjordane sommaren 1984. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 1995. Registrering av sjøfugl i Sogn og Fjordane i 1994 og 1995. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 2000. Registrering av kyst- og sjøfuglbestandar og tilstandsvurdering av sjøfuglreservat i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommunar 01.-16.06.2000. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Helberg, M. 2013. Overvåking av hekkende sjøfugl i Vest-Agders sjøfuglreservater 2012. Rapport for Statens Naturoppsyn Kristiansand.
- Johansen, O. & Ervik, A. 1977. Rapport om sjøfuglundørsøkelser i Sogn og Fjordane 1.7.-17.7. 1977. Stensiltrykk.
- Larsen, T. 2005. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6-2005.
- Larsen, B.H. 2006. Sjøfuglregistreringar på Vågsøy i Sogn og Fjordane i perioden 1999-2006. Miljøfaglig Utredning Rapport 2006:74.
- Lorentsen, S-H. 1989. Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Takseringsmanual. Utgave 2, mai 1989

Miljøstatus i Hordaland, 2013. Sjøfugl. <http://fylker.miljostatus.no/Hordaland/Tema-A-A/Dyr-og-planter/Dyr/Sjofugl/>

Miljøvernedepartementet, 2012. Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Nordsjøen og Skagerrak. Stortingsmelding 37 (2012-13). <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/regpubl/stmeld/2012-2013/meld-st-37-20122013/3.html?id=724753>

Mitchell, P.I., Newton, S.F., Ratcliffe, N & Dunn, T.E. 2004. Seabird populations of Britain and Ireland. T&AD Poyser.

Skogen, M.D., Danielssen, D.S. og Hjøllø, S.S.. 2010. Sirkulasjon, vannmasser og klima i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet. Havforskningsrapporten.

The Guardian, 2004. North Sea birds dying as waters heat up.
<http://www.theguardian.com/society/2004/jun/20/environment.environment>